


# Med ordet som våpen

Husittane og ålmenta



Universitet i Bergen

Våren 2015

Martin Berland Øystese

## Innhold

<b>Med ordet som våpen</b> .....	I
<b>Forord</b> .....	IV
<b>Innleiing</b> .....	1
Historisk bakgrunn .....	1
Ålmenta i mellomalderen .....	2
Litteratur og kjelder .....	3
Habermas og ålmenta i mellomalderen .....	5
<b>Kapittel 1. Offentleg liv i Bøhmen før krosstoga</b> .....	10
Skriftleg og munnleg kommunikasjon .....	11
I. <i>De sex erroribus</i> .....	11
II. Talarstolar .....	15
III. Falsk informasjon og trugslar .....	18
IV. Aural og oral kommunikasjon .....	21
Songar og bilete som ein del av det offentlege .....	22
I. Songar .....	23
II. Bilete .....	27
Folkesamlingar, demonstrasjonar og opprør .....	32
Paveleg bulle og trugslar om forfølgjing. Den katolske stemma i Bøhmens ålmente. ....	35
Dei fire artiklane .....	37
Eit forandra Bøhmen .....	38
<b>Kapittel 2. Krosstoga og rekonstrueringa av ålmenta. 1420-1434</b> .....	40
Eit splitta Bøhmen. Innskrenking av den offentlege sfæren? .....	40
I. Praha .....	41
II. Tábor – der alle menn er like .....	44
III. Orebitane .....	47
IV. Katolikkar i eit husittisk land .....	48
V. Samhald og splid .....	52
Universitetet som samfunnsdebattant .....	55
Ålmenta i Bøhmen .....	58
I. Husittiske kvinner .....	58
II. Born .....	59
III. Jødar i Bøhmen .....	60
Den offentlege sfæren under krosstoga .....	61

<b>Kapittel 3. Former for offentlig debatt under krosstoga</b> .....	63
<b>Propaganda</b> .....	64
I. <b>Propaganda før krosstoga</b> .....	64
II. <b>Propaganda under krosstoga. Kyrkja og husittane</b> .....	65
III. <b>Tyskarar og husittar. Nasjonalkjensle som propaganda.</b> .....	72
<b>Offentleg debatt under krosstoga</b> .....	75
I. <b>Frå propaganda til offentlig debatt</b> .....	75
II. <b>Petr Chelčický</b> .....	77
<b>Husitrørsla og Europa</b> .....	84
<b>Avslutning. Frå Basel til Tábor</b> .....	89
<b>Konsilet i Basel og slaget ved Lipany</b> .....	89
<b>Piccolominis Bøhmen</b> .....	91
<b>Konklusjon</b> .....	94
<b>Abstract</b> .....	100
<b>Kjelder</b> .....	102
<b>Litteratur</b> .....	115

## Forord

Då eg for første gong, hausten 2013, fekk presentert husittane som eit mogleg tema for masterarbeidet mitt, var det eit emne som eg på det tidspunktet ikkje kjende så godt til. Når eg no, to år seinare, ser tilbake på det eg har lært, er eg forbausa over korleis eg har latt meg fascinera av denne rørsle. To år saman med Jan Hus, Jan Žižka, Prokop Holý og Petr Chelčický har, ved sidan av å tvinga meg til å bruke mykje tid på å finne ukjende bokstavar og teikn på tastaturet (eg har valt å bruke den tsjekkiske skrivemåten på namna deira), lært meg mykje om ei rørsle som noko ufortent har falle i skuggen av seinare store reformrørsler.

Ved enden av eit slikt prosjekt er det mange som skal ha takk. Først og fremst må eg takka rettleiaren min, Leidulf Melve, som sette meg på idéen om å skrive om husittane, og som gjennom desse to åra har gitt inspirasjon og verdifulle tilbakemeldingar.

Hjarteleg takk også til forloveden min, Tania Palm, som tolmodig har gjeve meg tid til å lese og skrive.

I innspurten har også foreldra mine vore til god hjelp med korrekturlesing og tilbakemeldingar.

Det er mange fleire som skulle hatt takk. Både vener, spesielt Torbjørn Ek som har latt meg overnatte gratis når eg har vitja Bergen, og medstudentar som har gitt feedback og vore til hjelp på mange måtar. Eg vonar eg, ved å fortelje dei om korleis husittane forandra verda, kan gje litt tilbake.



Bøhmen på 1400-talet.<sup>1</sup>

<sup>1</sup> Fudge (2002).

## Innleiing

### Historisk bakgrunn

Byrjinga av 1400-talet var ei uroleg tid i Europa. Usemje mellom kardinalane etter at pave Gregor XI døydde i 1378, førte til eit skisma i den katolske kyrkja, med to ulike pavar. Skismaet i pavekyrkja opna for kritikk. Blant dei viktigaste reformatoriske røystene i denne tida var engelskmannen John Wyclif (1328-1384), som mellom anna kjempa for at Bibelen skulle vera tilgjengeleg for alle på deira eige språk,<sup>2</sup> og kritiserte paven for å setja seg over Guds ord.<sup>3</sup> Også i Bøhmen (dagens Tsjekia) var det uro. Etter at den tysk-romerske keisaren Karl IV (1316-1378; keisar frå 1346) overlét eit svakt monarki til sonen Václav IV (1361-1419; konge i Bøhmen frå 1363 og keisar frå 1376), var landet prega av maktkampar mellom kongen, adelen og Václavs bror, Sigismund.<sup>4</sup>

I denne konteksten, og inspirert av Wyclif, stod Jan Hus fram<sup>5</sup> og kritiserte kyrkja for avlatshandelen<sup>6</sup> og prestane for å vere griske. Gjennom si rolle som rektor ved universitetet i Praha, og som forkynnar i kapellet Betlehem, der det vart brukt tsjekkisk, oppmoda han folket i Bøhmen til å vere kritiske til det dei høyrde ved messene, og til sjølv å studere Bibelen. Hans oppgjær med den katolske kyrkje kyrkja skulle gjere han sær populær blant folket i Bøhmen, medan pavekyrkja stempla han som kjettar.<sup>7</sup>

Opposisjon til den katolske kyrkja førte i 1415 til at Jan Hus vart brend på bål av konsilet i Konstanz.<sup>8</sup> I tida etter dette tok Hus sine etterføljarar gradvis over mykje av makta i

---

<sup>2</sup> Wyclif. I Hornbeck; Lahey; Somerset (2013) s. 264.

<sup>3</sup> Cox (2014) s. 127-128.

<sup>4</sup> Adelens makt over Vaclav IV. gjorde seg på eit tidspunkt utslag i at kongen vart arrestert. Dette kunne dei gjera delvis med støtte frå Václavs bror, Sigismund, som også ønska trona i Bøhmen. Fudge (1998) s. 10.

<sup>5</sup> Namnet Hus er tsjekkisk for gås. Gåsa skulle difor verte eit symbol på husittane, noko ein mellom anna ser i dei tyske troppanes trugslar mot tsjekkarane i slaget ved Ústí-nad-Labem i 1426, der dei lovar å drepe tsjekkarar som gjess. *Song of the battle of Ústí*. I Fudge (2002) s. 204. Namnet Hus er nok ei forkorting for den vesle byen Husinec, der ein meiner han kom ifrå, og ein ser dette namnet brukt mellom anna av hans eigne vener. Mladoňovice. I Spinka (1965) s. 91.

<sup>6</sup> Hus kritiserte pave Johannes XXIII (ein av tre pavar frå 1410-1415) for å samle inn avlat for å finansiere ein hær som skulle kjempe mot Ladislaus av Napoli (konge av Napoli frå 1386-1414), som hadde tvinga paven til å flykta frå Roma til Bologna. Fudge (1998) s. 78.

<sup>7</sup> Firenze. I Crowder (1977) s. 144-145.

<sup>8</sup> Etter Hus vart brend vart restane av han samla saman og brend på nytt. Aska vart kasta i Rhinen. Dette vart gjort for at ingen skulle samla relikviar frå han. Mladoňovice. *The execution of Hus, 6 July 1415*. I Crowder (1977) s. 95.

Bøhmen, og frå ca. 1417 rådde dei store deler av landet. I sør voks det fram ei radikal gruppe som i byen Tábor freista å byggje eit samfunn som var likt det dei første kristne hadde. Praha var i all hovudsak moderat, og det fanst i byen også grupper av katolikkar, samt ei gruppe av radikale husittar i Nove Mesto (bydel i Praha). Husittane vart sett på som kjetterske av den katolske kyrkja, som mellom 1420 og 1431, sende fem krosstog mot dei. Leia av dei mektige generalane Jan Žižka og Prokop Holý viste husittane seg å vere uslåelege og gjekk sigrande ut av alle krosstoga. I 20 år etter Hus vart drepen, skulle det i Bøhmen vera ein kamp mellom husittar og katolikkar og mellom ulike husittiske grupper. Kampen vart ført med våpen, men også gjennom diskusjonar og propaganda.

### Ålmenta i mellomalderen

I denne oppgåva ønsker eg å rette søkelyset mot ålmenta i Bøhmen, og sjå på i kva grad publikum kunne få kjennskap til det som hende politisk og ideologisk, og kva høve dei hadde til å ta del i ålmenta. Med publikum meiner eg først og fremst dei som ikkje var ein del av adelen eller dei geistlege, og som den tyske filosofen og sosiologen Jürgen Habermas meinte ikkje hadde anna rolle i det offentlege enn å representera sin stand. Med dette som bakgrunn hevda han at mellomalderen var utan offentleg debatt.<sup>9</sup>

Fleire historikarar har vist, noko eg kjem tilbake til seinare, at Habermas sin påstand om at mellomalderen var fri for offentleg debatt nok ikkje gir eit fullgodt bilete av perioden. Mitt ærend er ikkje å argumentera mot Habermas, men heller sjå på korleis Bøhmens, og mellomalderens, offentlegheit fungerte. Husittane utgjer på mange måtar eit skilje i europeisk historie fordi det er ei reformatorisk gruppe som klarar å stå imot både press og militære aksjonar frå den katolske kyrkja, og fordi deira vidareføring av Wyclifs lære om individets rett til sjølv å danne seg ei meining, var ei drivande kraft hjå dei. Dette kan sjåast som ein forløpar for den lutherske reformasjonen på 1500-talet. Det er ikkje forska mykje på kva rolle offentlegheita spela i det husittiske Bøhmen, og i norsk samanheng har lite vore skrive om husittane i det heile. Dette gjer Hus sine etterfølgjarar til eit interessant studieobjekt, og eg vil i denne avhandlinga undersøkje kva rolle offentlegheita spelte for at husittanes lukkast så godt i Bøhmen.

---

<sup>9</sup> Habermas (1991). Eg kjem nærare inn på dette seinare i innleiinga.

Konflikten i Bøhmen hadde mange aktører. Den katolske kyrkja, ulike husittiske grupper og aristokratiet skulle alle seie sitt. Eg ønsker å studera korleis dei ulike aktørane, med særleg vekt på husittane, utnytta den offentlege sfæren, og om ein kan sjå ei utviding eller innsnevring av den gjennom husittkrigane. Eg vil også undersøkje om det var mogleg for publikum å skaffe seg informasjon, og gjennom ulike kanalar delta med eigne tankar og meiningar.

For å finne svar på desse spørsmåla er det naturleg å sjå på kva former for debatt ein hadde i Bøhmen på 1400-talet, og kva funksjon ordskifta hadde. Eg vil sjå på kva debattar som er dokumenterte mellom husittane og representantar frå den katolske kyrkja, og undersøkje om publikum kunne setje seg inn i debattane og delta i dei. Kva vart kommunisert, og i kva grad kunne publikum få med seg ytringane som kom frå dei to sidene? Eg vil også forsøke å sjå om den husittiske budskapet nådde ut til andre deler av Europa, eller om det var eit reint bøhmisk tilfelle.

Hovudvekta kjem til å vera på perioden mellom det første krosstog i 1420 og til det siste i 1431. Krosstoga mot husittane går ofte under namnet husittkrigane for at dei ikkje skal forvekslast med tidlegare krosstog. Sidan eg i avhandlinga stort sett ser krigane frå Bøhmen, og sidan dei fleste kjeldene eg nyttar omtalar krigane som krosstog, har eg i denne avhandlinga valt å nytte 'krosstog' om krigane. I første kapittel tek eg for meg tida før krosstoga for å danne eit bilete av korleis ålmenta var før krigane starta. Siste delen vil i hovudsak handle om fredsforhandlingane i Basel og i Praha og korleis utfallet av desse påverka ålmenta i Bøhmen. Grunnen til desse vala, er at ein på denne måten får eit betre bilete av korleis krigane påverka offentlegheita, og i kva grad den husittiske rørsle og haldningane frå den, levde vidare etter krigane då Bøhmen igjen vart katolsk.

### Litteratur og kjelder

For å finne svar på problemstillinga mi var det naturleg å gå til kjelder frå den aktuelle perioden for å studera korleis dei framstilte hendingane. I hovudsak har eg funne kjeldene i *The Crusade against the Heretics in Bohemia, 1418-1437*, av Dr. Thomas A. Fudge (professor i



historie og teologi ved University of New England).<sup>10</sup> Han har i denne boka samla 207 ulike tekstutdrag frå 1400-talet som alle omhandlar husittane i Bøhmen og krosstoga mot dei.<sup>11</sup> Fudge har valt dei ulike primærtekstane etter sju kriterium. For det første dekkjer dei ein periode på 20 år (1418-37). For det andre skal tekstane gje eit rikt og variert bilete av desse åra. For det tredje skal tekstane gje eit dekkjande bilete av dei leiande karakterane og meiningane deira. Det fjerde kriteriet går ut på å presentere eit balansert bilete av krosstoga, altså sett både frå katolsk og husittisk ståstad. Eit femte kriterium skulle sikra at viktige element ved både krosstoga og den husittiske rørsla vart opplyste. For det sjette ønska Fudge å presentera stoff som ikkje er så godt kjend frå denne perioden, som for eksempel jødanes stilling under krosstoga. Som eit siste punkt valde Fudge å prioritera heile dokument framfor redigerte dokument.<sup>12</sup> Tekstane i denne samlinga er av ulik karakter. Det er brev, historiske framstillingar, manifest, songar og dikt, talar og rapportar. Samla gir dei eit djupare bilete av kva som gjekk føre seg i Bøhmen i åra 1418-1437. Dei fortel om bakgrunnen for den religiøse reformasjonen, om maktkampen i den katolske kyrkja, og om dei indre stridane blant husittane. Det vide biletet samlinga til Fudge gir av denne perioden, gjer den til eit godt verk å ta utgangspunkt i når ein skal studere husittane.

Å arbeide med slike tekstar er utfordrande fordi dei presenterer usemjene frå enten katolsk eller husittisk ståstad. Eg forsøker å svare på problemstillinga mi med tekstar skrivne av representantar frå begge sider. Eg nyttar også forfattarar som syner at dei kan vere kritiske til begge sidene i usemja, som mellom anna den husittiske forfattaren Vavřinec av Březová som i sitt verk *Historia Husittica* til tider hadde ein særskild kritisk tone også til husittane.

Fudge si kjeldesamling gir eit vidt og godt bilete av perioden. Eg har likevel valt å dra inn nokre fleire samlingar av primærkjelder for å få eit vidare bilete av perioden. Josef Macek *The Hussite Movement in Bohemia*, frå 1958<sup>13</sup> inneheld kjeldersom er verdifulle i denne samanhengen. Frå denne boka har eg mellom anna henta táboritanes artikkelar, som var det dei bygde sitt radikale husittiske samfunn sør i Bøhmen på.<sup>14</sup>

---

<sup>10</sup> Fudge (2002).

<sup>11</sup> I tillegg er det to tekstar som er beskriven men der sjølve tekstane manglar. Fudge (2002).

<sup>12</sup> Fudge (2002) s. 10-11.

<sup>13</sup> Macek avsluttar boka med følgande ord: «It is in this spirit that socialist Czechoslovakia is developing and holding out its hand for cooperation with the peace-loving nations of the whole world». Macek (1958) s. 106.

<sup>14</sup> *From the Táborite chiliarist articles of 1420*. I Macek (1958).

C. M. D. Crowders (professor emeritus i historie ved Queen's University i Ontario) har samla eit knippe tekstar frå dei ulike konsila i *Unity, Heresy and Reform, 1378-1460. The Conciliar Response to the Great Schism*.<sup>15</sup> Desse gir verdifulle innblikk i korleis det husittiske kjetteriet vart behandla av dei katolske konsila. Dei er også med på å danne eit grunnlag for å forstå korleis det vart debattert i den katolske kyrkja i mellomalderen.

I tillegg til desse samlingane har eg nytta Enrico Molnár's omsetjing av Petr Chelčický's *Net of faith*.<sup>16</sup> Chelčický var, som eg skal koma tilbake til i kapittel 3, ein person som ikkje var redd for å kritisera sine samtidige autoritetar. Hans syn på samtida gir verdifulle innblikk i korleis ein kunne sjå på både husittane og på den katolske kyrkja, og han var ein viktig debattant i denne perioden. Gjennom *Unita Fratrum* (De Bøhmiske Brødre) skulle han føre vidare somme av dei husittiske verdiane etter krosstoga.<sup>17</sup>

### Habermas og ålmenta i mellomalderen

Før eg går i gang med å sjå på offentlegheita i mellomalderen, må eg drøfta kor vidt det faktisk var ei ålmente å snakka om, og om omgrepet "mellomalderens ålmente" i det heile lar seg etablere. Når ein skal studere ålmente og offentlege ordskifte kjem ein ikkje utanom Jürgen Habermas (1929-). Den tyske filosofen og sosiologen kom i si bok *Borgerlig offentlighet (Strukturwandel der Öffentlichkeit)* frå 1961 med ein påstand om at offentleg debatt var noko som først oppstod i Europa på 1700-talet.<sup>18</sup> I følgje Habermas kan ein ikkje snakke om ei offentleg sfære i mellomalderen. Ein av grunnane til at ein ikkje finn noko ordentleg debatt i mellomalderen er at det ikkje var noko skilje mellom offentleg og privat, hevdar Habermas. Dette skiljet fanst i antikken, men forsvann i mellomalderen. «Uansett hvilket trinn jordeieren befinner seg på, er hans status i seg selv nøytral overfor kriteriene 'offentlighet' og 'privat'»<sup>19</sup> I mellomalderen er offentlegheita representativ. Habermas meiner det her dreier seg om statussymbol. Ein offentleg person fekk status ved sin posisjon i ålmenta, men hadde lite makt til å forandra noko.

---

<sup>15</sup> Crowder (1977).

<sup>16</sup> Chelčický. I Molnár (2006).

<sup>17</sup> Molnár (2006) s. 9; Wagner (1986) s. 68.

<sup>18</sup> Habermas (1991) s. 2-4.

<sup>19</sup> Habermas (1991) s. 6.

Utfoldelse av representativ offentlighet er knyttet til personens attributter: den er knyttet til insignier (distinksjoner, våpenmerke), habitus (klesdrakt, hårfasong), gestus (måte å hilse på) og retorikk (tiltaleform, formell tale generelt) – kort sagt: til en streng kodeks for edel adferd.<sup>20</sup>

Om ein forventar at den offentlege sfæren i mellomalderen skal vera lik den offentlege sfæren ein har i dag, eller den Habermas tillegg kaffihusa i London på 1700-talet, må ein gje Habermas rett. Men ved nærare ettersyn, ser ein at det ein kan tolka som seremonielle og representative trekk i mellomalderen, også kan sjåast som ein del av ein debatt. Konflikten mellom den katolske kyrkja og dei kjetterske husittane var ikkje berre sverdets kamp; krigen vart også ført med pennen som ein kamp om ålmenta og kva rolle ålmenta skulle spele.

Det er først på 1700-talet ein ser dei første offentlege debattane, meiner Habermas, og grunnane til det kan summerast opp i nokre få punkt: For det første må gruppene ha ein type samvær som ikkje set krav til status. Dernest seier Habermas at det må kunna stillast kontroversielle spørsmål som så langt ikkje hadde vorten sett på som problematiske. Det tredje punktet slår fast at gruppa aldri må lukke seg.<sup>21</sup> Same kor eksklusivt publikum er, må det vera ope for nye deltakarar. Ein kan også ta med eit fjerde punkt: Habermas skriv at gruppene ikkje kan vera styrte av ein offentleg instans, som for eksempel stat eller kyrkje. Habermas brukar 'publikum' om den gruppa som ikkje kan påverke ålmenta. Det er dei som blir fortalt sanninga frå autoritetar. Eg kjem difor også i mi oppgåve til å nytte 'publikum' når eg talar om folket, i all hovudsak bønder og borgarar, jamvel om publikum i Bøhmen ikkje berre er passive mottakarar.

Ikkje alle er samde med Habermas i at det ikkje var rom for offentleg debatt før denne dukka opp i kaffihusa i England fleire hundre år etter husittanes tid.<sup>22</sup> Og ikkje alle er samde i at denne forma for debatt var meir open enn den ein hadde i mellomalderen. Medan 1700-talsdebatten gjekk føre seg bak lukka dører i kaffihusa eller i salongane, held historikaren Carol Symes fram at den i Europa i mellomalderen fann stad i det offentleg rommet, på gatene og torga i byane, og difor var open for alle. «In these public fora, where markets were held, ideas were exchanged alongside money and goods. Moreover the rule of law

---

<sup>20</sup> Habermas (1991) s. 7.

<sup>21</sup> Habermas (1991) s. 33-34.

<sup>22</sup> Habermas (1991) s. 2.

brought about by the count's good governance made it possible for anyone to learn the conventions of public debate.»<sup>23</sup> Vidare siterer ho den samtidige forfattere Galbert av Brugge som fortel om korleis kven som helst, lærd som ulærd, brukte sine språklege evner til å forsvare seg mot angrep frå andre. Dette får Symes til å konkludera med at starten på ein offentleg sfære, som Habermas tidfestar til rundt år 1700, er langt eldre. «The picture that emerges from Galbert's testimony, and that of many contemporaries, suggests that it was within this urban crucible that a public sphere was forged.»<sup>24</sup>

Habermas held fram at det i kaffihusa var argumenta som var det vesentlege, ikkje kven som la dei fram. «Den likestilthet (paritet) som alene kan være grunnlaget for at argumentets autoritet kan ta kampen opp med og til slutt vinne over det sosiale hierarkis autoritet, står i tidens selvforståelse for den likestilthet som ligger i det «blott menneskelige»».<sup>25</sup> Ein skulle ikkje berre jamstilla status, men ein skulle sjå heilt bort frå den. Kun på den måten kunne ein leggja grunnlaget for ein debatt som var open for alle. Andre forskarar har hevda at ålmenta i 1700-talets England ikkje var så open som Habermas framstiller den som. Nancy Fraser meiner likskap ikkje er nødvendig for at ein skal ha eit politisk demokrati. «The attempt to bracket social inequalities in settings of formal equality frequently serves to mask and reproduce domination, (...) a democratic public sphere would require eliminating, rather than bracketing, social inequality.»<sup>26</sup> I kaffihusa såg ein at fleire grupper vart ekskluderte. Mary P. Ryan held fram at kvinner aldri fekk tilgang. «Women were patently excluded from the bourgeois public sphere, that ideal historical type that Habermas traced to the eighteenth century, and were read out of the fiction of the public by virtue of their ideological consignment to separate realm called private.»<sup>27</sup> Geoff Eley legg også til at underordna nasjonalitetar, fattige, arbeidarklassen og bønder vart ekskluderte,<sup>28</sup> medan Keith Michael Baker held fram at kaffihusa som regel var fylte av velstående menn. «The literary public sphere was constituted by the market institutions of bourgeois civil society.»<sup>29</sup> Habermas er sjølv klar over at det er mange som står utanfor denne ålmenta. Han held fram

---

<sup>23</sup> Symes. I Goodson; Lester; Symes (2010) s. 279.

<sup>24</sup> Symes. I Goodson; Lester; Symes (2010) s. 279-280.

<sup>25</sup> Habermas (1991). S.33.

<sup>26</sup> Fraser. I Calhoun (1992) s. 171.

<sup>27</sup> Ryan. I Calhoun (1992) S. 260.

<sup>28</sup> Eley. I Calhoun (1992) S. 326.

<sup>29</sup> Baker. I Calhoun (1992) s. 185.

at ei stor gruppe ikkje kan lesa og difor er på utsida. Dei som møttest i kaffihusa og i salongane var klar over at dei var ei snever gruppe av eit større publikum. Det hadde den fordel at dei kunne «vende seg diskuterende innanfra og utover.»<sup>30</sup> Når ein ser at diskusjonen på 1700-talet, som ein definerer som offentleg, var ekskluderande ovanfor store grupper av publikum, kan ein stille spørsmål ved om det er rettferdig å krevje at debatten i mellomalderen skal vera open for alle, for at den skal få same offentlege status.

Historikar Leidulf Melve dreg fram debattane rundt reformasjonen som eit eksempel på debatt frå mellomalderen: «Propagandaen – skriftleg og aural – la grunnlaget for ålmenter på lokalnivå. Me høyrer om regelmessige diskusjonar om desse spørsmåla på ølkneiper i landsbyen og utanfor den lokale kyrkja.»<sup>31</sup> Dette er eit godt døme på offentleg munnleg debatt frå mellomalderen, der temaet er forholdet mellom katolisisme og protestantisme. Debatten var farga av propaganda frå begge sider, «Pamflettar og rundskriv på morsmålet samt visualisering av teologiske spørsmål vart spreia blant bondefolket i Tyskland og medverka til å gjere «folk flest» kjende med tema som elles ville ha vore reservert for det intellektuelle samfunnet»<sup>32</sup>. Dette tyder på at borgarens meining vart sett på som viktig i denne debatten og publikum vart tilskunda til å gjere seg opp si eiga meining.

Mellomalderen var gjennomsyra av religion, noko Habermas i *Borgerlig offentlighet* meinte var til hinder for debatt. Mot dette held Melve fram investiturstriden på andre halvdel av 1000-talet. Han peikar på at dei mange skriftlege bidraga til debatten frå denne perioden ikkje berre viser at prentepressa ikkje var nødvendig for at ein offentleg debatt skulle kunna finna stad, men også at den moderne staten ikkje var nødvendig for ein offentleg debatt. I investiturstriden speler religion ei anna rolle enn den Habermas omtalar: «Det var ikkje lenger tilstrekkelig å berre ramse opp autoritetar som støtta eit gjeve standpunkt; dette ville ikkje overtude ålmenta då den andre parten lett kunne svare med ein tilsvarande bruk av autoritetar.»<sup>33</sup> Dette viser at debattar rundt religiøse emne også kunne gå føre seg i det offentlege, og at desse også må kunne karakteriserast som offentlege debattar.

---

<sup>30</sup> Habermas (1991) s. 35.

<sup>31</sup> Melve (2006) s. 142.

<sup>32</sup> Melve (2006) s. 142.

<sup>33</sup> Melve (2006) s. 138.

Her er ein framme ved utfordringar ved Habermas sin modell. I møte med andre samfunn enn dei som dannar seg ved dei engelske kaffihusa, verkar Habermas sin generelle struktur stiv og lite tilpassingsdyktig. For å kunne sjå på mellomalderens ålmente, må ein difor sjå på kva typar ålmente er ein har i denne perioden. Ein må også sjå på kva kommunikasjonskanalar som vart brukte, for på den måten å danne eit grundigare bilete av korleis ålmenta i Bøhmen fungerte.

Habermas sin definisjon for offentleg debatt passar ikkje på mellomalderens debatt. Ein må difor finne ein annan definisjon som kan brukast for mellomalderen. I sin gjennomgang av offentleg debatt i mellomalderen opererte Carol Symes med følgjande definisjon: «A medieval public sphere may be defined as an arena where meaning was made and contested through the skilful deployment of certain well-known techniques to which most people had at least some degree of access.»<sup>34</sup> Symes' samanlikning mellom ålmenta i mellomalderen og den Habermas presenterer i kaffihusa, får henne til å konkludere med at mellomalderen var vel så open som 1700-talet. «In sum, the modern public sphere appears but flattened, airless version of the pre-modern: 'rational' and susceptible to persuasion by print, but less egalitarian, less 'open', more limited, more enclosed.»<sup>35</sup>

Med dette utgangspunktet ønsker eg å rette søkjelyset mot offentlegheita i Bøhmen på 1400-talet og sjå korleis både den katolske kyrkja og husittane, ei av dei første store reformatoriske gruppene i Europa, vende seg til, påverka og gjorde bruk av ålmenta.

---

<sup>34</sup> Symes. Frå Goodson; Lester; Symes (2010). s. 287.

<sup>35</sup> Symes. Frå Symes. Frå Goodson, Lester, Symes (2010). s. 300.

## Kapittel 1. Offentleg liv i Bøhmen før krosstoga

Frå talarstolen sin i kapellet Betlehem i Praha og gjennom si stilling ved universitetet, fekk Jan Hus mange tilhengjarar til si kritiske haldning til presteskapet og avlatshandelen i den katolske kyrkja. Han bygde mykje av tankane sine på Wyclifs argumentasjon om at den enkelte hadde rett til å forkynne Guds ord i det offentlege,<sup>36</sup> og at pavekyrkja hadde sett seg sjølv over Bibelen. For at publikum ikkje skulle verta lurt av kyrkja, oppmoda Hus den enkelte til å vere kritisk og til å studere Bibelen. Tankane til Hus gjorde han til ein særskild populær person i Bøhmen. Ikkje ein gong det at han vart ekskommunisert av pavekyrkja, såg ut til å dempa populariteten hans, og det katolske maktapparatet meinte “problemet” Hus måtte gjerast noko med. I 1414 godtok han å koma til konsilet i Konstanz, etter å ha blitt lova trygg ferd til og frå av den tyske kongen, og seinare tysk-romerske keisaren, Sigismund (1368-1437; konge over Ungarn frå 1387, Tyskland frå 1411 og keisar frå 1418). Til trass for dette vart Hus etter ei langt frå rettferdig rettssak, brend på bål den 6. juli 1415.<sup>37</sup>

Jamvel om Hus var død, vart budskapen hans framleis omfamna i heimlandet. Men i kva grad vart tanken om at den enkelte skulle kunne delta i det offentlege realisert? Eg vil i denne delen av avhandlinga ta for meg den offentlege praksisen i Bøhmen før krosstoga starta, medan eg i dei neste kapittela kjem til å konsentrere meg om perioden under krosstoga. Eg kjem her til å sjå på i kva grad publikum hadde høve til å delta i det offentlege livet, og på kva måtar dei eventuelt kunne vera med. Det er i den samanhengen interessant å sjå på om det offentlege endra seg etter at husittane tok over mykje av makta omkring 1417.

For å kunne danne seg eit bilete av ei eventuell ålmente i mellomalderen er det viktig å sjå på kva former ho kom i. Korleis kunne publikum halda seg oppdatert om hendingar og ulike synspunkt? Vart det som vart formidla berre kunnskap og informasjon, eller vart også meiningar kommuniserte? Kva språk og verkemiddel vart tekne i bruk for å nå fram med ein

---

<sup>36</sup> I 1406 vart det laga eit forbod mot dette, og Hus forsvara offentlig presten Nicholas som vart stempla som kjettar etter å ha forkynt utan løyve. Det vart seinare bestemt at Nicholas ikkje var kjettar, men han måtte likevel reise i eksil. Fudge (1998) s. 66. Hus skreiv også brev der han var kritisk til at paven berre tillèt forkynning i kyrkjene. Hus. *Hus Giving his Reasons in Sermons for Refusing to Go to Rome to Answer the Papal Citation*. I Spinka (1965) s. 242.

<sup>37</sup> Mladoňovice. *The execution of Hus, 6 July 1415*. I Crowder (1977) s. 95.

bodskap, og i kva grad kunne publikum sjølv uttrykke seg? Dette er nokre av spørsmåla eg vil søkje å finne svar på i denne del av arbeidet mitt.

### Skriftleg og munnleg kommunikasjon

Til trass for at store delar av folket i Bøhmen ikkje kunne lesa eller skriva, spelte skrivne dokument ei stor rolle for ålmenta. Historikaren Philip Hoffman-Rehnitz haldt fram korleis ein i tidleg moderne tid fant vegar å informere denne store gruppa som ikkje kunne lese.

Early modern urban societies developed specific communicative structures combining the new written-based media with patterns of direct, face-to-face interaction, thereby entangling their respective communicative logics. As a result, the political culture of early modern urban societies differed in a significant manner from that of medieval cities.<sup>38</sup>

Hoffman-Rehnitz peikar på eit vesentleg trekk ved det tidleg moderne samfunnet. Han tek derimot feil når han held mellomalderbyen utanfor i denne skildringa. Mykje av det ålmenta mellomalderen var bygd opp rundt at kommunikasjon skulle høyrast. Meldingar vart varsla gjennom ringing med klokker; brev og talar vart lesne høgt på marknadsplassar og i kyrkjer. Leidulf Melve held fram kor viktig det aurale var i mellomalderen. «In a society in which the large majority is illiterate – or at best semi-literate – aural communication is the arguably most important means for sustaining the dialogue between the oral and the literate domain.»<sup>39</sup>

#### *I. De sex erroribus*

*If you want to know the Bible you must go to Bethlehem and learn it on the walls as Master Jan of Husinec preached it.*<sup>40</sup>

Der kyrkja ønskte å ha ein samlande leiari på toppen, ein som var i Jesu stad på jorda og som difor kjende kva som var sant og kva som var gale, ønska Jan Hus, liksom Luther hundre år seinare,<sup>41</sup> at den enkelte skulle kjenna Bibelen og på den måten vita om det som han vart fortalt, stemde eller ikkje. For å oppnå dette såg Hus, liksom andre reformatorar seinare,<sup>42</sup>

---

<sup>38</sup> Hoffman-Rehnitz. I Coy; Marschke; Sabeau. (2010) s. 16.

<sup>39</sup> Melve. I Ranković; Melve; Mundal; (2010) s. 78.

<sup>40</sup> Fudge (1998) s. 229.

<sup>41</sup> Kreitzer. I Taylor (2003) s. 41-42.

<sup>42</sup> Mellom anna så var det på 1500-talet mange reformatoriske talar som vart skriven ned og publisert. Kreitzer. I Taylor (2003) s. 54.



verdien av å få synspunkta sine skrivne ned for lettare å kunne spreie dei blant folk.

I 1402 tok Hus over som sjefspredikant i Betlehem,<sup>43</sup> eit kapell der det vart forkynt på tsjekkisk og som difor oppnådde stor popularitet hjå folket. Dette var om lag samstundes som læra til engelske reformatoren John Wyclif (1320-1384) gjorde seg gjeldande ved universitetet i Praha, noko som skulle føra til at enkelte av Wyclifs tilhengjarar der vart klaga for kjetteri.<sup>44</sup> Jan Hus var tilhengjar av mange av Wyclifs idéar, og kom på kollisjonskurs med det katolske presteskapet. Det var maktpåleggjande for Hus å gjere folk merksam på kvifor ein skulle ta eit oppgjær med kyrkja, slik som Wyclif hadde oppmoda til. Skulle Hus få tilhengjarar som kunne støtta han sjølv om kyrkja gjekk imot dei, så trong han også å gjere dei merksame på kvifor dei skulle vende seg frå den katolske kyrkja. Han måtte oppmoda dei til å vera kritiske til kyrkja og til det ho gjorde. Han vann mange tilhengjarar for synsmåtane sine. Sjølv etter hans død nådde læra hans ut til dei som kom til kapellet, gjennom *de sex erroribus*, dei seks feila. På ein av veggene hadde Hus fått skrive dei seks grovaste feilstega til den katolske kyrkja. På den måten skulle kyrkjekritikken hans verta ståande sjølv etter han var død. *De sex erroribus* skulle vere med på å danne eit skilje mellom Hus si lære og den katolske kyrkja si.

*De sex erroribus* vart skrivne på tsjekkisk, slik at teksten skulle vere så tilgjengeleg som mogleg. Thomas A. Fudge skriv i si bok *The Magnificent Ride* om meininga bak dei seks punkta:

Essentially, *De sex erroribus*, was intended to enlighten the congregants of Bethlehem vis-a-vis the six errors of the mass. Namely, that the priest creates the body of God, that faith is exercised in Mary, that a priest may absolve whomever he wills, that subjects are bound to obey all commands issued by superiors, a reinterpretation of excommunication, and finally an injunction against simony.<sup>45</sup>

Orda som Hus skreiv på veggen, markerte ei anna tilnærming til kristen tru enn det som var vanleg praksis i den katolske kyrkja. Der kyrkja tidlegare hadde monopol på sanninga, med ein klar tanke om at paven var Guds utvalde på jorda og hovud for den kristne kyrkja,<sup>46</sup> oppmoda Hus kvar enkelt til å læra seg, og deretter halda seg til, sanninga slik ho var

---

<sup>43</sup> Så populær var Hus at ein del forskarar har meint at han styrte Praha frå talarstolen. Fudge (1998) s. 66 Andre igjen har meint at han kontrollerte heile det tsjekkiske folket. Fourquin (1978) s. 102.

<sup>44</sup> Fudge (1998) s. 62-63.

<sup>45</sup> Fudge (1998). s. 229. Omgrepet *simoni* er henta frå Apg 8:9-24 som fortel om trollmannen Simon som prøver å tene pengar på å driva ut ånder i Jesu namn; omgrepet er m.a. brukt om kjøp og sal av geistlege embete.

<sup>46</sup> Imsen (2012) s. 178.

formidla i Bibelen. For det var folket som utgjorde lemene på kyrkjekroppen. Hus kom med sterk kritikk mot pavekyrkja som han meinte hadde paven både som hovud og hjarta, i staden meinte han at berre Jesus burde vera hovudet i kristendommen.<sup>47</sup> Dette var på ingen måte ein framand tanke, heller ikkje hjå representantar frå den katolske kyrkja. Før konsilet i Pisa hadde den franske teologen Pierre d'Ailly (1351-1420) fremja liknande tankar: «the unity of the mystical body of the whole Christian Church depends fully and perfectly upon the unity of Christ, its head».<sup>48</sup> Likevel vart det eit hovudmål ved konsilet i Konstanz å få alle til å samla seg om den same paven som hovud for kyrkja.<sup>49</sup>

Hus hadde sett korleis kyrkja hadde utnytta fattige, og grunngjeve det med bibelske sanningar som dei som ikkje hadde utdanning, eller kjennskap til latin, kunne gjera seg opp ei meining om.<sup>50</sup> No ønskte han at alle skulle ha kjennskap til Bibelen, slik at dei sjølve kunne sjå kva som var rett, og kva som var eit resultat av kyrkjjas ønske om å tene pengar. Dette viser at kyrkja ikkje var ein udiskutabel autoritet på byrjinga av 1400-talet. Paveskismaet hadde ført til auka kritikk mot kyrkja, og konsilet i Konstanz skulle først og fremst forsøka å avslutta kløyvinga slik at kyrkja igjen kunne stå samla og vera heva over ålmenta.<sup>51</sup> Hus, delvis med støtte frå universitetet og kongen,<sup>52</sup> kunne tale kyrkja imot. Hus sine ord på veggen i Betlehem inneheldt ei oppmoding til at publikum skulle både vere kritiske og engasjerte.

Det mest interessante av dei seks punkta er, i denne avhandlinga, punktet som oppmodar den enkelte til ikkje blindt å følgja sine overordna. Det er opp til den enkelte å ta stilling til det som vert formidla. Retorikken Hus brukar, skil seg kraftig frå retorikken frå den katolske kyrkja. Der den katolske kyrkja ville halde fast ved å ha monopol på formidling av sanninga,<sup>53</sup> ønskte Hus at folket sjølv skulle tenkje over det dei vart fortalt. Sanninga skulle ikkje eigast av

---

<sup>47</sup> Hus. *To Wenceslas of Dubá and John of Chlum. Constance, Franciscan prison, circa 18-21 June 1415*. I Crowder (1977) s. 100-101.

<sup>48</sup> D'Ailly. *Some useful propositions for the ending of the present schism by way of general council*. I Crowder (1977) s. 52.

<sup>49</sup> Gerson. *Gerson's sermon ('Ambulate') on the authority of the council, 23 March 1415*. I Crowder (1977) s. 79.

<sup>50</sup> Macek (1958) s. 23.

<sup>51</sup> Pisakonsilet. *'Acta' of the Council of Pisa, 1409*. S. 58. Pisakonsilet. *The cardinals' case for summoning a council, October 1408*. s. 49; I Crowder (1977) s. 49.

<sup>52</sup> Fudge (1998) s. 69-70.

<sup>53</sup> Orsini. I Fudge (2002) s. 197.

kyrkja, men den kunne finnast av kvar enkelt. Dette skulle seinare leggje grunnlaget for det første punktet i husittanes fire artiklar: Alle skulle ha rett til å forkynne Guds ord i Bøhmen.<sup>54</sup>

Tanken om å vere kritisk går også igjen i mange av Jan Hus sine brev, mellom anna til etterfølgjaren hans, Martin av Volyň, skrivne berre nokre få veker før Hus vart drepen. Her oppmoda Hus han til å vera kritisk også til det Hus sjølv hadde lært han. «Hold fast whatever good you have learnt from me. If you saw anything unseemly in me, cast it from you and pray God that you may please Him to spare me.»<sup>55</sup> Dette ønsket om at tilhøyrarar skulle vera kritiske til det dei fekk høyra, ser ein ikkje i kyrkja. Kyrkja forvalta sanninga, og ein vart frelst om ein heldt seg til den. Dette var ein måte å halde på den makta dei hadde i store deler av Europa. Kyrkja var på dette tidspunktet den største føydalmakta, og hadde monalege inntekter frå bøndene i Europa.<sup>56</sup> Vart det stilt spørsmål ved kyrkjas autoritet, ville dette også kunne føre til betydelege tap av inntekter. Sjølv om det var eit spørsmål om makt og økonomi, så var det eit like stort spørsmål om kven som skulle ha rett til å formidle bibelske sanningar. Det var difor viktig at det ikkje vart sådd tvil kring kyrkjas rolle som formidlar av bibelsk sanning. Dette ser vi mellom anna eit døme på i den pavelege bullen som vert lesen før det første krosstoget.

Regardless of the lack of merit there might be, we act on earth on behalf of the Lord our creator who did not hesitate to offer himself as a ransom for our salvation and to make us part of the Lord's heritage, we act as guard for the flock in order that he might be called into the royal fold in the favour of our creator. It behoves us then to maintain a careful vigil in order that we might be profitable and with the help of the Lord's grace tend the sheep and not allow the flock to graze in infected pastures filled with the pitfalls of probates.<sup>57</sup>

Medan Hus oppmoda kvar enkelt til å gjera seg opp ei meining, og å ikkje følgja sine overordna dersom dei ikkje følgde Guds lov, ønskte den katolske kyrkja mest mogle at dei truande følgde deira kommandoar. Kyrkja sa ho handla på vegner av Gud, for på den måten å

---

<sup>54</sup> Březová. *Hussite resolve at the end of the first crusade*. I Fudge (2002). s. 83.

<sup>55</sup> Hus. I Macek (1958) s. 115.

<sup>56</sup> Nokre historikarar, som Josef Macek (1922-1991), har halde fram misnøyen med føydalsystemet som bakgrunnen for at husittrøsla kunne finne stad. Han spora konflikten til midten av 1300-talet som ei langvarig konflikt mellom bønder og dei føydale herrane, og då først og fremst den største føydalmakta i mellomalderen: kyrkja. Macek (1955) s. 14-15

<sup>57</sup> «Omnium plasmatoris domini, qui se pro dominici salvatione gregis et ut illum suæ hereditatis faceret participem, in precium immolare non abnuit, vices quamquam immeriti gerentes in terries, circa ipsius exubias gregis, ut in plasmatoris ejusdem exardescens beneplacitis, ut in plasmatoris ejusdem exardescens beneplacitis, , regiam evocetur ad caulam, vigiliis nos congruity vacare sollicitis, ne reproborum ad præcipitiaque trahentium distentis laqueis contagiosam depascat.» Martin V. I Palacký (1873) s. 17. Oversatt: Martin V. *Proclamation of the crusading bull*. I Fudge (2002) s. 50.

legitimere den verdslige makta kyrkja hadde. Kyrkja framstilte seg sjølv som den gode hyrde som visste kva som var best for flokken. Kyrkjelyden måtte vere varsam, for husittane prøvde å forgifta dei slik at dei ville forlata Guds sanne kyrkje.

Denne type argumentasjon går igjen fleire stader i katolske dokument gjennom krosstogsperioden. Spesielt Henry Beufort, som vart utnemnd til paveleg legat den 13. mars 1427, spelte på tanken om husittane som bortkomne sauer. "May you also return as sons and assume the form of the penitent so that the good Shepard might find the lost sheep and the neighbouring people might rejoice in the return of them and human and angelic voices might applaud the penitents.»<sup>58</sup>

Veggene i Betlehem vart ein lekk i Bøhmens ålmente. I 1416 skreiv den husittiske presten Jakoubek av Střibro (død 1429) ned ei grunngjeving for kvifor det var riktig å dela ut begge elementa i nattverden til alle (både brød og vin), på veggen i kapellet.<sup>59</sup> På denne måten vart argumenta gjort tilgjengelege for alle som kunne lese, eller som hadde nokon som kunne lese for seg. Kapellveggen var såleis eit offentleg organ. Husittane såg verdien av å få kampsakene sine fram i lyset slik at alle kunne sjå dei. Veggene i Betlehem kunngjorde offentlege argument i saker som vedrørte husittane.

## II. Talarstolar

Talarstolane rundt om i Bøhmens kyrkjer og kapell spela ei viktig rolle for å spreie husittanes meiningar og halde oppe moralen. Det var på talarstolen det heile byrja, med Jan Hus sine ord mot paven, og det var her frå både husittar og katolikkar skulle verte forsikra om at Gud var på deira side. Det som hende ved talarstolane i dei katolske kyrkjene vart også kritisert. Ved ei samling i fjella utanfor Bzí Hora sør i Bøhmen, i september 1419, oppmoda den radikale forkynnaren Václav Koranda tilhøyrarane til å vera kritiske til det dei fekk høyra frå dei katolske prestane, der «divine truth is ridiculed, abused, rejected and destroyed.»<sup>60</sup> Historikaren Andrew Pettegree held fram at gode talarar under den protestantiske

---

<sup>58</sup> Beufort. *A papal nuncio appeals to the 'lost sheep' of Bohemia*. I Fudge (2002) s. 226.

<sup>59</sup> Fudge (1998) s. 232. Nattverd med utdeling av begge elementa vart innført i Bøhmen i 1414, og var omhandla i det andre punktet i husittanes fire artiklar

<sup>60</sup> *Proclamation from the hills*. I Fudge (2002) s. 25

reformasjonen, hadde emna til å forandre publikums levesett.<sup>61</sup> Martin Luther skulle også gje uttrykk for at om ein tala Guds ord for folket, så hende det forandringar:

I simply taught, preached, and wrote God's word; otherwise I did nothing. And while I slept, or drank Wittenberg beer with my friends... the word so greatly weakened the papacy that no prince or emperor ever inflicted such losses upon it. I did nothing; the word did everything.<sup>62</sup>

Også i Bøhmen på 1400-talet skulle ein sjå at publikums haldningar endra seg etter å ha lytta til husittiske talarar. Publikum vart gjort kjend med den husittiske kritikken av kyrkja gjennom talar. Desse talane skulle fortelje dei at dei også kunne ha ei stemme i ålmenta, og var på den måten med på å utrusta dei til kamp mot pavekyrkja.

Talarstolane, i overført tyding, var også sentrum for ei av husittane sine kampsaker: å kunna forkynna Guds ord på tsjekkisk. Liksom Wyclif kjempa for at engelsk skulle brukast ved gudstenestene i England på 1300-talet,<sup>63</sup> og Luther kjempa for at det skulle nyttast tysk på 1500-talet,<sup>64</sup> vart også tsjekkisk halden fram som språket som skulle brukast av husittane i Bøhmen ved byrjinga av 1400-talet. «Holy Mass shall not be sung or read in the Latin tongue, but only in the language of the people.»<sup>65</sup> Bruken av tsjekkisk ved dei husittiske gudstenestene gjorde at fleire kunne forstå det som vart sagt, og orda frå prestane kunne nå fleire. Dette igjen var ein viktig del av Hus' tanke om at kvar skulle gjere seg opp si eiga meining, at dei skulle ha kjennskap til Bibelen og at dei skulle kunna halda prestane ansvarlege for det dei forkynnte.<sup>66</sup> Den katolske kyrkja meinte det var bra for lekmenn å lese Bibelen, og det hadde sidan 1200-talet vore biblar tilgjengelege på andre språk enn latin. Pave Innocent III oppmoda derimot til å ikkje bry seg med vanskelege teologiske spørsmål.<sup>67</sup> Husittane meinte derimot at alle burde få opplæring og verte utrusta i desse teologiske spørsmåla, slik at dei kunne forsvare trua og vite kva som var bibelsk og ikkje.<sup>68</sup> Ved å leggje om til tsjekkisk gjorde dei husittiske forkynnarane det enklare for publikum å forstå det som vart sagt, og gjorde også at publikum kunne vere kritiske til budskapen. Det at Bibelen kunne

---

<sup>61</sup> Pettegree (2005) s. 16.

<sup>62</sup> Kreitzer. I Taylor (2003) s. 41.

<sup>63</sup> Wyclif. I Hornbeck; Lahey; Somers (2013) s. 264.

<sup>64</sup> Evans (1992) s. 54.

<sup>65</sup> *From the Táborite Chiliast Articles of 1420*. I Macek (1958) s. 133

<sup>66</sup> Fudge (1998) s. 62-63.

<sup>67</sup> Utover 1400-talet skulle motstanden mot oversitjingar av Bibelen veksa, og I 1500 skulle det leggjast restriksjonar på den. Schildgen. I Donno; Gilson (2014) s.16-20.

<sup>68</sup> *Proclamations from the hills*. I Fudge (2002) s. 25.

lesast på tsjekkisk var også ein viktig del i prosessen med å læra publikum opp i skrifta og gjennom tsjekkisk forkynning lærte dei å forsvare trua si.

På talarstolane rundt om hadde prestar, på begge sider, fritt spelerom både til å tala si eiga sak, og til å svartmala motstandaren. Fleire prominente husittiske forkynnarar brukte dette til å forkynne at husittane kjempa for eit samfunn som var slik Gud hadde meint at det skulle vere. Bland dei viktigaste talarane var Jakoubek av Stříbro og Jan Želivský. Den samtidige skribenten Vavřinec av Březová tillegg Želivský og andre forkynnarar ei stor rolle i det som seinare skjedde i Praha: «Large crowds of people gathered and eagerly listened to his sermons... Inspired by his sermons and the preaching of other priests, many faithful people did not hesitate to risk the loss of their lives and properties for the truth of the communion of the chalice.»<sup>69</sup> Březová held her fram at forkynnarane med sin karisma hadde makt til å påverka store folkemengder. Gjennom talane sine spela dei ei viktig rolle i reformrørsla og i det offentlege.

Dei husittiske talarane vende seg først og fremst til dei lågare samfunnsklassane i sine talar. Želivský idealiserte det å vera fattig. Han viste til bibelhistorier der dei fattige er nemnde med namn, medan den rike er namnlaus, som i historia om den rike mannen som ikkje ville dela av si overflod med den fattige Lasarus.<sup>70</sup> Pengar vart i talane til Želivský haldne fram som rota til alt som var vondt; dei som hadde mykje ville gjerne ha meir. «As the avaricious Judas sold Christ, so many desire to become rich and sell Christ in various ways: in their hearts they seek after wealth, put their hopes upon it, and care not for the poverty of their soul, if only their bodies wax fat.»<sup>71</sup> Det Želivský hinta til i desse talane var den katolske kyrkja. Det var dei som ikkje levde etter Bibelens eksempel, og det var dei som forsøkte å tena seg rike på Jesus, slik som Judas gjorde det. Dette var med på både å danna eit fiendebilete av den griske kyrkja, som i talen hadde rolla som den rike mannen, medan folket vart knytt til Lasarus. Det var dei som var dei eigentlege kristne. Både Jakoubek og Želivský gav folk ei kjensle av at dei hadde blitt lurt av kyrkja, samstundes opphøgja dei publikum til å vera meir enn berre publikum. Dei var omtala i Bibelen, og hadde krav på dei rettane som prestane

---

<sup>69</sup> Březová: *Preachers excoriate the Emperor in sermons*. I Fudge (2002) s. 56

<sup>70</sup> Luk 16:19-31. Želivský. *From the sermon of Jan Želivský on June 18th, 1419*. I Macek (1958) s. 119.

<sup>71</sup> Želivský. *From the sermon of Jan Želivský on June 18th, 1419*. I Macek (1958) s. 120

hadde. Difor var det rett at dei også skulle ha høve til å ta del i forkynninga av Guds ord og få drikke av vinen ved nattverden.<sup>72</sup> I staden hadde prestane fremja sine eigne interesser og sett seg sjølv fremst, og ikkje gjort jobben sin som hyrdar for folket. Dette er med på å illustrere korleis folket var det sentrale i husittanes kamp, og det var mange som var samde i dei husittiske agitatorane si framstilling av rettferd og urett. Talarstolane vart slik ein viktig påverknadsfaktor i ålmenta.

Talarstolane skulle gjennom krosstogsperioden også vere ein stad for å nå folket med meldingar. Dette ser vi eit tydeleg eksempel på i eit brev frå kardinal Branda. I brevet, frå mai 1424, gav han påbod om at det skulle lesast på sundagar og festdagar, «when people have gathered to hear divine service.»<sup>73</sup> På denne måten vart talarstolane også eit medium for å informere om lover og vedtak.

Gjennom krosstogsperioden spelte talarstolane ei viktig rolle i Bøhmen. Ikkje berre vart det tillate for alle å forkynne Guds ord,<sup>74</sup> men dei vart også stader der folket fekk høyre Guds ord på sitt eige språk samt korleis kyrkja hadde undertrykt dei

### III. Falsk informasjon og trugslar

Mykje av det skrivne hadde andre føremål enn å vera argument i diskusjonar. Også det å villeia vart sett på som eit viktig grep. Før det første krosstoget finn ein brev som vart spreidde for å formidle falsk informasjon. Husittane vart mellom anna åtvara om at Sigismund ville finna måtar å ta husittane på. «If the servants of the king are unable to overcome [the heretics] by force and power, then they are to do so by deceit. If this cannot be accomplished by deceit then the same can be done through the use of flattering sermons and false promises.»<sup>75</sup> Vidare gjev brevet to døme på korleis dette ville gå føre seg. «An official of the Old Town, went through the streets showing a letter and saying, look, the best news we have from our lord the king is that he has abandoned the idea of a crusade against

---

<sup>72</sup> Husittane hadde byrja med å dela ut begge elementa av nattverden i 1414, medan Jan Hus framleis var i fengsel. Gjennom brevføring uttrykte Hus støtte til dette, og meinte det var bibelsk belegg for å halde fram med denne skikken. Hus. *John Hus to Preacher Havlik. (June 21, 1415). S. 277. Hus. To Lord John of Chlum. I Spinka (1965) s. 253. Begge tekstane i Spinka (1965)*

<sup>73</sup> Castiglione. I Fudge (2002) s. 177.

<sup>74</sup> Březová. *Hussite resolve at the end of the first crusade. I Fudge (2002) s. 83.*

<sup>75</sup> *An imperial plot revealed. I Fudge (2002) s. 55.*

us. »<sup>76</sup> Det er uvisst kven som stod bak eit slikt skriv, eller kva ein meinte å oppnå, men truleg vart det spreidd for å skapa falsk tryggleik for på den måten å bevare overraskingsmomentet ved eit eventuelt åtak. Publikum er målgruppa for keisarens ryktespreiing, og viser at det også før krosstoga vart teke på alvor som ein maktfaktor i Bøhmen.

Det same brevet held fram med å gi døme på kva trugsmål som vert fremja:

I read one such letter which was intended for some lady from a famous squire and the same lady or the lady's nephew wrote in the same letter that the king recently sent three missives to Litoměřice in order that they should be compelled to force those who receive the sacrament of the Lord's body under both kinds to renounce this. If they are not inclined to do so then they are to be arrested in person and property. Additionally, they are to prosecute ... squires and villagers known to them to be of this persuasion.<sup>77</sup>

Trugslar og tvang var eit velprøvd middel for å forsøka å styra offentlegheita. Om ålmenta syntest å gjera motstand, brukte ein vald.

At ein skreiv slike brev, viser at folkemeininga var viktig. Publikums reaksjonar spelte ei sentral rolle for både husittar og katolikkar. Det var ikkje her snakk om å overtyda nokon til å skifta meining ved hjelp av gode argument, men heller ved tvang eller lureri. På denne måten vert breva eit prov på at folks støtte var viktig, og dei kunne vere mål for truslar. Brevet tyder også på at einskildpersonar hadde høve til å ha andre meiningar enn dei leiarane ønskte at dei skulle ha, og det vart difor nødvendig å bruke trugslar for å styre kva dei skulle meine. Både større grupper og einskildpersonar kunne verte mål for brev og propaganda og dette brevet viser nokre av dei mange typane for propaganda dei vart utsette for.

Vart lureri brukt i fredstid, vart det enda vanlegare under krosstoga då falsk informasjon vart brukt aktivt. Dette ser ein mellom anna då Sigismund narra byen Louny, nord-vest i Bøhmen, til å tru at Praha og andre byar hadde overgitt seg. Med lovnader om god behandling om dei overgav seg, gjorde byen nettopp dette. Til trass for lovnadane fekk husittane hard medfart:

---

<sup>76</sup> *An imperial plot revealed*. I Fudge (2002) s. 55.

<sup>77</sup> "Ego legi unam literam, quæ cuidam dominæ est destinata a quodam famoso cliente et ejusdem dominæ consobrino vel filio sororis ipsius dominæ, qui sic scripsit in eadem litera, quod rex tres epistolas nunc noviter direxit in Lutomericz, ut eos, qui sacramentum corporis dominici sub utraque specie susceperunt, compellerent ad renuntiandum; si autem nollent, ut eosdem truncarent capitibus et bona eorum possiderent. Insuper ut et clients et villanos, quos scirent tales in circuito suo, modo suprascripto angariarent." Palacký (1873). Oversatt: *An imperial plot revealed*. I Fudge (2002) s. 55.



Many abominable acts were committed against young girls and wives and blasphemies against the sacrament of the body and the blood of the Lord Jesus Christ also took place. Those who were subjected to violence by the king's army and the women and young girls were treated so villainously that it is awful to write about it.<sup>78</sup>

Ein har også døme på at trugslar og rykte vart kombinerte, som i eit, sannsynlegvis forfalska, brev frå Jeanne d'Arc (1412-1431) som i 1430 truga husittane med at ho ville koma og ta dei om dei ikkje vende om.<sup>79</sup> Dette brevet er eit av mange i propagandaen som utgjorde ein del av offentlegheita i Bøhmen på 1420- og 30-talet, og er også døme på korleis rykte vart brukt til å forme publikums meiningar.

Carol Symes held fram at sjølv om mykje av debatten var skriftleg, vart også dei i mellomaldersamfunnet som ikkje kunne lesa og skriva inkluderte i debattane. Dei hadde også god trening i å halda ulike typar av brev ifrå kvarandre. Ho nemner som eit døme eit bondeopprør i England i 1381.

The uneducated peasants who rose in rebellion (...) were very well able to differentiate among many different kinds of Latin documents, and were keenly aware of how documentary practices worked, even though most of them were illiterate. They gained this know-how through daily participation in a medieval public sphere, shaped in this case by different local factors but functioning in analogous ways.<sup>80</sup>

Dette kan synast å stri mot Sophia Menache som hevdar at publikum var lette å lure i mellomalderen. «The significant gap between rumour and reality thus reflects not only real impediments such as long distances and primitive means of transmission but also the willingness of medieval people to rely on whatever information they received, with or without substantiation.»<sup>81</sup> Når det gjeld det husittiske Bøhmen må ein kunne gje begge historikarane rett i deira påstandar. Ein kan ikkje omtala publikum i Bøhmen ved byrjinga av 1400-talet som ei einsarta gruppe som enten klarte å skilja mellom ulike tekstar, eller ikkje. Vi har eksempel på byar som relativt enkelt let seg lure av Sigismunds løgner og lovnader om god behandling.<sup>82</sup> Samstundes vil det vera merkeleg om ikkje husittane, som la så stor vekt på utdanning, ikkje skulle vera i stand til å halda seg informert når dei britiske bøndene på slutten av 1300-talet klarte det. Før krosstoga finn vi eksempel på at dokument vart avslørt

---

<sup>78</sup> Březová. *Conquest of towns by the crusaders*. I Fudge (2002) s. 63.

<sup>79</sup> D'Arc. I Fudge (2002) s. 284-285.

<sup>80</sup> Symes. I Goodson, Lester og Symes (2010) s. 299.

<sup>81</sup> Menache (1990) s. 12.

<sup>82</sup> *Battle of Kutna Hóra*. I Fudge (2002) s. 139.

som tomme trugslar og løgn.<sup>83</sup> Trugslar og løgner var eit mykje brukt verkemiddel, og publikum var klar over at det vart brukt. Kor flinke dei var til å avsløra dokument som dette, varierte frå stad til stad, og av kor flinke avsendarane var til å kamuflere budskapet som sanning. Eg vil seinare i avhandlinga visa at mange av dei husittiske bøndene også greidde å halde desse dokumenta frå kvarandre, og deltok aktivt i det offentlege.

#### IV. Aural og oral kommunikasjon

Eit døme på korleis folket vart gjort merksam på det som vart skriva i dokumenta, er eit manifest der den ungarske kong Sigismund erklærer truskap til paven og vert utnemnd til keisar i det heilage romerske riket 25. januar 1418.<sup>84</sup> Ved opplesing av ein paveleg bulle på marknadsplassar rundt om i Europa, vart det at Sigismund var utnemnd til keisar, kunngjort. Det same vart meldinga om at dei som ikkje følgde den katolske kyrkja si lære, måtte venta seg konsekvensar. Dette ser vi eit døme på i rapporten frå Vojtěch, som var diakon i Vår Frues kyrkje i gamlebyen i Praha. Han kom med ein rapport frå konsilet i Konstanz om at Sigismund var krona, og at alle som ikkje følgde kyrkjas lære ville verta brende på bål.<sup>85</sup> Dette fekk folk vita gjennom opplesing av rapporten på marknader og frå talarstolane i kyrkjene.<sup>86</sup> Husittane måtte no også ta stilling til om dei ville halde fram med å følgje Jan Hus si lære, eller om dei ville vende tilbake til den katolske kyrkja.

Desse meldingane svarar husittane på, og ordskiftet vert dermed ein del av ein offentleg debatt som alle kunne vera vitne til. I april 1420, altså like før det første krosstoget, gjorde store delar av den tsjekkiske adelen det klart at dei støtta husittane. I eit manifest som vart sendt rundt og opplese på marknadsplassar i Bøhmen, stadfesta dei at Sigismund ikkje var vald som konge i landet, og at han ikkje var krona. Sigismund vert her halden fram som ein fiende av tsjekkarane.

First, he abused and insulted us in the eyes of all Christendom, referring to us as heretics chiefly because we receive the communion of the blessed sacrament of the body and blood of Christ, which communion was commanded by God... Additionally, he ordered his legate to proclaim a crusade against heretics which is a great dishonour and disgrace to the Czech crown and language and contrary to all rules and laws of Christianity. He also ordered miners to decapitate and throw into the mine any Czech inclined to receive the communion of the blood of the Lord... Therefore dear friends, you must understand from this, therefore, that His Majesty has

<sup>83</sup> *An imperial plot revealed*. I Fudge (2002) s. 55.

<sup>84</sup> *An emperor pledges allegiance to the Pope*. Frå Fudge (2002) s. 17.

<sup>85</sup> Vojtěch. *Report that Sigismund intends to suppress heretics*. I Fudge (2002) s. 20-21.

<sup>86</sup> Želivský. *Sermon of Priest Želivský*. I Fudge (2002) s. 21-25.

no other intention but to shamefully and brutally wreak destruction upon, and cruelly exterminate, the Czech kingdom and crown as well as and particularly the Bohemian language.<sup>87</sup>

Ikkje berre vert Sigismund her halden fram som uskikka til å vera konge i Bøhmen, og som ein fiende av alle tsjekkarar, han hadde også audmjuka tsjekkarane og ved det gjort dei stor urett. Det kom også ei åtvaring mot dei som måtte finna på å følgja han. «However, if after this warning you should ever follow or obey him as the king of Bohemia then you will forfeit honour, life and property, according to law and as individuals who have not maintained faith with their country and crown.»<sup>88</sup> Dette viser eit interessant skilje i den husittiske rørsla. Frå å verta oppmoda til å tenka sjølvstendig under Jan Hus, sender ein no ut skarp åtvaring mot å følgja kongen. Dei var no i ein posisjon der dei i stor grad hadde teke over som den leiande teologiske faktoren i Bøhmen, og for å halda på denne stillinga, byrja dei å føre ein strengare tone med dei som ikkje støtta dei fire artiklane. Denne åtvaringa er retta mot folket, og viser at folket har eit val når det kjem til kven dei skal støtta. Ein ser derimot ei innskrenking av fridomen til å velja den ein vil, i og med at det vil få store konsekvensar om ein vel feil. Dette er ein rimeleg følge av at ein er i ein krigssituasjon, og dette gjorde seg gjeldande gjennom heile krosstogsperioden.

Publikum hadde altså god tilgang på informasjon i 1400-talets Bøhmen. Ålmenta vart gjort kjend med det som hende via det skrivne ord, gjennom opplesing av brev og dokument. Men mykje av denne kommunikasjonen nådde berre byane og marknadsplassane, medan det var vanskelegare å spreie han til dei mange innbyggjarane som budde utanfor dei store sentra.

### Songar og bilete som ein del av det offentlege

Det var langt frå berre det skrivne og lesinga av dokument på marknader og talarstolar som utgjorde talerør i mellomalderens ålmente. Nokre av dei sterkaste, og mest brukte, midla var av ein annan karakter. Noko av det publikum oftast tydde til når dei ville ytra seg offentleg, var songar og bilete. Og desse ytringane viste seg både å vera provoserande og vanskelege å styra. Dei skulle også vise seg å vere eit effektivt middel til å nå ut til publikum utanfor byane.

---

<sup>87</sup> Vartenberk. Rožmberk *Bohemian side with the heretics*. I Fudge (2002) s. 61-62.

<sup>88</sup> Vartenberk. Rožmberk *Bohemian nobility side with the heretics*. I Fudge (2002) s. 62.

## I. Songar

Jan Hus song like inn i døden,<sup>89</sup> dei husittiske hærane song medan dei marsjerte mot slagmarka,<sup>90</sup> born song songar om husittane i Prahas gater<sup>91</sup> og konsilet song då dei hadde stadfesta ein avtale om å semja den greske og den latinske kyrkja.<sup>92</sup> Songar vart brukte til å markere sigrar<sup>93</sup> og for å fordele skuld ved nederlag.<sup>94</sup> Song var ein viktig del av mellomaldersamfunnet og kasta lys over mange aspekt ved samfunnet.

*Ye warriors of God  
And of His Law  
Pray for God's help  
And believe in Him,  
So that with Him you will ever be victorious!*<sup>95</sup>

Sjølv om mykje av det som vart skrive, vart lese opp for forsamlingar, var det langt frå alt som vart lese. Det var dessutan vanskeleg å skulle spreie budskapar til grissgrendte område. For å nå også desse, spela song ei avgjerande rolle. Song var ein viktig del av mellomalderens Europa,<sup>96</sup> og var også eit uttrykk for populærkulturen i Bøhmen. Andrew Pettegree held fram korleis personar frå ulike samfunnslag kunne einas om den same budskapen gjennom song.<sup>97</sup> Gjennom songar kunne ein få store grupper til å oppleve og gje uttrykk for at ein stod samla, songane kunne gjere det klart kva det var ein kjempa for og imot, kva ein stod for, eller dei gav råd om korleis ein skulle oppføre seg. I følgje Thomas Fudge var mykje av songane like mykje kommunikasjon som propaganda, og utgjorde ein av dei viktigaste kommunikasjonskanalane i mellomalderen. «When the same opinion is embodied in the lyrics of a ditty or song and sung by the masses... then it may reasonably be considered a direct popular expression.<sup>98</sup> Song er difor ein reiskap som må takast alvorleg når ein ser på

<sup>89</sup> Mladoňovice. *The execution of Hus, 6 July 1415*. I Crowder (1977) s. 95.

<sup>90</sup> Čapek. *Battle Song of the Hussites*. I Fudge (2002); s. 66-68. *Ye warriors of God*. I Macek (1958) s. 134-135.

<sup>91</sup> Březová. *Crusaders and Heretics in the Battle of Vitkov*. Frå Fudge (2002) s. 78; Čapek. *The Children's song of victory*. I Fudge (2002) s. 81-82.

<sup>92</sup> *Act of union 'Laetentur caeli' with the Greek church, 6 July 1439 (1st session in Florence)*. I Crowder (1977) s. 172.

<sup>93</sup> Březová. *Hussite song of victory at Domažlice*. s. 320-321; Čapek. *Song of triumph after the first Crusade*. s. 80-81; *Song of Victory over Sigismund at Nemecky Brod, 1422*. s. 147-148. Alle tekstar i Fudge (2002).

<sup>94</sup> *Lamentation on the Debacle in north Bohemia*. I Fudge (2002). S. 208-210; Rosenblüt. *Poem on the Fifth Crusade*. I Fudge (2002) s. 322-330.

<sup>95</sup> *Ye warriors of God*. I Macek (1958) s. 134.

<sup>96</sup> Burke (1994) s. 95.

<sup>97</sup> Pettegree (2005) s. 61.

<sup>98</sup> Fudge (1998) s. 186.

offentlegheita i mellomalderen.

«Through the medium of the song the message could take flight from the proverbial pages of the book to reach those conventionally illiterate.»<sup>99</sup> Song var ein måte å få informert dei store massane. Så mektig var dette verkemiddelet at det alt i 1408 vart lagt restriksjonar på kva type songar som kunne syngast i Prahas gater. I 1418 kom konsilet i Konstanz med nye avgrensingar då dei forbaud songar som tala nedlatande om konsilet eller katolske menn, eller som prisa Hus eller andre viktige personar i den husittiske rørsla.<sup>100</sup> «As late as the 1460s the papal diplomat Fantino de Valle, was still urging King Jiří of Poděbrady to suppress all Czech songs which defamed the pope and the Roman Church.»<sup>101</sup> Desse lovene er med på å visa kva for eit mektig instrument song var i mellomalderen. Lovene vart brotne ved fleire høve, t.d. alt i 1412, då dei som støtta Jan Hus i hans kamp mot sal av avlat, valde å visa si støtte i demonstrasjonar i gatene. «Jerome of Prague inveighed against the 'worthless' indulgences and accosted physically those who sold them, while processions throughout Prague ridiculed the official church through the use of songs, pictures and dramaturgy.»<sup>102</sup> Denne type ulydnad skulle ikkje verta mindre etter at husittane tok over makta i Bøhmen. Sjølv om det var forbode å synga desse songane i gatene, var folk villige til å bryta reglane for å verta høyrd. Songane vart eit middel for massane til å uttrykkja meiningane sine, og på den måten delta i ålmenta. Dei var også eit middel for å skapa samhald om kampsakene, og for å skapa eit større skilje mellom ein sjølv og dei ein såg som fiendar. Songane bygde opp under kampmoralen og styrkte avskyen for fiendens handlingar.

I følge Franz-Josef Arlinghaus hadde det han kalla «performative acts» to føremål:

«Performative acts make it possible to communicate and create two conflicting elements: diversity and unity.»<sup>103</sup> Dette ser vi også bland husittane, der begge katogoriane ofte brukte tilvisningar til bibelske tekstar. Songar som var meinte å føre husittane saman, samanlikna ofte husittanes sak med hendingar frå Bibelen, der dei bibelske førebileta vart framstilte som husittar.<sup>104</sup> Dette vart gjort for å danne eit bilete av husittanes kamp som Guds kamp. På

---

<sup>99</sup> Fudge (1998) s. 189.

<sup>100</sup> *Resolution against the Hussites*. I Fudge (2002) s. 19.

<sup>101</sup> Fudge (1998) s. 213. Sjå også Heymann (1962).

<sup>102</sup> Fudge (1998) s. 79-80.

<sup>103</sup> Arlinghaus. I Goodson. Lester. Symes. (2010) s. 229-230.

<sup>104</sup> Čapek. *Song of triumph after the first crusade*. I Fudge (2002) s. 80

same måten vart fienden halden fram som Antikrist, og songar drog ofte samanlikningar mellom paven og djevelen, eller framstilte dei som griske.

*Again, the system of the Curia:  
Someone wishes to enter.  
Who are you? Me. What do you want?  
To enter. Do you bring anything?  
No. Stay out! I do bring  
Something. What? Enough. Enter!*<sup>105</sup>

I denne songen freista den husittiske songforfattaren å framstilla kurien i Vatikanet, som var pavekyrkjas statsforvaltning, som kun oppteken av pengar og utan interesse for dei som ikkje kunne bidra økonomisk.

På den måten danna dei eit fiendebilete som stod i sterk kontrast til heilaggjeringa av husittane og deira kampsak. Ein kategori som Arlinghaus utelet, er songar som hadde som føremål å skape moralske haldningar i publikum. Dette ser vi spesielt er retta inn mot soldatar, noko ein ser eit døme på i den kjende husittiske krigssongen *Ye warriors of God*:

*You men of supplies and advance guards,  
Think of the souls  
That you not forfeit lives  
By greed and robbery,  
And never let yourselves be tempted by spoil!*<sup>106</sup>

Eit anna døme fortalte om korleis prestane ikkje ønskte at publikum skulle kjenna til Guds ord, og kan stå som ei oppsummering på korleis husittane såg pavekyrkja:

*They all praise the pope  
Because they look for simonical wealth with him  
They oppose God  
Although many of them confess that God's law  
commands all to drink God's blood and eat his body  
but this is not commanded by the pope.  
They do not let the gospel be preached  
read or sung to the simple people  
They do not wish to talk about God  
but only run after wealth  
O Judas clergy.*<sup>107</sup>

Dette var eit tema som var lett å kjenna seg igjen i for bønder og handtverkarar, som alle

---

<sup>105</sup> Fudge (1998). s. 219

<sup>106</sup> *Ye warriors of God*. I Macek (1958) s. 135.

<sup>107</sup> Fudge (1998) s. 191.

visste korleis det var å måtta betala skattar til kyrkja.

Forboda, og det at dei var brotne, vitnar både om populariteten mange av desse songane hadde, men også om at innhaldet vart lagt merke til og hadde kraft til å påverka. Men først og fremst viser det frykta makthavarane hadde for sprengkrafta i songtekstane, og for dei konsekvensane det kunne få at dei vart sungne i byar, heimar og langs vegane i Bøhmen. Songar vart lærte av massane og formidla vidare, på gater, i heimar og på torg, og på den måten spreidde til stadig nye tilhøyrarar. Historikaren Andrew Pettegree held fram korleis det var vanleg å syngja medan ein var på vandring, og korleis det var ei kommunikasjonsform som ikkje var knytt til eit spesielt samfunnslag.<sup>108</sup> Populære songar vart difor spreidde svært raskt, noko som gjorde det til eit av husittanes viktigaste våpen i propagandakampen. Gjennom song hadde husittane eit medium som gjorde at mange fekk høyra deira side av konflikten.

Mange av dei husittiske songane frå Bøhmen er skrivne av personar som stod sentralt i rørsla, slike som presten Jan Čapek. Om songane kun hadde kome frå høgare hald blant husittane, kunne ein ha avskrive dei som eit middel frå dei som styrte, brukt til å kontrollera massane. Men ein ser tvert imot at forfattarane av dei husittiske songane er mange og varierte. Både sentrale figurar og personar frå lågare samfunnslag og som ein ikkje skulle tru spela noka større rolle i det offentlege, skreiv songar som vart brukte av folket i Bøhmen.<sup>109</sup> Mange av desse songane vart særst populære i landet. Dette meiner Thomas Fudge kan fortelja noko om folkets syn på husittane. «It would seem that an idea could not gain a wide hearing in an oral culture if it did not reflect the sentiment of a fairly wide segment of that society.»<sup>110</sup> Fudge hevdar vidare at vi kan sjå denne støtta både i populariteten til songane, og i talet på songskaparar,<sup>111</sup> samt i pavekyrkjas stadige forsøk på å kontrollera dette kommunikasjonsmiddelet.

Somme av dei beste eksempla på effekten song hadde, ser ein i songar som inneheld viktig ideologisk innhald. I 1417 laga presten Jan Čapek ein song der han artikulerte ein husittisk

---

<sup>108</sup> Pettegree (2005) s. 41-42.

<sup>109</sup> Fudge (1998) s. 214.

<sup>110</sup> Fudge (1998) s. 215.

<sup>111</sup> Fudge (1998) s. 192.

doktrine. Denne doktrinen vart lesen for ei forsamling i kapellet Betlehem alt våren 1413. Men for å få læra formidla til folket, såg ein nytten av å laga ein song som målbar henne. Ved å gjere dette, skulle doktrinane få nytt liv, og folket skulle ein gong for alle lære dei. Songen som Čapek laga vart særst populær i Bøhmen,<sup>112</sup> og husittane hadde ved det fått si kampsak sunge i heile landet. Jan Čapek var nok kjend med at mange ikkje egentlig visste kva det var husittane kjempa for. Grepet med å setja melodi til viktige doktrinar gjorde at fleire fekk høyre og lære seg dei.

Husittanes bruk av songar var eit særst effektivt middel i propagandakampen i Bøhmen. Det vart dessutan eit effektivt middel for den enkelte til å delta og å ha ei stemme i det offentlege. Andrew Pettegree ser husittanes bruk av song som eit førebilete for reformatorar på 1500-talet, både når det galdt retorikk og satiriske omtale av den katolske kyrkja, men også når det kom til bruk av song som kommunikasjon. «The long daily sermons and popular songs together characterized the dominant form of communication in the movement».<sup>113</sup> Husittane sin bruk av song for å spreia sin bodskap i det offentlege var særst effektiv. Songane vart lærte av publikum som så bar bodskapen vidare. På den måten var husittanes song eit middel for både latterleggjering av fienden, og som eit dialogisk verktøy, det var debatt og propaganda. Martin Luthers skildring av song under den protestantiske reformasjonen på 1500-talet kan også nyttast for å skildra song hjå husittane: «To make vernacular psalms for the people, that is spiritual songs, so that the Word of God even by means of song may live among the people. We know that singing has the power to enflame the hearts of men so that they praise God with an ever more vehement zeal.»<sup>114</sup>

## II. Bilete

*Biblia pauperum*, dei fattiges bibel, bestod av bibelforteljingane i enkle bilete, i kyrkjene, eller som tresnitt. Historikar R. W. Scribner meiner rolla lesne dokument spela for dei reformatoriske rørslene er overvurdert. Han held i staden fram at det visuelle spela ei viktig rolle. Bileta skulle lede dei til Gud, og mange bilete fortalte dei ein historie.<sup>115</sup> Det var avgrensa kva dei ulærde fekk ut av prestens messing på latin. Bileta kravde derimot ikkje at

---

<sup>112</sup> Fudge (1998) s. 192.

<sup>113</sup> Pettegree (2005) s. 54.

<sup>114</sup> Pettegree (2005) s. 41.

<sup>115</sup> Scribner (1994) s. 3-4.



ein kunne språket til dei lærde. Difor vart det flittig brukt bilete både i undervisning og i konflikten mellom husittane og pavekyrkja.

Omkring 1412 laga Nicholas av Dresden eit verk som i dag dessverre er gått tapt, som skulle visa kontrastane mellom paven og Kristus. Nicholas sjølv skildra verket i *Tabulae novi et veteris coloris*: «This work contrasted the primitive church (the old colour) with the Roman church (the new colour) employing the effective mode of juxtaposing antithetical texts.»<sup>116</sup> Ved å gjera dette, synleggjorde Nicholas skilnadane mellom dei, og vart eit førebilete for mykje av dei seinare bileta som husittane skulle ta i bruk. Biletet viste Jesus som audmjukt bar krossen, medan paven reid på hest. Ein annan del av biletet viste Jesus som vaska føtene til disiplane, medan paven fekk sine føter kyssa av munkar.

This latter picture is titled 'the servant of the servants of the Lord having his blessed feet kissed'. Another picture featured the Pope as Antichrist<sup>117</sup> attended by a number of whores ... While no known copy exists, Hussites in Hungary were reported to have depicted the Pope celebrating mass being served by the devil while an entourage of demons stood around the altar.<sup>118</sup>

Slike bilete illustrerte for folket kva det var husittane opponerte mot; først og fremst var det paven, som hevda å vera Jesu representant, men som ikkje var som Jesus. Dette er eksempel på korleis bilete effektivt kunne fortelje ei historie til dei som ikkje kunne lese.

Den vanlegaste biletkunsten blant husittane i tida før krosstoga, var mindre bilete som kunne brukast i protestar mot kyrkja.<sup>119</sup> Ved å bera desse gjennom gatene formidla ein samstundes innhaldet i protesten til alle som såg det, anten dei kunne lese eller ikkje. Det vart med det også eit uttrykk for både enkeltpersonars og folkemengders meiningar. Biletbruken vart lagt merke til, noko vi ser døme på då nokre av pavens tilhengjarar i 1415 protesterte mot den krasse antikatolske propagandaen. Dei påstod at husittanes bilete var for grove, og at dei kunne vekkje harme mot pavekyrkja hjå resten av folket.<sup>120</sup> Nokre av desse bileta viste satirisk korleis kyrkja sette pavens ord over Bibelens, og på den måten gjorde paven eller

---

<sup>116</sup> Fudge (1998) s. 227.

<sup>117</sup> Også når det kom til kven Antikrist var, skulle dette vera eit tema som vart diskutert mellom husittane. Men trass i dette var dei einige om at han trivdes hjå fienden. «Hussite writers did not agree whether the Antichrist was an individual or an aggregate personality, a person or a mystical tendency, they did agree that the Antichrist was thriving under the papacy.» Scribner (1994) *For the Sake of Simple Folk*. S. 149.

<sup>118</sup> Fudge (1998) s. 227.

<sup>119</sup> Fudge (1998) s. 79-80.

<sup>120</sup> Fudge (1998) s. 227.

konsilet til Gud. Til trass for protestane heldt bileta fram med å vera ein viktig uttrykksform.

Vel så mykje oppsikt som biletskapinga, vekte likevel biletøydinga. Den kravde ingen kunstnarlege gåver eller utdanning, men kunne utøvast av mange, slik det også vart gjort i tida kring husittkrigane.

### *Ikonoklasme*

At bilete og monument spelar ei stor rolle i reformrørsler, ser vi døme på i måten mange katolske monument vert handsama på i ulike protestantiske grupperingar. Ikonoklasme og det å nedverdiga katolske bilete og skulpturar, var også ei uttrykksform for husittane, som gjekk hardt til verks mot katolske kyrkjer og kloster. Jerome av Praha<sup>121</sup> (1379-1416), ein av dei leiande personane i den tidlege husittismen, vart mellom anna skulda for å smørja avføring på skulpturar av helgenar i ei katolsk kyrkje.<sup>122</sup> Ein har døme på at ikonoklasme i stor grad vart utøvd av publikum for å visa på kva side dei stod på. Mellom anna kutta dei av hender og øyre på statuar i lokale kloster.<sup>123</sup> På den måten vart dette ein offentleg uttrykksmåte. Det var ei symbolsk handling som viste at ein tok avstand frå det ein såg på som avgudsbilete. Dette var eit omfattande fenomen, og vart fleire gongar påpeikt i katolske tekstar.<sup>124</sup> Dei mange åtaka på katolske monument og bilete leia til at konsilet i Konstanz i 1418 kom med ei fordømming av husittanes framferd. «The rituals and ceremonies of the Christian religion concerning the holy and divine cult, images and the veneration of the relics shall be observed and transgressors shall be truly punished».<sup>125</sup>

Husittanes ikonoklasme like før og under krosstoga, hadde røter i reformrørslas tidlege barndom. Alt i 1389 vart Matěj av Janov (-1394), ein skarp kritikar av den katolske kyrkja og eit av førebileta til husittrørsla, saman med to andre, stilt for retten klaga for kjetteri og for å ha vist ikonoklastiske tendensar.<sup>126</sup> Ikonoklasmen gav høve til å visa avstand til den katolske

---

<sup>121</sup> Jerome spela ei sentral rolle i reformrørsla. Han vert mellom anna halden fram som ein av pådrivarane for å innføra nattverd med begge element. I 1416 leid han same skjebne som Jan Hus, då han av konsilet i Konstanz vart dømd til døden og brend på bål. Fudge (1998) s. 88-89. Sjå også Hus. *Hus to his friends at Constance. Constance, Franciscan prison, 5 July 1415*. S. 103; Pulka. *Letter of 27 April 1415*. S. 131. Begge tekstar i Crowder (1977).

<sup>122</sup> Fudge (1998) s. 253.

<sup>123</sup> Fudge (1998) s. 141.

<sup>124</sup> Długosz. S. 144; Martin V. *Pope Martin V presses for military solution*. S. 152. Begge tekstar i Fudge (1998).

<sup>125</sup> *Resolution against the Hussites*. I Fudge (2002) s. 20.

<sup>126</sup> Fudge (1998) s. 55.

kyrkja. Desse herjingane vart mykje omtala av den katolske kyrkja, som mellom anna kravde av husittane at dei skulle levera tilbake konfiskerte relikviar.<sup>127</sup>

Husittane grunna øydelegging og tilgrising av statuar og bilete, i at dei var avgudsbilete. Helgenbileta var avgudar som katolikkane tilbad i staden for den einaste Gud. Ved å øydeleggja dei viste ein tydeleg for omverda, og for kyrkja, at ein ikkje ville ta del i denne forma for gudsdyrking. Táboritane meinte ei kyrkje som hadde helgenar samstundes hadde avgudar, og var difor ei hån mot Gud.<sup>128</sup> I den strenge kunst-praksisen var det berre krossen som var godteken,<sup>129</sup> og vi har eksempel på at sjølv bilete av Jesus vart gøymd vekk så ikkje husittane skulle øydeleggje dei.<sup>130</sup> Bileta skulle ikkje ta fokuset vekk frå det einaste sanne, Guds ord. Det heilage kunne dessutan ikkje vere i objekta, og objekta vart difor idol som bidrog til ei feil forståing av det heilage.<sup>131</sup>

Enkelte grupper tok det enda eit steg vidare, noko som vart flittig brukt i det skremmebiletet katolikkane ønska å skapa av husittane. I eit brev til byen Budyšin, datert 15. Mars 1420, åtvare Sigismund mot det komande krosstoget, og rettferdiggjorde det med husittanes grusame handlingar som alt var kjende for alle.

Since it has been spread widely and known throughout the land, there is no need to describe the horrible faithlessness, folly, crimes and dishonourable deeds of the Wyclifites, otherwise called Hussites, which they have been perpetrating for a long time and do so daily by destroying churches and through many other inhumane things against the Christian faith, the holy Roman Church and therefore against us as well.<sup>132</sup>

Ikkje berre bilete og statuar vart øydelagde, men heile bygningar vart rivne eller brende, fordi dei vart sett på som tempel for den katolske kyrkjjas avgudsdyrking. Dette vart også omtala i ein av táboritanes artiklar: «Every church, chapel or altar built to the honour of the Lord God or of any saint, shall be destroyed and burnt as a place of idolatry».<sup>133</sup> Dette forsøkte den katolske kyrkja, og keisar Sigismund å visa omverda, for på den måten å skape eit negativt bilete av husittane i det offentlege.

---

<sup>127</sup> *Resolutions against the Hussites*. I Fudge (2002) s. 19.

<sup>128</sup> Heymann (1955) s. 77.

<sup>129</sup> Wood. I Brown (2014). s. 281.

<sup>130</sup> *A call for renewed crusade*. I Fudge (2002) s. 267.

<sup>131</sup> Rasmussen. I Kolrud, Prusac (2014). *Iconoclasm from Antiquity to modernity*. S. 107.

<sup>132</sup> Sigismund. *Unrepentant heretics to be executed*. I Fudge (2002) s. 57-58.

<sup>133</sup> *From the Táborite chiliast articles of 1420*. I Macek (1958) s. 132.

Under krosstoga ser ein fleire eksempel på at det vert lagt ned forbod mot bilete av helgenar i byar som vart tekene av táboritane. Den husittiske generalen Jan Žižka vart ved byrjinga av 1420-talet halden fram som ein av dei som kjempa mot desse bileta. «He began to rage at the Catholics and their churches and did not tolerate any statue or picture of the saints any longer.»<sup>134</sup> Pave Martin V held i 1422 husittanes øydelegging av katolske bilete fram som eit stort problem.

This disgusting heresy violates not only the Law of God... but destroys the holy temples, murders priests, violently plunders the decorations of the churches which have been designed for the worship of God. This heresy dishonours all that is sacred and... alters the lives of people which have been instituted by reason and law.<sup>135</sup>

Under krosstoga vart biletbuken eit symbol på kva side ein høyrde til. Under slaget om Kutná Hora, i desember 1421, valde mange av byens innbyggjarar å hengje opp bilete av Jesus og helgenane for å visa at dei ikkje var husittar, og på den måten verte sparte av den katolske hæren.<sup>136</sup> Bilete vart ei offentleg ytring som skulle fortelje om kvar ein hadde lojaliteten sin, og eit middel for å ta avstand frå fienden. Samstundes bidrog ikonoklasmen til å skapa større avstand mellom katolikkar og husittar, og gjorde det vanskelegare for dei to sidene å ha ein dialog. Sjølv om det var ein måte å uttrykkje avstand på, førte det også til at ein innsnevra ålmenta, ved at ein så klart avfeia den eine sida av ordskiftet.

Blant husittane var det usemje om kva syn ein skulle ha på biletkunst. Mange deltok i øydelegging av bilete og skulpturar, også leiande personar som Jerome av Praha. Spesielt bland táboritane kunne ein ha eit strengt syn på biletkunst. Andre var meir forsiktige i sin omtale av ikonoklasmen. Mellom dei var engelskmannen Peter Payne, ein viktig person i husittrørsla på 1420- og 30-talet, som gjennom eit forsvar av Wyclif argumenterte for at bilete kunne spele ei positiv rolle i tilbedinga av Gud, og at dei difor ikkje skulle øydeleggjast. Samstundes frykta han at bileta kunne villeie.<sup>137</sup>

Ikonoklasmen var ein del av propagandaen. Kunsthistorikar Mia Mouchizuki held fram at det synlege aspektet ved ikonoklasmen var viktig. Det var viktig for dei som øydela bileta og

---

<sup>134</sup> Długosz. I Fudge (2002) s. 144.

<sup>135</sup> Martin V. *Pope Martin V presses for military solution*. I Fudge (2002) s. 152.

<sup>136</sup> Březová. *Battle for Kutná Hora*. I Fudge (2002) s. 141.

<sup>137</sup> Cook.. I *Church History, Vol 42, No 3*. (1973) s. 337

skulpturane, at det var klårt for alle at det nettopp var dei som hadde gjort dette.<sup>138</sup> På den måten kunne dei som gjorde det, visa at dei klårt tok avstand frå det som dei øydela og samstundes senda ei kraftfull melding om kva ein trudde på. Forholdet til bilete var difor viktig i den offentlege sfæra. Gjennom å skape bilete som syneleggjorde ulikskapar, gjennom å protestere i gatene medan ein viste bilete, og gjennom øydelegging av det ein såg som avgudsbilete, vart bileta organ for, og grunn til, offentlege ytringar.

### Folkesamlingar, demonstrasjonar og opprør

Det kan verka som om konsilet trudde dei skulle få bukt med kjetteriet i Bøhmen då dei drap Jan Hus. Det var ikkje noko nytt at grupper gjorde opprør i mellomalderen, men som regel var desse opprøra lette å få has på. Så snart ein klarte å verta kvitt leiaren, forsvann også opprøret.<sup>139</sup> Konsilet vona nok at det same ville skje blant husittane. «Instead, Bohemia exploded in rebellion.»<sup>140</sup>

Den stadig aukande spenninga i folket førte til at det vart innført eit forbod mot store prosesjonar og demonstrasjonar i Praha. Til trass for dette skulle det berre gå dagar frå forbodet vart innført til ei rasande folkemengd, leia av den husittiske presten Jan Želivský (1380-1422), tok seg inn i den nye byrådsbygninga der dei, den 30. juli 1419, kasta to byrådar ut av vindauget.<sup>141</sup> Denne hendinga gjorde at ei semje med den katolske kyrkja vart ytterlegare vanskeleggjort. Etter dette vart det ikkje uvanleg å samlast i grupper for å høyra husittisk forkynning eller for å delta i husittiske prosesjonar.<sup>142</sup> Ved å offentleg visa at ein deltok i det som av pavekyrkja vart sett som ei kjettarsk rørsle, tok publikum også avstand frå kyrkjias påbod. Vanlege menneske braut altså med forbodet som vart lagt på dei, for å samlast rundt forkynnara, eller for å sjølv forkynne Guds ord.

---

<sup>138</sup> Mouchizuki. I Brown (2014) s. 458. Det har vore mange ulike syn på ikonoklasme hjå ulike reformatorar. Wycliffe hadde eit positivt syn på bilete, ikkje ulikt Martin Luther. «He believed that images were permissible if they were used to fix one's eyes on the creator.» Cook. I *Church History, Vol 42, No 3.* (1973) s. 336; Calvin derimot grunn gav bileteforbodet med tekstar frå mosebøkene. Calvin. I Nielsen (2014) s. 118-119; Under reformasjonstida var ikonoklasme mykje diskutert og sjølv om Luther i stor grad var imot dette, var det mange ulike syn mellom lutheranarane. Kolrud, Prusac. I Kolrud, Prusac (2014). S. 3.

<sup>139</sup> Fourquin (1978) s. 79.

<sup>140</sup> Crowder (1977) S. 16.

<sup>141</sup> Fudge (1998) s. 255. Denne hendinga er kjent som Prahas første defenestrering, og vert ofte halden fram som starten på husittkrigane. Den andre defenestreringa fant stad i 1618 og skulle markera byrjinga på 30-årskrigen. Wilson (2009) s. 3-4.

<sup>142</sup> Fudge (1998) s. 255.

Også før Želivský hadde oppelda folket til å demonstrere mot makthavarane i Praha, hadde den første av tre store husittiske samlingar i 1419, funne stad.<sup>143</sup> Denne første samlinga var på Táborfjellet sør i Bøhmen, der mange tusen tok imot nattverd med begge elementa, brød og vin.<sup>144</sup> Denne samlinga må sjåast i samband med det alt nemnde opprøret i Praha åtte dagar seinare. Samlinga på Táborfjellet låg utanfor dei store byane, og det massive oppmøtet der kan ikkje tolkast som noko anna enn at publikum uttrykte si meining ved å bruke beina, og ved å ta imot nattverd i strid med den katolske kyrkjias lære og praksis. Det var eit medvite val å forlate heimane for å møte opp på denne samlinga. Dei to andre møta hadde også eit stort oppmøte og bidrog til å demonstrera husittanes veksande makt i Bøhmen.<sup>145</sup>

Publikum hadde vist at dei ønskte å ha ei stemme, og sjølv om det vart laga forbod for å kontrollere kva som vart ytra i det offentlege, og på den måten styre ålmenta, så vart desse forboda raskt brotne. Desse møta må ha gjort inntrykk på innbyggjarane i Bøhmen. Husittane viser ved desse høva styrke og handlekraft. Konsekvensane av møta var så store, at dronning Žofie<sup>146</sup> og den mektige greven Čeněk av Vartenberk, gjorde, med hell, det dei kunne for å forhindra eit fjerde møte, i frykt for opptøyar.<sup>147</sup>

Sjølv om det ikkje vart noko av eit fjerde møte, skulle desse demonstrasjonane visa seg viktige for etableringa av husittismen som den dominerande makta i Bøhmen. Husittane synta at dei var mange og sterke, og at dei ikkje kunne haldast nede eller kontrollerast. Etter desse samlingane vart også publikums deltaking i det offentlege meir tydeleg, og ein har døme på at dei uttrykkjer seg på måtar som tidlegare ikkje hadde vore mogleg. «The Roman Church was defamed in the streets, religious houses looted and defiled in a most obnoxious manner, scandalous posters appeared in public places and even the Bible was being taught by laypeople in taverns.»<sup>148</sup> Ein ser altså at publikum uttrykkjer seg forholdsviss fritt både i

---

<sup>143</sup> Ved den første av desse samlingane, kalla dei fram møtte seg for husittar. Fudge (1998) s. 255.

<sup>144</sup> *Proclamation from the hills*. I Fudge (2002) s. 25-26.

<sup>145</sup> Fudge (1998) s. 255-256.

<sup>146</sup> Dronning Žofie hadde i mange år vore ein tilhengjar av husittane. Ho var ofte til stades i kapellet Betlehem for å høyra Jan Hus tala, og i 1419 vart ho skulda for å stå bak avsetjing av katolske prestar og innsetjing av husittiske. Desse skuldingane føte henne tilbake til den katolske kyrkja. Fudge (1998) s. 91.

<sup>147</sup> Fudge (1998) s. 257.

<sup>148</sup> Fudge (1998) s. 257.

bilete, i samtalar og ved at dei forkynner Guds ord. Dette er eit klårt døme på at publikum deltek i det offentlege. Denne deltakinga fall ikkje i god jord hjå konsilet. I ein resolusjon mot husittane frå same året (1419) la dei inn eit forbod mot at lekmenn skulle kunne forkynne.<sup>149</sup>

Bøhmens innbyggjarar var derimot ikkje samstemte i si støtte til husittane. I november 1419 kjem det til dei første militære konfrontasjonane då den adelege Petr av Šternberk går til åtak på husittiske pilegrimar.<sup>150</sup> Sjølv om store delar av Bøhmen støtta husittane si sak, var det gjennom heile krossfararperioden mange som heldt på sympatien for den katolske kyrkja, og i mange av byane fanst det representantar frå begge grupper, noko ein ser døme på i Praha og Plzeň.<sup>151</sup>

I Kutná Hora vart fleire tusen husittar kasta i minene for å døy,<sup>152</sup> ei forfølging som Sigismund gav si velsigning til.<sup>153</sup> Forfølgingar fekk også sitt å seie for ålmenta. Ein ser fleire eksempel på at personar skiftar side etter bruk av tvang, og offentleg viser støtte til den sida dei tidlegare såg som fienden.<sup>154</sup> Det at tvang og vald kunne få folket til å skifte side, førte også til at Friedrich av Brandenburg, som etter ein liturgisk seremoni vart given krossfararbanneret og utnemnd til leiar for det tredje krosstoget,<sup>155</sup> fekk frie taumar i Bøhmen. «We [Sigismund] give him power, by virtue of this letter,... to punish them in body and in property, to torture and put to death by burning or otherwise. Capture them and do with them as he wishes.»<sup>156</sup>

Medan den katolske kyrkja gjorde seg klar til å senda eit krosstog mot Bøhmen, var området alt splitta av indre uro. Desse indre stridane kom til å gjere seg gjeldande gjennom heile

---

<sup>149</sup> *Resolution against the Hussites*. I Fudge (2002) s. 20.

<sup>150</sup> *First military action: Surprise attack at Živohošť*. I Fudge (2002) s. 30.

<sup>151</sup> *First military action: Surprise attack at Živohošť*. I Fudge (2002) s. 30-31.

<sup>152</sup> Březová. *Pre-crusade suppression of Hussite heretics*. I Fudge (2002) s. 41. Jan Hus spådde forfølging i Bøhmen like før han vart henretta. «I think there will be a great persecution in the kingdom of Bohemia of those who serve God faithfully.» Hus. *To Wenceslas of Dubá and John of Chlum. Constance, Franciscan prison, circa 18-21 June 1415*. I Crowder (1977) s. 101.

<sup>153</sup> Sigismund. *Letter of Sigismund to the town of Budyšin*. I Fudge (2002) s. 42.

<sup>154</sup> «Hungarians and Tartars... killed about 1,300 people... Because of this, the barons and nobles of Moravia, who had been supporters of the truth, now denounced the Four Articles.» Březová. *Battle of Kutná Hora*. I Fudge (2002) s. 137. Tidleg på 1400-talet reiste to av universitetets framste forkjemparar for Wyclifs lære, Stanislav av Snojmo og Štěphán Pálec, til Roma for å diskutere teologi med paven. Dei skulle verte fengsla av kardinal Baldassare Cossa, seinare pave Johannes XXIII. Då dei var slepte fri nesten eit år seinare var dei konvertert til katolisismen, og skulle kritisere Hus og hans lære. Fudge (1998) s. 69.

<sup>155</sup> Regensburg. I Fudge (2002) s. 156-158. Friedrich skulle også vere ansvarleg for det 4. og 5. krosstoget. Brandenburg. I Fudge (2002) s. 239. Sigismund. *Ceremonies for the fifth crusade*. I Fudge s. 301.

<sup>156</sup> Sigismund. *Ceremonies for the crusade expeditions*. I Fudge (2002) s. 159.

krosstogsperioden, og både danne grunnlag for debatt, men også for husittanes fall i Bøhmen.

**Paveleg bulle og trugslar om forfølgning. Den katolske stemma i Bøhmens ålmente.**

I februar 1418 vart det skriva ein paveleg bulle som fordømde Jan Hus og hans lære, og kom med 45 artiklar som skulle avsløra husittisk kjetteri.<sup>157</sup> Den 17. mars året etter vart bullen lesen opp på ein talarstol i Wrocław, ein by i dagens Polen, av den pavelege legaten, og biskop av Lucena, Ferdinand. Bullen slo fast at alle skulle få sjansen til å angra kjetteriet sitt. Om ein derimot valde å halda fast ved sympatiane for Hus, ville konsekvensane verta store.<sup>158</sup> Det kan verka som om Wrocław, som Praha, var ein splitta by. Sigismund kunne fritt reisa til byen, det same kunne biskopen Jan Železný, som hadde vore ein fiende av Jan Hus.<sup>159</sup> Samstundes er det tydeleg at det var mange med sympati for husittane i denne byen. Før opplesinga av bullen fekk Sigismund tre menn frå Praha brende på bål, to av dei vart først dregne av hestar gjennom byens gater. Han halshogde også 26 frå Wrocław's eldsteråd grunna deira husittiske kjetteri.<sup>160</sup> Sigismund ønskte nok å senda eit tidleg signal til sine undersåttar, både i Bøhmen og i nabolanda, om at han var ein hard keisar, men samstundes nådig mot dei som vende om. Om han ikkje kunne overtyda folk til å venda om, skulle han skremma dei til å gjera det. Både Sigismund si harde framferd mot husittane og opplesinga av den pavelege bullen, skulle ha ein avskrekkande verknad. Sigismund hadde også tidlegare same år vist kor omsynslaus Det tysk-romerske riket ville vera mot kjettarar då han støtta forfølginga og avrettinga av tusenvis av husittar i minene i Kutná Hora,<sup>161</sup> og gjennom bullen viste også kyrkjeleiarane at dei ikkje var redde for å setja i gang hardhendt forfølgning av kjettarar. Dette var både eit kall til å venda om, og skremmingspropaganda for å gjera dei populære husittane litt mindre populære. Det er uvisst kva effekt dette hadde, og om det på denne tida i det heile var mogleg å avverja krosstoga. Begge sider stod steilt mot kvarandre, og det var på dette tidspunktet lite i brevvekslinga frå dei to sidene som tyda på at dei var interesserte i å finna fredelege løysingar eller kompromiss.

---

<sup>157</sup> Martin V. *The Anti-Hussite bull 'Inter Cunctus' of Martin V.* Frå Fudge (2002) s. 45-49.

<sup>158</sup> *Proclamation of the crusading bull.* I Fudge (2002) s.52.

<sup>159</sup> Fudge (2002) s. 100.

<sup>160</sup> *Battle at Sudoměř.* I Fudge (2002): s. 37.

<sup>161</sup> Březová. *Pre-Crusade suppression of Hussite heretics.* I Fudge (2002) s. 41.



Ferdinand avslutta opplesinga av bullen med å stadfeste kor viktig det var å spreie ordet om pavekyrkjas kamp mot kjettarane.

Because it is difficult to make this letter known to individuals, we wish that one, two, or as many of you brethren, patriarchs, archbishops, bishops, abbots and prelates as the aforementioned king of the Romans determines, might copy, transmit and announce this letter in the hand of a public notary and affirmed with his seal, to all persons and places where it seems reasonable to do so.<sup>162</sup>

Det er fleire ting som gjer dette interessant. Bullen understrekar at så mange individ som mogleg, måtte få kjennskap til budskapet. Dette var altså ikkje berre for eliten, men noko så mange som råd måtte få vite om. Avslutninga seier også noko om formidlingskanalane som vart nytta i mellomalderen. For at noko skulle verta kjent for mange, var ein avhengig av at dei som høyrde eller las det, gav budskapet vidare, anten munnleg, eller som i dette tilfellet ved å skriva av teksten og gje han vidare. Det vart oppmoda til at kyrkjias menn, av ulik rang, skulle skriva ned det dei høyrde og så spreia det vidare. Det at ikkje kven som helst skulle kopiere, var med på å gje kyrkja betre kontroll over det dei publiserte, og kunne vere med på å hindre at misforståingar og andre personars interesser kom til i breva. Dette syner korleis den katolske kyrkja hadde utvalde personar som skulle påverke publikum, medan husittane i større grad lét publikum delta i det offentlege. Der kyrkja og Det tysk-romerske riket ønska å stadfeste kven som skulle kunne kopiere og vidareformidla budskapet, ønska husittane at den enkelte sjølv skulle fortelje dette vidare.

Prentepressa vert ofte sett som ei sentral oppfinning når det kom til spreieing av informasjon og propaganda. Denne bullen viser derimot korleis ein kunne nå ut til store folkegrupper i tida før prentekunsten. Om ein ser på dokument og pamflettar som vart laga i denne perioden, slår det ein kor vidt desse nådde. Ein har mellom anna eksempel på husittisk propaganda som nådde heilt til Barcelona.<sup>163</sup> Samstundes har ein, som vi skal sjå seinare, eksempel på at personar som korkje har høg stilling eller bur sentralt, har høve til å halde seg

---

<sup>162</sup> Oversatt frå latin: «Verum quoniam difficile videtur presentes literas singulis exhiberi, volumus quod unus, duo, siue tot ex vobis fratres, patriarche, archiepiscopi, episcopi, ac filii electi, abbates, et prelati, de quibus Romanorum regi prefato videbitur, hujusmodi literarum transsumptum, publica manu confectum, corumque sigillis munitum, personis et in locis singulis ubi expedire videbitur transmittere et insinuare procurent.» Palacký (1873): *Urkundliche Beiträge zur Geschichte des Hussitenkrieges*. Praha: Bei Friedrich Tempsky. S. 20. Oversatt til engelsk i Fudge (2002): s. 52.

<sup>163</sup> Fudge (1998) s. 265.

særs godt oppdaterte om det som hender.<sup>164</sup> Dette viser at ein jamvel utan prentepressa kunne nå både langt og vidt med sin bodskap, og vitnar om gode formidlingskanalar.

### Dei fire artiklane

Sigismund si harde framferd mot husittar i Wrocław vart også kjend for ålmenta i resten av Bøhmen. Sigismund slo hardt ned på kjetttarar for at det skulle tene til skrekk og åtvaring. Effekten vart derimot den motsette. I eit brev til byen Budyšin klagar Sigismund over dei manglande resultatane hans innsats mot kjetteriet hadde på Bøhmens innbyggjarar. «We have attempted to set them straight again with much effort and with considerable and gracious eagerness but thus far it has, regrettably, done little good. Instead they have become more obstinate and more wicked in their beliefs.»<sup>165</sup>

Sigismunds forsøk på å få Bøhmen til å venda tilbake til den katolske tru hadde slått feil. I staden gestalta keisaren ein felles fiende for dei ulike husittiske gruppene. Både dei moderate og dei radikale husittane såg det som nødvendig å stå samla i kampen mot Sigismund, og det var difor avgjerande å finna ei felles plattform. I juli 1420 vart det bestemt fire punkt som både dei husittiske gruppene i Praha og táboritane kunne gå gode for.<sup>166</sup> Desse fire artiklane skulle vere husittanes kampsak. Dei samla dei og la grunnlaget for den husittiske rørsle gjennom krosstogsperioden. Desse fire artiklane stadfesta kva det var husittane kjempa for:

- Alle skulle ha rett til å forkynna Guds ord.
- Nattverd med begge element, både vin og brød, skulle delast ut til alle truande.
- Prestar skulle ikkje kunne eige verdsleg gods eller ha verdslege verv, men vere førebilete for kyrkjelyden gjennom måten dei levde på.
- Alle skulle, uansett rang og status, kunna stillast til ansvar for sine gjerningar, og dømast etter dei same lovene.<sup>167</sup>

Det første punktet vart alt praktisert i Bøhmen, og det var ein rett som ein ville halda fram med å kjempa for. Gjennom propagandaen som vart sendt ut på 1420-talet skulle dei fire artiklane promotast og forsvarast, og det vart sett som eit krav til den katolske kyrkja at

---

<sup>164</sup> Sjå kapittel 3 om Petr Chelčický.

<sup>165</sup> Sigismund. *Letter of Sigismund to the town of Budyšin*. I Fudge (2002) s. 42.

<sup>166</sup> Fudge (1998) s. 98.

<sup>167</sup> Březová. *Hussite resolve at the end of the first crusade*. I Fudge (2002) s. 83.

dei måtte erkjenna artiklane som sanne, før husittane igjen kunne einast med pavekyrkja. Desse fire artiklane skulle leggje grunnlaget ikkje berre for husittane sin motstand mot krossfararane, men sidan punkta på mange måtar var eit forsvar av folkets rolle i det offentlege, skulle dei også vere eit vern av den enkeltes rett til å delta i det offentlege gjennom krosstogsperioden.

Alt i alt hadde husittane gitt ein ny rolle til bønder og borgarar. Deira kamp for bøndene sine rettar «gave the peasant self-confidence and prompted him to play a powerful role in the religious reform movement.»<sup>168</sup> Den katolske kyrkja kunne ikkje gå god for desse fire artiklane, og gjorde alt for å hindre husittanes budskap å nå ut til publikum utanfor Bøhmen, noko som vert tydeleg i eit brev frå kardinal Cesarini til pave Eugenius IV. «The laypeople will arise just as the Hussites in similar manner and exterminate us. They will believe that such action is pleasing to God.»<sup>169</sup>

### Eit forandra Bøhmen

Husittanes mange samlingar og deira grep om makta i Bøhmen forandra landet. «All of these events were connected in some sense to the Hussite preoccupation with promoting their agenda, provoking a reaction, and gaining converts.»<sup>170</sup> Husittane vona at massemonstring av folket skulle skape ringverknader i samfunnet. Effekten av hendingane er også tydeleg.

Ein ser ein utvida fridom for innbyggjarane.<sup>171</sup> Songar som normalt vart sungne på latin av prestar, kunne no syngast på tsjekkisk av lekfolk.<sup>172</sup> Folk oppnådde fridomar som tidlegare berre hadde vore for prestane, og difor omfamna dei husittane si sak. Husittane hadde brei støtte i alle samfunnslaga, noko som gjorde dei til ein reell trugsel mot ei kyrkje som var klar for å sende krosstog mot dei. Kyrkja mista ikkje berre makt i området, men også monalege inntekter i form av tiende og landområde som hadde gitt dei stor avkastning.<sup>173</sup>

Jan Hus si lære vart tolka på ulikt vis. Ein hadde både radikale og moderate grupper, og dei

---

<sup>168</sup> Wright (1967). S. 8.

<sup>169</sup> Cesarini. *Persistent anxiety over undefeated heretics*. I Fudge (2002) s. 346.

<sup>170</sup> Fudge (1998) s. 255

<sup>171</sup> Wright hevdar at bøndene under husittane hadde større sjølvstende en nokon gong tidlegare. Wright (1967) s. 7

<sup>172</sup> Fudge (1998) s. 255

<sup>173</sup> Betts (1955) s. 51; Fudge (1998) s. 26.

låg til tider i strid med kvarandre. Ein ser at dei radikale gruppene først og fremst tiltrekte seg bønder og fattige borgarar, medan dei meir moderate fekk stor støtte frå universitetet og store deler av adelen. Dei var derimot samde om dei fire artiklane som gjennom krosstogsperioden vart ein viktig del av deira offentlege propaganda. Spørsmålet som no er rimeleg å stilla, er korleis eit slikt samfunn vil reagere på dei mørke skyene i horisonten. Ikkje berre var det indre stridar mellom Tábor og Praha, og mellom husittar og katolikkar i Bøhmen. Utanfor Bøhmen førebudde keisaren krosstog som hadde som mål å jaga kjettarane ut av Bøhmen, og sjølv vona han å vinna fram med sitt krav om å vera konge i Bøhmen.

## Kapittel 2. Krosstoga og rekonstrueringa av ålmenta. 1420-1434

«But the people were unified in the cause of the four articles, as enumerated above, and were unwilling to forfeit these rights and stray from the orthodox faith despite the preponderance of violence and cruelty.»<sup>174</sup>

I 1420 gjekk krosstoga over frå å vera ein trugsel til å verta ein realitet. Dei neste 12 åra skulle husittane oppleve fem krosstog. I denne delen av oppgåva ønsker eg å sjå på korleis debatten gjekk føre seg, og korleis ålmenta vart påverka gjennom desse turbulente åra. Vart militærmaktas grep omkring lokalbefolkninga stramma inn i løpet av denne perioden, og korleis påverka dette i så fall publikums høve til å delta i det offentlege? For å finne svar på dette vil eg sjå på korleis ålmenta var i dei ulike husittiske gruppene og hjå dei katolske byane i Bøhmen, samt korleis både husittiske og katolske grupper vende seg til befolkninga.

### Eit splitta Bøhmen. Innskrenking av den offentlege sfæren?

Husittane i Praha hevda før krosstoga at dei hadde ei særstolerant haldning ovanfor personar med andre meiningar enn deira eigne. «Being full of tolerance and charity, we cannot even prepare for war.»<sup>175</sup> Denne haldninga skulle sjå ut til å endre seg då krosstoga byrja. Sigismund skreiv i eit brev til biskopen av Tartu i 1422, korleis husittane gjekk fram: «tyrannical and atrocious cruelty of fire and sword through which they seek to convert everyone they can in order to spread their sect by false brethren.»<sup>176</sup> Då han vitja Praha i 1433, skildra John av Palomer situasjonen i byen. Han fortalde om ein by der husittane gjorde alt for å halda på makta.

They saw that they would lose the domination which they held over the people, if peace was concluded. For neither the common people nor the nobles were free agents, not daring to speak up because of fear, like people living under a tyranny; and the same with priests, because those who resisted for the sake of unity and peace were maligned.<sup>177</sup>

Liksom Sigismund hadde ein agenda då han framstilte husittane som tyrannar, i eit forsøk på å skaffa støtte til eit nytt krosstog i 1422, hadde også Palomer skildra som folket i Praha som undertrykte, sine grunnar for å omtala dei nettopp slik. Han var utsending frå katolikkane og

<sup>174</sup> Pelhřimov. I Fudge (2002) s. 379.

<sup>175</sup> *Hussite manifesto from Prague*. I Fudge (2002) s. 59.

<sup>176</sup> Sigismund. *Sigismund lobbies support from the bishop of Tartu*. I Fudge (2002) s. 149.

<sup>177</sup> Segovia. *Negotiations with the Hussites; report of August 1433*. I Crowder (1977) s. 157.

skulle forhandle med husittane ved slutten av krosstoga, og det kan tenkjast at han, ved å framstille folket i Bøhmen som undertrykt, ønskte å påverke dei han skulle rapportere til. Sitata reiser spørsmål om desse tekstane er korrekte presentasjonar av ålmenta i Bøhmen, eller om dei er skrivne utan rot i sanninga for å påverke den som skulle lese dei. Dette kan også innvendast om mange av dei husittiske tekstane. Husittane i Praha hadde eit ønske om å danne eit bilete av seg sjølv som tolerante, for på den måten å fortelje publikum i Bøhmen at det ikkje var deira skuld, men pavekyrkjas, at dei no stod framfor fleire krosstog. For å danne eit godt bilete av korleis Bøhmen var under husittane, ønskjer eg difor å referera til både katolske og husittiske tekstar.

### I. Praha

Bøhmen var gjennom heile krosstogsperioden eit område med mange ulike leirar. Usemja mellom dei ulike husittiske gruppene, og alvoret ved den, kan ein sjå i universitetsforelesaren Vavřinec av Březová's krønike *Historia Hussitica*.

As I consider the varied and great destruction, which is presently everywhere evident in the one-time famous and renowned Kingdom of Bohemia, and see the devastation caused by internal conflict, my senses are dulled and my mind is bereft of sharpness on account of the confusion and sorrow.<sup>178</sup>

Den husittiske rørsla hadde sitt utspring i Praha, og Praha var sentrum for rørsla gjennom heile krosstogsperioden. Forutan ei gruppering av radikale i den nye bydelen, var det husittiske Praha, leia av universitetet, i det store og heile moderat i sitt syn på konflikten med pavekyrkja. Denne gruppa kunne tenkjast å einast med kyrkja og var viljug til å inngå kompromiss for å oppnå dette. Sjølv kravet deira om å få godkjenning for dei fire artiklane kunne det firast på.<sup>179</sup>

Ved byrjinga av krosstoga ser ein at husittane har stor støtte for si sak i Praha. «People received the communion of the body and blood of lord Jesus Christ from them with such zealousness, that they [the priests] gave it to them, so that the people were always prepared to fight.»<sup>180</sup> Det er lite som tydar på at innbyggjarane i Praha vart tvinga til å støtta husittane.

---

<sup>178</sup> Březová. *A Hussite on the crusades*. I Fudge (2002) s. 14.

<sup>179</sup> Fudge (1998) s. 174.

<sup>180</sup> Březová. *Crusaders stopped at Poříčí*. I Fudge (2002) s. 39-40.

Gjennom heile perioden var det stadig kyrkjer i Praha der det berre vart gitt brød, og ikkje vin, til kyrkjelyden,<sup>181</sup> så grunnen til at store delar av folket valde å ta del i den husittiske nattverden, må ha vore at dei var overtydde om at nattverdslæra deira var rett. Å ta imot begge elementa i nattverden vart ein måte å vise offentleg at ein støtta husittane si sak.

Praha valde ei anna tilnærming enn Tábor og Oreb gjorde. Medan Tábor stod knallhardt på sine krav og førte ein geriljakrig mot katolske motstandarar,<sup>182</sup> var Praha meir oppteken av å forhandle og å inngå kompromiss med dei. I eit brev frå Sigismund, datert oktober 1424, omtala keisaren forhandlingar mellom husittane i Praha og den mektige baronen Oldřich Rožmberk. Rožmberk var gjennom heile krosstogsperioden ein av Sigismunds viktigaste allierte, til trass for det stadig vart sådd tvil om hans lojalitet og hans viljestyrke mot husittane.<sup>183</sup> Baronen vart i dette brevet kritisert for å ha stolt på husittanes lovnader om fri ferd til og frå Praha,<sup>184</sup> og for å ha gått i forhandlingar med dei.

What kind of security can you expect from such people...? Where will you find suitable masters to go along with you to negotiate about the Christian faith in the territory of the heretics? We are amazed that you allow yourself to be deprived of your rights to the point where ordinary people may judge you.<sup>185</sup>

Rožmberk svara keisaren med å nekte for å samarbeide med husittane, og svor truskap til han.<sup>186</sup> Dette er likevel med på å syne korleis ein i Praha var meir oppteken av å gå i dialog og inngå avtalar med pavekyrkja. Sigismund peika også på at leiarskapet i Praha var vanlege menn. Praha vart gjennom krosstoga styrt av ei regjering sett saman av universitetsmeistrar, utvalde baronar og profilar innan den husittiske rørsle.<sup>187</sup> Rådet omfatta menn frå vidt ulike bakgrunnar og med ulikt syn på pavekyrkja, og er ein god illustrasjon på byens offentlegheit gjennom krosstogsperioden.

---

<sup>181</sup> Sigismund. *The king's concessions to the heretics*. I Fudge (2002) s. 386.

<sup>182</sup> Fudge (2002) s. 98.

<sup>183</sup> Sigismund. *Sigismund warns Oldřich Rožmberk*. I Fudge (2002) s. 192-193.

<sup>184</sup> Det var på denne tida gode grunnar til ikkje å stola på lovnadar om fri ferd, sjølv om det ikkje var husittane som hadde brote ein slik avtale. Jan Hus vart av Sigismund lova fri ferd til og frå konsilet i Konstanz i 1414. Året etter vart han brend på bål av det same konsilet. Skepsisen til desse lovnadane ser ein hjå husittane då dei nølte med å møte Sigismund i Bratislava i 1429, til trass for at dei fekk lovnader om fri ferd. *Diplomatic summit at Bratislava*. I Fudge (2002) s. 256. Då husittane skulle få si sak høyrd ved konsilet i Basel i 1432, var det difor viktig å få lovnader om at lovnaden om fri ferd ikkje vart broten. *Cheb Judge*. I Fudge (2002) s. 345-346.

<sup>185</sup> Sigismund. *Sigismund warns Oldřich Rožmberk*. I Fudge (2002) s. 192-193.

<sup>186</sup> Rožmberk. I Fudge (2002) s. 194.

<sup>187</sup> Riksdagen i Čáslav. I Fudge (2002) s. 117-118.

Det var derimot langt frå semje hjå husittane i Praha. Dette ser vi tydeleg i ei konflikt som oppstår rundt Zygmunt Korybut, ein litauisk prins som husittane i 1427, ville velja som konge. I eit forsøk på å få politisk kontroll over Bøhmen, hadde Korybut inngått hemmelege forhandlingar med pave Martin V. Han vona han kunne sikra seg den bøhmiske trona ved å føre husittane tilbake til den katolske kyrkja. Forhandlingane vart derimot avslørte og Korybut vart sett på som ein svikar mellom dei meir radikale husittane i Praha. Med den populære presten Jan Rokycana i spissen for tiltalerane, vart han arrestert.<sup>188</sup> Korybut hadde derimot også sine støttespelarar mellom husittane, noko som vart klart i ein song med uviss forfattar. I songen vert arrestasjonen sett på som eit svik, og som ei svekking av husittane i og med at dei mista støtta frå Polen. Vidare klaga songforfattaren på at dei som styrte, ikkje brydde seg om bøndene, som var dei som måtte betala den høgaste prisen for mektige menns krigføring.

*Rather than accepting that things are not as they wish  
They would rather like  
People to betray each other  
And continuously kill each other.*<sup>189</sup>

Songen gir ei stemme til dei fattige som hadde ofra mest i krigane med den katolske kyrkja. Med Korybut hadde dei eit håp om at landet skulle få fred, og at dei igjen skulle verta sameinte med kyrkja, noko som også ville bety ei oppheving av ekskommuniseringa som var lagt på landet,<sup>190</sup> samt dei økonomiske sanksjonane.<sup>191</sup> Dei husittiske leiarane vert i songen haldne fram som fiendar av folket og songen avsluttar med å oppmoda folket til å bruke si makt. Om dei gjekk saman kunne dei vere med på å bestemme korleis landet skulle styrast:

*The people are fed up  
If it lasts for a long time  
It will come to a bad end  
If priests continue to behave like this.*

*Behold this, Lord God  
May the people understand it quickly  
So that they might take away their power  
In order to avoid unreasonable actions! Amen.*<sup>192</sup>

<sup>188</sup> Zygmunt Korybut arrested at dawn. I Fudge (2002) s. 213-214.

<sup>189</sup> On the capture of Zygmunt Korybut. I Fudge (2002) s. 216.

<sup>190</sup> Fudge (1998) s. 68.

<sup>191</sup> Det vart laga ein økonomisk blokade på Bøhmen så tidleg som i 1417. Fudge (1998) s. 90.

<sup>192</sup> On the capture of Zygmunt Korybut. I Fudge (2002) s. 219.



Det er interessant å sjå korleis songen gir folket kraft til å ta makta frå dei som styrer. Dette viser at ålmenta under husittane var så open at folket gjennom sine kanalar kunne vise misnøye og attpåtil påverke kven som skulle styre samfunnet.

Det offentlege livet i Praha under krosstoga var omtrent slik det var før krosstoga. Dei sterke institusjonane som gjorde seg gjeldande i byen: ei katolsk og husittisk kyrkje, samt universitetet, gjorde at ålmenta hadde mange stemmer, og sikra også at ålmenta ikkje vart snevra inn. Det var også ei radikal gruppering i bydelen Nove Mesto. Det var ikkje uvanleg med ei slik samansett offentlegheit i same by, skal ein tru historikaren Franz-Joseph Arlinghaus. Han held fram at ein by i mellomalderen ikkje var einsidig, og at det i praksis var fleire samfunn og offentlege rom i ein og same by. Desse hadde alle hadde ei stemme i ålmenta gjennom prosesjonar og songar, bilete og talar. Han held fram Praha som eit eksempel på dette, som han meiner i praksis bestod av fire ulike bysamfunn.<sup>193</sup> Denne samansetjinga av ulike byar i byen, gjorde at det var fleire ålmenter på same stad. Fleire stemmer vart høyrde, men det førte samstundes med seg ein risiko for usemje mellom dei ulike delene, noko ein såg i tilfellet med Korybut.

## II. Tábor – der alle menn er like

“In the fourteenth century a society which did not distinguish men according to their status or wealth was no longer thought of as something mythical... The Ancients believed that this state had existed in a Golden Age.»<sup>194</sup>

Etter å ha kritisert pavekyrkjas sal av avlat, vart Jan Hus satt i interdict, og tvungen til å reisa i eksil i fjella sør i Bøhmen. I dei same områda oppstod også den mest radikale av dei husittiske gruppene. Táboritiske leiarar, og prestar, såg det nødvendig å laga eit nytt samfunn som skulle stå seg i dei siste tidene, som dei meinte dei var inne i.<sup>195</sup> Dei ønskte å venda attende til ur-kyrkja, slik den hadde vore blant dei første kristne. Det vart også spelt på tanken om ei fjern fortid, ei gyllen tid, der alle menneske var like i status og verdi.<sup>196</sup>

Táboritane laga ein del artiklar som skulle forklare for ålmenta kven dei var, korleis dei ville

---

<sup>193</sup> Arlinghaus. I Goodson; Lester; Symes (2010) s. 219-221.

<sup>194</sup> Fourquin (1978) s. 99.

<sup>195</sup> *Apocalyptic climate in Bohemia*. I Fudge (2002) s. 32-33.

<sup>196</sup> Dette bygde delvis på Wyclifs *De civili dominio* som hevda at ingen skulle krevje herredøme over andre. Denne tanken gjer seg i større eller mindre grad gjeldande i alle dei husittiske rørlene. Cox (2014) s. 74.

leve og korleis dei såg på omverda. Artikkel 24 skapte grunnlaget for deira radikale livsførsel. «As in Hradiště or in Tábor nothing is mine and nothing thine, but all is common, so everything shall be common to all forever and no one shall have anything on his own; because whoever owns anything himself commits a mortal sin.»<sup>197</sup> Denne levemåten førte til at den radikale husittismen vart sær populær hjå fattige.<sup>198</sup> Dei som hadde lite å gje til fellesskapet, hadde også lite å tape. Dei som kom hit, vart også lova å vera likeverdige alle andre, og å verta kvitt skattar som tidlegare hadde tynga dei. Dette var oppfyllinga av ein antikk myte og ein 300 år gamal tsjekkisk profeti. Cosmas av Praha, rekna som ein av dei første historikarane i Bøhmen, skildra rundt år 1100 eit samfunn i dei siste tider der alle skulle eiga alt saman.<sup>199</sup> Tábor var draumen om det perfekte samfunnet og eit symbol på husittanes kamp.<sup>200</sup> Men det var også eit døme på korleis ein kunne skilja seg totalt ut frå den katolske kyrkja, og også frå andre husittiske grupper.

*Innskrenking av fridom. Dei radikales oppgjer med annleistenkjande.*

*In this time no king shall reign nor any lord rule on earth, there shall be no serfdom, all interests and taxes shall cease, nor shall any man force another to do anything, because all shall be equal, brothers and sisters.*<sup>201</sup>

I artiklane sine brukte táboritane eit språk som knytte dei til det guddommelege. Dei forsvarte gjennom dette sin rett til å gripa inn i det dei såg på som syndig. Dei meinte det var fire forhold som no måtte prioriterast.

First, to liberate every truth, second, to spread the praise of God, third, to work for the salvation of mankind, and fourth, to prevent sins; any man that does not do so shall be fought against like Satan or dragon and slain, and all his property shall be taken from him or destroyed, and the same fate shall befall each town, village or hamlet.<sup>202</sup>

Sjølv om alle skulle sjåast som likemenn, så galdt dette berre dei som delte táboritanes overtiding, og Tábor hadde ei befolkning som var mykje meir samla i verdisyn enn det ein såg i Praha. Det var med andre ord ei open offentleg sfære som samstundes var sær

---

<sup>197</sup> *From the Táborite Chiliast Articles of 1420.* I Macek (1958) s. 132.

<sup>198</sup> Fudge (1998) s. 169.

<sup>199</sup> Praha (2009) s. 37-38. Sjå også Bolton (1983) s. 19-20; Fourquin (1978) s. 105;

<sup>200</sup> Denne ideologien skulle enkelte tsjekkiske historikarar etter andre verdskrig til å sjå på husitrørsla som som ei tidleg form for kommunisme, noko som gjorde det viktig for dei å gjenreisa kapellet Betlehem etter krigen. Macek (1958) s.106.

<sup>201</sup> *From the Táborite Chiliast Articles of 1420.* I Macek (1958) s. 133.

<sup>202</sup> *From the Táborite Chiliast Articles of 1420.* I Macek (1958) s. 131.

avgrensa, med skarpe skilje for kven som var innanfor og utanfor. Dette illustrerer kvifor også andre husittiske grupper, som dei moderate i Praha, vart sett på som fiendar av táboritane.<sup>203</sup> Táboritane var Guds utvalde, sette til å dømma dei som ikkje følgde dei, for dei som stod imot dei, stod også imot Gud. Desse radikale haldningane førte til mykje debatt i Bøhmen. Den aggressive retorikken frå Tábor måtte tole mykje kritikk frå andre. På eit tidspunkt skulda pavekyrkja det kjetterske Praha for å samarbeida med táboritane, sjølv husittane i Praha burde vite å halde seg unne táboritane.<sup>204</sup> Til trass for at gruppa vart populær blant mange, fekk dei også mange motstandarar som såg dei som dei mest kjetterske mellom kjettarane.

Tábor vart starta som eit samfunn der alle skulle eiga alt i lag. Det skulle vera eit samfunn der alle skulle vera likeverdige, og alle skulle eiga godene saman. Denne ideologien skulle derimot ikkje vara. Etter kvart viste det seg at Tábor vart avhengig av å skatteleggja andre byar og sine eigne bønder.<sup>205</sup> Dette må ha vore skuffande for bøndene som hadde søkt Tábor for å sleppe dei føydale skattane andre stader.<sup>206</sup>

Heller ikkje når det kom til meiningar, skulle det vise seg at innbyggjarane var like. Tábor byrja tidleg i krosstogsperioden å snevra inn synet på kven som skulle få delta i deira offentlegheit, noko som resulterte i forfølgning innan eigne rekkjer. Liksom skismaet i den katolske kyrkja leia den til å vera ekstra hard mot kjettarar, så fekk usemje kring læra táboritane til å slå hardt ned på dei som skilde seg ut. Somme av dei som vart forfølgde av dei radikale husittane, rømde. Dei vart kjende som dei bøhmiske adamittane. «They lived in a state of absolute community under the leadership of a former priest, Peter Kániš, until they were hunted down and exterminated by Žižka on 21 October 1421.»<sup>207</sup> Ein ser med andre ord eit samfunn som vert snevrare og som, sjølv om utgangspunktet var likskap, hadde lite til overs for annleis tenkjande. Det er med andre ord ein diskurs som minner om den herredømfrie diskursen som Habermas held fram. Som vi såg innleiingsvis var debattane i kaffihusa i utgangspunktet frie, men samstundes avgrensa ved at ikkje alle hadde tilgang.<sup>208</sup> Det same

---

<sup>203</sup> *Battle of Hořice*. I Fudge (2002) s. 166-167.

<sup>204</sup> Lucena. I Fudge (2002) s. 68.

<sup>205</sup> Fudge (2002) s. 173.

<sup>206</sup> Fudge (1998) s. 26.

<sup>207</sup> Guy Forquin meinte desse gruppene utgjorde ein trugsel mot táboritane sin hær. «The most fanatical believers in the return to the Golden Age ended up seeming a danger to the military, who were exasperated by their laziness and illusions.» Fourquin (1978). S. 106.

<sup>208</sup> Sjå innleiing.

ser vi i ålmenta i Tábor fleire hundre år tidlegare.

Taboritane avgrensa meiningsfridomen allereie frå starten, men restriksjonane vart ytterlegare skjerpa etter det andre krosstoget. Grunnen til dette kan ha vore behovet for å stå samla i kampen mot ein militært mektig fiende. På dette tidspunktet opplevde Tábor ei endring i samfunnet sitt. Medlemmene greidde ikkje å bidra med nok midlar til å vedlikehalde byen og hæren, noko som tvinga dei til å skatteleggja både eigne innbyggjarar og omliggjande byar. Somme, som dei bøhmiske adamittane, stilte spørsmål om det táboritiske samfunnet hadde forlate den ideologien som dei ein gong hadde vorte tufta på.

Tábor oppfylte i starten nokre av krava Habermas stiller til ein offentleg sfære. Her kunne kvar enkelt i publikum delta i ålmenta på lik linje med alle andre. Det skulle ikkje vera nokon som rådde over andre, og ingen skulle ha rett til å krevja skattar av sine medborgarar. Denne likskapen vart derimot sett på prøve ikkje så lenge etter at Tábor var oppretta. Det at mange av dei som flytta dit ikkje hadde så mykje å gje til samfunnet, førte til vanskar. For at Tábor ikkje skulle falle frå kvarandre i mange ulike grupper, var det difor nødvendig å styre folket med hard hand. Dei tydde med det til mange av dei same midla som det pavekyrkja nytta. Resultatet vart ei innskrenking av den offentlege sfæren i Tábor. Tábor vart etter kvart for radikalt sjølv for Jan Žižka, som i 1423 flytta hovudkvarteret sitt aust i landet.<sup>209</sup>

### III. Orbitane

«You should also know that I am still in full agreement with the Táborites and they have without coercion made it clear that they intend to follow my orders just as they have always done.»<sup>210</sup>

Til trass for at Žižka flytta sin base austover, kom han og Tábor til å vera nær knytte til kvarandre gjennom resten av generalens liv. «Tábor, however, was not just a geographic or political term – it was an idea which was bound to go with Žižka wherever he went.»<sup>211</sup> Žižka sitt oppgjær med Tábor var eit val bassert på liturgisk syn og sosiale forhold, han hadde alltid

---

<sup>209</sup> Žižka. *Žižka writes to supporters in Valečov*. I Fudge (2002) s. 164.

<sup>210</sup> Žižka. *Žižka writes to supporters in Valečov*. I Fudge (2002) s. 164.

<sup>211</sup> Heymann (1955) s. 362.

vore kritisk til ein del av den religiøse fanatismen som var rådande i Tábor.<sup>212</sup> Han valde difor Oreb som sin nye tilhaldsstad.

Vi har ikkje like mange overleverte skrifter frå Oreb, som det ein har frå mellom anna Tábor, men ut frå dei kjeldene ein har som skildrar byen, kan ein danne eit bilete av korleis det var.<sup>213</sup> Det husittiske samfunnet i Oreb voks fram omkring same tid som Tábor (1419-1420), men var mindre radikalt i si oppfatning av seg sjølv som Guds utvalde. Medan Tábor tok bort alt av liturgi i sine gudstenester for på den måten å ta bort skiljet mellom prest og kyrkjelyd,<sup>214</sup> var Oreb meir konservative i sitt syn på liturgi. Byen hadde den same radikale tilnærminga til folket som Tábor hadde hatt, men ulikt byen i sør, skulle Oreb halde fast ved dette radikale synet også gjennom krosstogstida.<sup>215</sup> I motsetnad til Tábor vart hæren her aldri profesjonalisert, men vart derimot sett saman av fattige bønder som friviljug verva seg til kampen mot dei invaderande krossfararane.<sup>216</sup> I motsetnad til Tábor vart det heller aldri innført føydale skattar her, ein av grunnane til dette var at dei hadde færre utgifter til hæren. Oreb stod med det fram som kanskje det samfunnet i Bøhmen der folket hadde mest å seie i det offentlege.

#### IV. Katolikkar i eit husittisk land

Gjennom heile krosstogsperioden ser ein eit Bøhmen med både katolske og husittiske byar. Det er interessant å sjå korleis byane ikkje er einsretta. Ein finn store grupper av husittar i katolske byar og motsett. Dette fekk ein eit klårt døme på då husittane tok byen Hradec Králové i juni 1420. «The attackers were now the masters of the town and were received with great acclaim and joy by those who were defenders of the truth.»<sup>217</sup> Også husittanes åtak på slottet Přibenice i Lužnicedalen vest for Praha, viser at husittane hadde tilhengarar i katolske

---

<sup>212</sup> Fudge (1998) s. 174. Eit eksempel på denne usemja var synet på om prestart skulle ha lov til å ta liv. Táboritanes artikkel 32 slo fast at táborittiske prestart kunne drepe syndarar, medan Žižka nekta prestar å delta i kamp. Fudge (1998) s. 153.

<sup>213</sup> Fudge (1998) s. 173.

<sup>214</sup> Březová. *A Moravian Tábor*. S. 103; *Manifesto of the captains of Tábor*. S. 291; Piccolomini. *Survivors of the crusades*. S. 400. Alle tekstar i Fudge (2002).

<sup>215</sup> Fudge (1998) s. 174.

<sup>216</sup> Desse bøndene skulle kjempa med såkalla flail. Dette var eit våpen utvikla frå ein treskereiskap, og bestod av eit skaft av tre med eit separat jernhovud som var festa med ein kjetting eller tau. Dette var saman med vognfestninga deira største militære innovasjonar, og dei to våpna gav dei eit fortrinn på slagmarka. «When they marched against the Germans to fight, they enclosed themselves with their carts, chained together, and carried great strong batons which had iron chains affixed to the tips. On the end of the chains there was a lead ball and every time they struck they felled a man and by this method they remained always in their fortified waggons.» Berry Herald. I Contamine (1986) s. 124; Fudge (2002) s. 125; Piccolomini. *The art of the wagon fortress*. I Fudge (2002) s. 125.

<sup>217</sup> Březová. *Hussite capture of Hradec Králové*. I Fudge (2002) s. 64.

byar. Under dette slaget valde nokre av dei som var i slottet, å kjempa for husittane og dermed sikra husittisk siger.<sup>218</sup>

Ein av grunnane til at ein hadde store grupper husittar i byar som var styrte av katolikkar, er avtalar som vart inngått før krosstoga, og som skulle sikra husittane fridom til å utøva si tru. Ved å love dette skulle dei katolske byane få vere i fred for husittane. Dette ser ein er tilfelle i Prachatice,<sup>219</sup> sør i Bøhmen, og i den sterkaste av dei katolske byane, Plzeň.<sup>220</sup> I eit manifest sendt til Plzeň før det andre krosstoget, heldt dei táboritiske kapteinane Jan Žižka og Chval av Machovice fram byens brot på denne avtalen som grunn til at dei angreip landområda som hørde til byen:

Why have you not given liberty to God's word and the worthy Four Articles noted above when you were among the first to hear them? Is it not true that you told us you were willing to grant freedom to these articles and agreed that this was right and proper? But you were speaking lies to us and in the face of God.<sup>221</sup>

Alt ved byrjinga av det første krosstoget gjekk det føre seg ei innsnevring av den offentlege sfæren i fleire av dei katolske byane ved at dei byrja å forfølge dei husittiske gruppene der. Ein av grunnane til dette kan vere at dei ikkje ville verte sett på som ettergivande ovanfor fienden når dei store krosstogshærane kom inn i landet. Desse hærane hadde åtvare mot at samarbeid med husittane ville få konsekvensar.<sup>222</sup> Som ein respons på dette la også husittane seg på ei hardare linje imot katolikkane, og ein ser dermed ei avgrensing av den offentlege sfæren på begge sider.

Táboritane hadde aldri hatt noko til overs for den katolske kyrkja, noko som vert spegla i det táboritiske manifestet: «every house of a priest, canon, chaplain or any other cleric shall be destroyed and burnt».<sup>223</sup> Denne haldninga møtte motbør hjå andre husittar, mellom anna fordømte universitetet dette, og táboritane vart skulda for å vera forvirra og på gale vegar.<sup>224</sup> Husittane sitt syn på katolikkar vart ein del av den offentlege debatten i riket, og táboritanes

---

<sup>218</sup> *Hussites strike again*. I Fudge (2002) s. 97.

<sup>219</sup> Březová. *Persecution at Prachatice*. I Fudge (2002) s. 95.

<sup>220</sup> Plzeň gjekk frå å vera ein viktig husittisk by til å verta katolsk etter at Žižka i 1420 måtte reise frå byen. Heymann (1955) s. 86-88.

<sup>221</sup> Žižka og Machovice. I Fudge (2002) s. 101.

<sup>222</sup> Konstanzkonsilet. S. 18; Martin V. *The anti-Hussite bull 'Inter Cunctus' of Martin V.* s. 47; Sigismund. *Report that Sigismund intends to suppress heretics*. S. 21. Alle tekstar i Fudge (2002)

<sup>223</sup> Frå Macek (1958) s. 132.

<sup>224</sup> *The beginning woes*. I Fudge (2002) s. 33.

åtak på katolikkar vart delvis haldne i sjakk av samarbeidet med Praha og med avtalane med dei katolske byane.

Før det andre krosstoget starta i 1421, ser ein derimot store endringar i Bøhmen. Táboritane oppretta fleire basar aust i Bøhmen og i Moravia for å betre kunne verje seg mot nye krosstog.<sup>225</sup> Denne spreinga av táboritar førte til dårlegare kår for Bøhmens katolikkar. I Moravia vart eit 'nytt-Tábor' oppretta nær byen Strážnice. Her gjekk dei hardt til verks og brende mellom anna kloster og munkar.<sup>226</sup> Ei gruppe frå Kutná Hora ville hemna táboritanes øydelegging av kloster, og kringsette byen Chotěboř, sør-aust for Praha. Leiaren for hæren frå Kutná Hora, Opočenský, lova innbyggjarane fridom om dei overgav seg. Uheldigvis for husittane var ikkje katolikkane pliktige å halda lovnader til kjettarar.<sup>227</sup> «He rounded them up and herded them into three barns and burned them... Some 700 of them died here thanks to the dishonourable lord»<sup>228</sup>

Dette vart starten på ein av dei verste periodane med krigar mellom dei to sidene i Bøhmen. Dei ulike åtaka og avrettingane skulle hemnast, noko som førte til ein spiral av vald og undertrykking. Etter drapa på dei 700 i austlege Bøhmen, sleppte dei elles så disiplinerte táboritiske soldatane<sup>229</sup> alle hemningar, og søkte hemn. Dette gjekk særleg ut over byen Chomútov, nord-vest i Bøhmen, der den vanlege ordninga med å spara kvinner og born vart sett til sides. Den husittiske forfattaren Březová noterte med avsky táboritanes herjingar:

Táborite women... took women and young girls out of the town, all of them crying out, with the promise of releasing them and allowing them to depart unharmed. However, when they got out of town they stripped them, took their money and jewellery and locked them into a shed in the vineyard... and burned them, not even sparing the pregnant women.<sup>230</sup>

Desse kampane sikra táboritane viktige strategiske byar. Dei hadde også ein effekt på ålmenta. Rykta om den harde framferda mot fiendane spreidde seg raskt. «The news spread

---

<sup>225</sup> Fudge (2002) s. 103.

<sup>226</sup> Březová. *A Moravian Tábor*. I Fudge (2002) s. 101-102.

<sup>227</sup> Dette vert stadfesta av kardinal Branda i hans lovar frå mai 1424: [There shall be no consideration given] to privileges, exemptions, immunities, safe-conducts, either granted or forthcoming by any ecclesiastical as well as secular person, even if they should be beyond pontifical, imperial, royal, ducal, or any other ecclesiastical or secular dignity.» Castiglione. I Fudge (2002) s. 176.

<sup>228</sup> Dagen etter masseavrettinga vart byens kaptein, Jan Hromádka, avretta. Hromádka vart rekna som ein av grunnleggjarane av Tábor. *Battle at Sudoměř*. S 37; *Mass murder in the east*. S. 104. Begge tekstar i Fudge (2002).

<sup>229</sup> Ulikt andre hærar frå denne perioden var det vanleg hjå táboritane å spare sivile. Heymann (1955) s. 69.

<sup>230</sup> Březová. *Carnage and conquest at Chomútov*. I Fudge (2002) s. 105.

widely and fear struck the hearts of the intending crusaders.»<sup>231</sup> Desse rykta vart slik også ein del av konkurransen om publikum. Etter denne hendinga ser ein fleire tilfelle av at katolske hærar og byar gir etter for husittane av frykt.<sup>232</sup>

Táboritane brukte vald for å tvinge katolikkar til å teia. Dette var derimot eit spel som fleire nytta. I desember tok Sigismund og hæren hans seg inn i Bøhmen frå aust.

King Sigismund with a large number of Hungarians and Tartars... marched through Moravia, destroying and burning both friendly and unfriendly properties... In Brno, he summoned all lords, knights and pages, in the meantime, he set a trap, surrounded the town with armies, and only then announced to the lords and knights what his intentions and demands were, saying, that he had summoned them because he wanted them to abandon the Four Articles [on the ground that] they were false and heretical.<sup>233</sup>

Offentlegheita i Bøhmen vart forsøkt kontrollert bade av táboritane og av keisaren. Dette førte til ei offentleg sfære der publikum kunne delta, men der ein risikerte mykje ved å gjera det. Det var avgrensa kven som ville ta del, fordi det ein ytra, kunne gi represalier frå anten keisaren eller táboritane. I desse byane sør i Bøhmen, og på grensa til Tyskland, var det mange som skifta side grunna press, og der det var vanskeleg å skulle stå opp mot dei som kontrollerte byane. I område styrte av táboritane vart katolikkar haldne utanfor, og det same ser ein med husittar i område som var kontrollerte av katolikkar. Denne spenninga mellom dei to sidene førte til ei offentleg sfære som var meir avgrensa, men som vi skal sjå, ikkje var heilt lukka.

I åra mellom det tredje (1421-1422) og det fjerde krosstoget (1427) held husittane sine herjingar på områda til dei katolske baronane fram. Baronen Rožmberk framstiller desse herjingane som eit pressmiddel for å få han og dei andre katolske baronane, til å inngå forhandlingar, og seier også at det har fått mange av dei mektigaste baronane i områda rundt Plzeň til å skifte side.<sup>234</sup> Den husittiske dominansen tvinga fram diplomati. I eit brev frå juni

---

<sup>231</sup> Fudge (2002) s. 104.

<sup>232</sup> *Account of the fifth crusade fought at Domažlice*. S. 316; Březová. *Crusade armies thwarted again at Žatec*. S. 130; Březová. *War on Vladař mountain*. S. 134; *Counter crusades*. S. 279; *Flight of the invaders and the abortive stand at Habry*. S. 145; Rosenblüt. *Poem on the fifth crusade*. S. 329.

<sup>233</sup> Březová. *Crusade forces march through Moravia*. I Fudge (2002) s. 135. Thomas Fudge held fram at ein av grunnane til det 2. krosstogets nederlag var at Sigismund nøla med å entra Bøhmen. Hadde han vore der nokre månader tidlegare hadde husittane vorten angripen frå begge sider, og krosstoget kunne fått eit anna utfall. Fudge (2002) s. 134.

<sup>234</sup> Rožmberk. I Fudge (2002) s. 194.



1426, uttrykkjer den pavelege legaten Giordano Orsini<sup>235</sup> uro for at sjølv keisaren skulle inngå forhandlingar med kjettarane. I brevet til keisaren slår han fast at kyrkja ikkje har noko å diskutera med kjettarane, og at det ikkje kan vera andre løysingar på problemet enn krosstog.

I wonder greatly and deplore their [the Hussites] foolishness, even their devilish suggestion, that they wish to dispute about the articles of faith which has been arrived long ago and approved. These are of such long standing that nothing can be added to, or detracted from, without indication of heresy... I strongly admonish Your Majesty and I desire, as much as I can, that you would not cease from the laudable and worthy undertaking [i.e. the crusade] which you have begun.<sup>236</sup>

Til trass for åtvaringane skulle det vise seg at husittane sine overlegne sigrar i krosstoga også fekk keisaren til å freista ei diplomatisk løysing mot slutten av 1420-talet.<sup>237</sup>

Praha hadde ikkje vore like fiendtleg innstilt mot katolikkane som det táboritane var, men også her skulle forholda mellom dei to sidene endra seg. I april 1421 valde byens erkebiskop, Konrad av Vechta, å openlyst støtta husittane.<sup>238</sup> Dette vart møtt med sjokk hjå pavekyrkja som var i full gang med førebuingar til eit nytt krosstog. Mellom innbyggjarane i Praha var det framleis ei sterk katolsk gruppe, og dei vart forskrekka då Vechta valde å støtta husittane. Ein ser gjennom krosstogsperioden at katolikkane i Praha er under stadig større press, men at dei ikkje heilt blir borte frå offentlegheita. Vechta uttrykte si støtte til husittane, medan den katolske kyrkja forventa at han offentlege skulle uttrykkja det motsette. Dette viser ei offentleg sfære som er meir open for ulike stemmer enn det ein ser i Tábor. Praha heldt gjennom krosstogstida døra open for at ein kunne finne ei diplomatisk løysing på problema med den katolske kyrkja, basert på kompromiss. Dette gjorde at táboritane til tider var eit like stort problem for dei moderate husittane i Praha som dei var for pavekyrkja.<sup>239</sup>

## V. Samhald og splid

Til trass for dei store ulikskapane mellom dei husittiske gruppene, ser ein at dei alt ved byrjinga av krosstoga forstår at det er viktig å leggja bort indre stridar for å stå saman mot krossfararhærane.<sup>240</sup> Før det andre krosstoget tek til, ser ein at dette samhaldet vert

---

<sup>235</sup> Orsini hadde teken over for Branda etter at han hadde fråtredd stillinga i mars året i førevegen. Branda var over 80 år då han gav frå seg stillinga. Fudge (2002) s. 196.

<sup>236</sup> Orsini. I Fudge (2002) s. 197.

<sup>237</sup> *Diplomatic summit at Bratislava*. I Fudge (2002) s. 256-259. Sjå også Payne. I Fudge (2002) s. 259-261.

<sup>238</sup> Žagaň. I Fudge (2002) s. 113-114.

<sup>239</sup> *Battle of Hořice*. I Fudge (2002) s. 166-167.

<sup>240</sup> Březová. *Crusaders stopped at Poříčí*. I Fudge (2002) s. 39-40.

ytterlegare forsterka ved at mange byar går saman i ein union og lovar støtte mot krossfararane. Det som gjer denne unionen særleg interessant, er at dei ulike byane, inkludert Tábor,<sup>241</sup> lovar å følgja Praha i deira avgjerder.<sup>242</sup> Samhaldet mellom dei ulike byane i Bøhmen skulle forsterkast ytterlegare ved at det i byrjinga av juni same år vart danna ei regjering som skulle styra Bøhmen i fråveret av ein konge. Det må nemnast at ved valet av denne regjeringa var det også katolske representantar til stades.<sup>243</sup> Denne gruppa var sett saman av eit variert utval av baronar og tilsette ved universitetet samt representantar frå både moderate og meir radikale husittiske grupper. Dei bestemte mellom anna at Sigismund ikkje skulle vera konge, og at dei som samarbeida med han, kunne verta straffa for dette. Denne regjeringa skulle sitja med makta til dei fire artiklane var aksepterte i heile riket.<sup>244</sup> Med dette ser ein at også Praha går med på å innskrenka sin offentlege sfære sidan dei nektar tilhengjarar av Sigismund å vise støtte for han. Det er derimot ikkje forbod mot å utøva katolsk tru.

Til trass for at Tábor lova å følgja det som Praha bestemde, vart kampane mellom husittar og katolikkar med på å skapa ny splid mellom dei to byane. Medan store grupper i Praha var viljuge til å inngå kompromiss for å kome fram til ei semje med kyrkja, var dette ikkje eit alternativ for táboritane. Táboritane såg difor på Praha som svikefulle. Etter slaget ved Kutná Hora og kringsetjinga av Německý Brod, sør for Kutná Hora, vart det laga ein song som fortalte korleis Praha var villig til å svikte husittane si sak i dei vanskelege tidene.

*You unfaithful inhabitants of Prague,*

*[...] damn you,*

*[...] must you engage in betrayal because of hunger (?)<sup>245</sup>*

At denne kritikken mot Praha kom i form av ein song, må sjåast som eit ønske om å nå ut til ålmenta med budskapet om at Praha ikkje var viljug til å kjempa hardt nok for artiklane. Det var táboritane som hadde vunne mot keisaren i det tredje krosstoget,<sup>246</sup> og det var dei som

---

<sup>241</sup> Fudge (2002) s. 115.

<sup>242</sup> *Hussite league of towns*. I Fudge (2002) s. 116-117.

<sup>243</sup> Fudge (1998) s. 99.

<sup>244</sup> Det er verd å merka seg at blant dei som vart valde inn i dette rådet var Oldřich Rožmberk. Han var Sigismund sin næraste allierte i Bøhmen gjennom krosstogsperioden. *Proceedings of the diet of Čáslav*. I Fudge (2002) s. 117-120. Det vert også halde fram av den táboritiske biskopen Mikuláš Pelhřimov at det var mange som gjekk inn i husittkrigane med falske motiv. Pelhřimov. I Fudge (2002) s. 379.

<sup>245</sup> *Song of victory over King Sigismund at Německý Brod*. I Fudge (2002) s. 147.

<sup>246</sup> Thomas Fudge hevdar at ein av grunnane til den husittiske sigeren over det tredje krosstoget var at det var dårleg planlagt. Fudge (1998) s. 105.

standhaftig stod imot pavekyrkja og keisaren. Gjennom song vona dei å nå ut til folket og dermed også få større oppslutning. Ein ser med dette ei kamp om ålmenta som ikkje berre står mellom katolikkar og husittar, men også mellom dei ulike husittiske gruppene.

Uvennskapen mellom dei ulike husittiske gruppene skulle manifestere seg i eit overfall på Žižka i 1423, utført av nokre baronar og soldatar frå Praha. Žižka vann slaget, og troppane frå Praha måtte flykte.<sup>247</sup> Dette var berre ein av mange konfrontasjonar. Fleire gongar kjempa husittar mot kvarandre, og samhaldet mellom dei og rundt dei fire artiklane var skjørt. Prov på usemja ser vi mellom anna i ein tale som truleg er skriven av Aeneas Sylvius Piccolomini, men tillagd Jan Žižka. Denne talen meiner Piccolomini den husittiske generalen heldt den 14. september 1424, før eit slag mot Praha.<sup>248</sup> Sjølv om slaget vart avverja, viser det splittinga i Bøhmen mellom dei ulike husittiske gruppene.

Our enemies with weapons inside our country are more dangerous to us than those enemies outside the land. Therefore, it is essential to put down domestic rebellion. Unless we defeat Prague, that rebellion will remain at liberty to exterminate our people well before Sigismund even hears the news about our schism. Then with even less people, but having the same attitude, it can be anticipated without any doubt that the attack of the emperor can be repulsed than if the people of Prague, whom we cannot depend on, were to fight alongside us.<sup>249</sup>

Sjølv om det nok ikkje er Žižka som har skriva denne talen, tok truleg Piccolomini ikkje innhaldet ut av ingenting. Dei indre stridane som det vert snakka om i talen, var reelle, og dei var kjende langt ut over Bøhmens grenser. Denne talen kan vera med på å illustrera både dei mange ulike meiningane som florerte innanfor Bøhmen, og kvifor det var nødvendig for táboritane å slå hardare ned på ulikskapar. Samstundes syner det korleis usemjene mellom husittane vart brukte av den djupt katolske Piccolomini i hans formidling. Dette skulle vere med på å byggje opp under krosstoga ved å framstilla husittane som eit folk som ikkje ein gong greidde å halda fred med sine eigne, og som difor måtte kjempast mot.

---

<sup>247</sup> *Battle of Hořice*. I Fudge (2002) s. 166-167. Žižka var gjennom si tid som hærførar uslåeleg, og han vann mange usansynlege sigrar. Under det andre krosstoget gav krosstogshæren opp ei tre veker lang kringsetjing av byen Žatec, grunna rykte om at generalen var på veg. Březová. *Crusade armies thwarted again at Žatec*. I Fudge (2002) s. 131. Han vart for dette beundra av både allierte og av sine fiendar. [During the siege raised by the Táborites and Orebitas at Rabí Castle in June 1421, Žižka]... was struck with an arrow and lost the one eye with which he still saw the light of the skies... Notwithstanding this, he did not retire from his work as a conqueror of castles nor from directing military operations... Generations to come will be amazed by this tale and will not believe it.» Sylvius. *The blind general of the Hussite armies*. I Fudge (2002) s. 126.

<sup>248</sup> Fudge (2002) s. 181.

<sup>249</sup> Piccolomini. *Žižka's speech before the battle for Prague*. I Fudge (2002) s. 181.

Žižka skulle seinare gå sigrande ut av kampen med dei andre husittiske gruppene. Sumaren 1424 vann han slaget ved Malešov, ein by like sør for Kutná Hora, og knuste ved det den framtidige indre motstanden mot han.<sup>250</sup> Den sigerrike generalen skulle derimot døy av sjukdom berre månader seinare.<sup>251</sup>

### Universitetet som samfunnsdebattant

Med kveling av husittiske stemmer i katolske byar og katolske i mange av dei husittiske, ser ein ei avgrensing på talet av offentlege røyster. Ei røyst som ikkje tagde gjennom krosstogsperioden, og som synte at det var mogleg å kome med kritikk av alle gruppene utan å verte stoppa, var universitetet. Universitetet spelte ei viktig rolle i krosstogsperioden ved å vera ein skarp kritikar av pavekyrkja og av dei ulike husittiske rørslene. Men heller ikkje universitetet stod samla i synet på korleis ein skulle stilla seg i forhold til husittane. Ein hadde radikale universitetsmeistrar, og ein fann dei som støtta den husittiske by-ligaen som bestod av tsjekkiske byar som tidleg på 1420-talet gjekk saman om å støtta dei fire artiklane og å nekta Sigismund å ta trona.<sup>252</sup> Ein ser sjeldan at det er eit samla universitet som stiller seg bak noko, men fraksjonar som deltar aktivt i den offentlege debatten som gjekk føre seg i Bøhmen i perioden før og under krosstogsperioden.

Universitetet som institusjon la seg på ei moderat linje?, men fremja gjennom krosstogstida sterk kritikk, ikkje berre av Tábor, men av alle husittar. Dette ser vi mellom anna i krøniken *Chronicon universitatis Pragensis*, kanskje skriven av fleire anonyme forfattarar, som fram til 1421 kom med til dels anti-husittisk, og definitivt anti-táboritiske kommentarar.<sup>253</sup> Krønika held fram at husittane ein gong var dei ypparste teologane i Europa, men at dei etter Jan Hus og Jerome av Praha var døde, vende seg bort frå sanninga.

I have heard strange and awful things about those people who at one time surpassed all others in the earth in terms of wisdom, truth and in the knowledge of God, and in perfect holiness, justice, glory and honour. Look at how those once enlightened have fallen into error. Even the clerics who ought to know better along with ordinary people, both men and women, who once were standing in holiness and justice have become perverted and are now workers of

---

<sup>250</sup> *Battle of Malešov*. I Fudge (2002) s. 179-180.

<sup>251</sup> Žižka døyde den 11. oktober 1424. Hans orebit-hær meinte ingen var verdige å etterfølgja han som deira leiar og byrja å kalle seg sjølv *foreldrelause* (sirotci). *Death of Žižka*. S. 182. 'The very fine chronicle of Jan Žižka'. S. 190. Begge tekstar i Fudge (2002). Fudge (1998) s. 164.

<sup>252</sup> *Hussite league of towns* (2002) s. 116.

<sup>253</sup> Fudge (2002) s. 33.

iniquity.<sup>254</sup>

Det er med sorg forfattarane hevdar at husittane ikkje lenger er det dei ein gong var, og at dei etter at Hus var borte, villa seg bort frå den vegen som såg så lovande ut. «After the deaths of Jan Hus and Jerome... their disciples and followers, from that time on in Bohemia, expelled priests from the country, burned churches and monasteries.»<sup>255</sup> Universitetet tala offentleg og kom med ei klar formaning om kva som var rett og gale i Bøhmen. Dei hadde ei rolle som rettesnor for kva som skulle vera den husittiske læra. Det er også verd å merka seg at folket vert nemnt for seg, noko som talar for at dei også hadde ei stemme i det offentlege, og at deira stemme vart lagt merke til.

Til trass for at universitetet var kritisk til ulike husittiske grupper, var det samstundes ein institusjon som vart lytta til og stolt på. Dei som heldt til ved universitetet, hadde ei meir solid teologisk utdanning enn det mange prestar hadde,<sup>256</sup> og husittane meinte difor at det var dei som skulle dømme i teologiske disputtar. «If there be some error concerning the faith anywhere in the kingdom, or if such was suspected, those teaching these errors should be examined by the masters [of the university] in order for them [...] to be enlightened and informed by the Holy Scripture.»<sup>257</sup> Universitetet skulle med andre ord vera dommar i teologiske spørsmål. I den offentlege debatten var det dei som sat med fasiten og som kunne leggja ekstra tyngde bak sine argument.

Eit døme på universitetets rolle som rådgivande instans har vi frå februar 1420 då hærleiaren Jan Žižka og Lord Břeněk Švihovský av Skála, ein adeleg frå Rýzmbek familien, sende eit brev til universitetet der dei ønska svar på om det kunne rettferdiggjerast at lekmenn tok opp våpen for å forsvare den sanne trua. Det at desse radikale táboritane vende seg til det forholdsvis moderate universitetet i Praha, viser statusen universitetet hadde i heile Bøhmen.

Svaret frå universitetsprofessorane var delt. «It is safer and better and less dangerous to fight for the truth and the law of Christ in the manner that Christ practised patiently all of his life

---

<sup>254</sup> *The beginning of woes*. I Fudge (2002) s. 33.

<sup>255</sup> *The beginning of woes*. I Fudge (2002) s. 33.

<sup>256</sup> Sophia Menache held fram at dei fleste prestar var dårleg utdanna. Mange av dei hadde berre fått opplæring av ein eldre prest, og før 1500 var det berre 1/3 av prestane som fullførte universitetets utdanninga. Menache (1990) s. 69-70.

<sup>257</sup> *Bohemian diet issues demands to the Emperor*. I Fudge (2002) s. 28.

from the moment of birth to the end which he showed by example and through teaching instructed the church to follow.»<sup>258</sup> Samstundes opna dei for våpenbruk i eitt tilfelle. Folket kunne ta opp sverdet om dei fekk pålegg om det frå sine overordna. Dette kan synast stå i kontrast til Jan Hus sine ord på veggen i Betlehem, om at ein ikkje alltid skal følgja sine overordna blindt. Men universitetet gav også nokre premissar som måtte liggje til grunn for at sverd kunne takast opp mot fienden.

First, that it is for the cause of God, truth or justice. Second, that there is love for one's opponents. Third, that the impulse comes from God and fourth, that it is essential to go to war because it is impossible to avert the enemy from confrontation by any other means... Augustine says in 'Against the Manicheans' that the desire to harm, the cruelty of vengeance, the insatiable rage of rebellion, the lust for domination are all matters which, if they exist, are condemned by law in the context of war.<sup>259</sup>

Dette la nokre premissar for ålmenta. Vald skulle vere siste utveg, og ein skulle møte sine fiendar med kjærleik. Publikum skulle heller ikkje ha rett til å gå til åtak, eller bruke våpen, med mindre dei vart kommanderte til dette.<sup>260</sup> Dette var med på å oppmode til ei ålmente der ein debatterte vanskelege spørsmål heller enn å ty til våpen.

For Jan Žižka vart dette brevet ei stadfesting på at hans væpna kamp for trua var rett. Kor vidt kristne skulle kunne ta opp våpen mot sine fiendar var eit viktig tema gjennom krosstogstida. Hjø husittane ser ein gruppe som argumenterer for begge synspunkt. Táboritane argumenterte for at det var rett å kjempa mot fienden<sup>261</sup> medan andre grupper, som *Chelčice Brethren*, ein separatistisk minoritet, og til dels universitetet, oppmoda til å heller lide under undertrykkinga enn å ta opp sverdet.<sup>262</sup>

Universitetet skulle også leggja grunnlaget for utdanning av folket. Husittane såg det som vesentleg at publikum vart lært opp i Guds ord, for på den måten å verta skikka til å delta i ålmenta. Dette fokuset skulle gjera at publikum stod godt skikka til å delta i debattar, og det gjorde også at dei husittiske delane av publikum med bibelske argument kunne delta i

---

<sup>258</sup> *A ruling on the use of force to defend the faith*. I Fudge (2002) s. 34.

<sup>259</sup> *A ruling on the use of force to defend the faith*. I Fudge (2002) s. 35. Dette temaet vert også teken opp av Gilles Charlier, ein teologiprofessor ved universitetet i Paris, i eit brev til Prokop Holý under forhandlingane etter krosstoga. «Since a just order requires the authority of a prince, how without the authority of a superior prince are you allowed to wage war?» Charlier. I Fudge (2002) s. 353.

<sup>260</sup> Dette synet ser ein igjen i Martin Luthers syn på bondekrigane i Tyskland på 1520-talet. Blickle (1998) s. 67.

<sup>261</sup> *Proclamation from the hills*. S. 26. Žižka. *Žižka and Táborite leaders address Czech people*. S. 99-100. Begge tekstar i Fudge (2002).

<sup>262</sup> Fudge (1998) s. 123.

ordskifte med katolikkar, og på den måten vinna større støtte til husittanes sak.

### Ålmenta i Bøhmen

Kva kan ein så seie om ålmenta i Bøhmen under husittane? Før krosstoga byrja vart det kjempa for at den enkelte kunne få delta i det offentlege rom. Under krosstoga ser ein derimot at det offentlege rommet hjå táboritane vart innsnevra, medan det i Praha og Oreb var forholdsvis uendra. Var sfæren utanfor Praha så innsnevra som det kan verka som, eller fann folket kanalar inn i det offentlege også under krosstoga? I ein krigssituasjon som den Bøhmen opplevde, kan det verke rimeleg at ein stengjer ute grupper ein ser på som sine fiendar, og det er vanskeleg å dømme Bøhmens ålmente ut frå dette. Eg vil difor vende søkjelyset mot andre minoritetar som elles i mellomalderen ofte måtte finna seg i å vere i bakgrunnen. Ved å sjå på rolla kvinner, born og jødar spela i Bøhmen under krosstoga, kan ein få ein peikepinn på kor open den offentlege sfæren var.

#### I. Husittiske kvinner

Kvinner i mellomalderen hadde som regel avgrensa tilgang til å uttala seg offentlege. Dette ser vi til dømes i korleis nonneklostera stort sett hadde som oppgåve å ta seg av sjuke og trengjande, medan munkane stod for forkynninga.<sup>263</sup> Det viser seg også ved at mellom dei kvinnene som vart haldne fram som heilage førebilete i mellomalderen, vart ei kvinne som Umiliana dei Cerchi (1219-1247), som stort sett aldri sa noko, særleg framheva. «Umiliana's piety, from her silence to her devotion to the church and to the sacraments, makes her a model lay woman.»<sup>264</sup> Kvinner som stakk seg meir ut, hadde også gjerne sine tilhengjarar, men dei fekk også som regel sine fiendar.<sup>265</sup>

Det er mykje som er verd å leggja merke til ved 1400-talets Bøhmen. Mellom anna var husittanes kvinnesyn med på å skape ei offentleg sfære som var særeigen for si tid. Ikkje berre kjempa kvinnene side om side med menn som husittiske krigarar,<sup>266</sup> men dei deltok

---

<sup>263</sup> Rublack. I Scribner og Johnson (1996) s. 17.

<sup>264</sup> Kienzle og Stevens. I Donno og Gilson (2014) s. 34.

<sup>265</sup> Eit eksempel på dette er Rose av Viterbo (1235-1252) som song og høglydt fordømde kjettarar i gatene. Sjølv om innhaldet i det ho sa stod i stil med det kyrkja forkynte, så måtte ho reisa i eksil på grunn av si forkynning. Kienzle og Stevens. I Donno og Gilson (2014) s. 37-38.

<sup>266</sup> «The foot soldiers ... took 156 prisoners, women who had fixed their hair like men and had girded themselves with swords, with stones in their hands, wearing boots. Among those were some high-born.» William II. I Fudge

også aktivt i kyrkja. Dei forkynte Guds ord og delte ut nattverd. Nattverden vart for husittane ein del av kvardagen, og kvinner kunne dela ut og ta i mot nattverd to gonger for dagen.<sup>267</sup>

Kvinnene si rolle vart forandra alt før krosstoga byrja. Dette ser vi prov på i konsilets resolusjon som eg omtala i førre kapittel. Her vart det spesifisert at forbodet mot forkynning skulle gjelda for kvinner og lekfolk.<sup>268</sup> Det var altså ikkje berre menn som fekk høve til å delta i større grad i det offentlege før krosstoga byrja. Husittane styrkte kvinnene si rolle i ålmenta. Ein har frå krosstogstida døme på at dei fekk dele ut nattverd, og dei fekk grundig opplæring i skriftera.<sup>269</sup> Piccolomini noterte mot slutten av krosstogsperioden at táboritiske kvinner kunne Bibelen betre enn romerske kardinalar.<sup>270</sup>

## II. Born

Også borns rolle i ålmenta vart utvida under krosstoga. Etter det første krosstoget laga presten Jan Čapek ein sigerssong som skulle syngjast av born, og på den måten skulle også dei spele ei rolle i det offentlege. Borna skulle syngja om husittanes siger i gatene, og på den måten heidra dei.<sup>271</sup> Dette vart ei symbolsk handling som illustrerte husittane sin kontroll i byen. Songar som den katolske kyrkja tidlegare hadde lagt ned forbod mot, kunne no syngjast openlyst av born i gatene.

At born song vart nok ikkje sett på som like problematisk av den katolske kyrkja, som at dei frå 1417 fekk ta del i nattverden. Dette gjekk imot ordenstenkinga i den katolske kyrkja,<sup>272</sup> og førte eit nytt element inn i diskusjonen rundt nattverden. No gjekk det ikkje berre på om ein skulle dela ut både brød og vin, men kven som kunne kvalifiserast til å ta del i måltidet.

Born spela også ei rolle i offentlege debattar og propaganda. I husittiske bilete vart det skildra born for å bygga opp under nokre av dei verste historiene om motstandaren. Eit døme på dette er eit bilete som viser ein munk som døyper sitt eige barn, for så å drepa det for å

---

(2002) s. 73. Sjå også Březová. *Crusaders and heretics in the battle of the Vítkov*. I Fudge (2002) s. 77-78.

<sup>267</sup> Fudge (1998) s. 146.

<sup>268</sup> *Resolution against the Hussites*. I Fudge (2002) s. 20.

<sup>269</sup> Fudge (1998) s. 171.

<sup>270</sup> Fudge (1998) s. 171

<sup>271</sup> Čapek. *The children's song of victory*. I Fudge (2002) s. 81-82.

<sup>272</sup> Fudge (1998) s. 90.



dekka over sine synder.<sup>273</sup> Dette biletet skulle fortelja om det skinnheilage presteskapet som var oppteke av å oppretthalda ein fasade av heilage handlingar. I dette tilfellet skulle det visa ein prest som heller ville drepa sitt eige barn enn å verta avslørt som far til barnet.

Framstillinga av born i husittiske bilete hadde også samanheng med at nattverden vart given til born.<sup>274</sup> I *Jena Codexet*, ei samtidig tekstsamling, vart katolikkane framstilte som bornemordarar. «The message is powerful in its propagandist orientation: the Hussites admit children to commune in the sacrament of the body and blood of God, the Romanists kill children.»<sup>275</sup> Dette kan verka som ei litt søkt samanlikning, men dei som hadde opplevd krosstoga, og krossfararanes ofte brutale framferd, opplevde ikkje nødvendigvis dette som ei fjern samanlikning. Desse bileta var ei sterk stemme i det offentlege som tente til å framstille presteskapet som meir oppteke av sitt eige namn og rykte, enn av flokken av truande.

Kvinner og borns rolle såg ut til å halda seg nokså stabil gjennom krosstogsperioden.

Kvinnene heldt fram med å forkynna og dela ut nattverd, og barnerøystene lydte i song.

Dette viser ei ålmente, som trass forfølging av enkelte grupper, var open for størstedelen av publikum.

### III. Jødar i Bøhmen

Jødane vart gjennom heile krosstogsperioden godt behandla av tsjekkarane. Alt før krosstoga vart det laga lover som skulle sikra at jødar ikkje vart lurte når dei skulle låna ut pengar,<sup>276</sup> og under krosstoga vart det fremja forslag, mellom anna frå presten Jakoubek av Stríbro, om at jødane måtte få eit eige område der dei kunne leve etter sine eigne skikkar.<sup>277</sup> Jødane sjølv hadde også eit betre auge til sine tsjekkiske naboar enn til krossfararane som stadig herja i Bøhmen. Etter det fjerde krosstoget ser ein korleis ein jødisk forfattar frydar seg over husittanes siger over krossfararane. «Behold a miracle: Suddenly at midnight a cry was uttered in the midst of the large army of Edom<sup>278</sup>... everyone fled before the sword. It

<sup>273</sup> Fudge (1998) s. 237.

<sup>274</sup> Sommaren 1423 innførte generalen Jan Žižka eit lovverk som stadfesta borns rett til å delta i nattverd. Lovane skulle gjelda i byane hans hærar styrde. Žižka. *The military rule of Jan Žižka and the Hussite armies*. I Fudge (2002) s. 168.

<sup>275</sup> Fudge (1998) s. 246.

<sup>276</sup> *Bohemian diet issues demands to the Emperor*. I Fudge (2002) s. 28.

<sup>277</sup> Fudge (2002) s. 246.

<sup>278</sup> Edom slik den er beskriven i Tanák er ein stad der Jødanes fiendar budde.4. Mos 20:14-21; Dom 11:17; 1. Kong 11:14-18; 2. Kong 8:20-22; 1. Krøn 15:25; 2. Krøn 20:2, 21:8; Sal 60:10, 108:10; Jes 34:5; Esek 25:12-14; Ob

was but a falling leaf that caused them to run away even though they were not pursued by anyone.»<sup>279</sup>

Jødane verkar vere særst godt integrerte i byane i Bøhmen. Då táboritane skulle ta byen Chomútov, som eg nemnde tidlegare i dette kapitlet, ville táboritane spara jødane som budde i byen. Men jødane valde å lida same skjebne som resten av sine medborgarar.<sup>280</sup> Dette syner at jødane vart behandla godt av både husittiske og katolske tsjekkarar, og viser korleis den innskrenka ålmenta først og fremst ramma dei som var deltakande i konflikten.

Husittane si behandling av jødar var særst uvanleg. Jødane vart ofte forfølgde i periodar med krig og uro i mellomalderens Europa,<sup>281</sup> og hadde mot slutten av 1300-talet opplevd ei massiv forfølgning i Praha, som vart starta av den katolske kyrkja, men utført av Prahas innbyggjarar som drap omkring 3000 jødar.<sup>282</sup> Historikaren J. M. Minty held fram at det mellom 1338 og 1520 var 90 tyske byar som utviste sine jødiske innbyggjarar.<sup>283</sup> Under krosstoga mot husittane vart jødane også ilagde ekstra harde skattar av den katolske kyrkja:

The priests and princes of the Rhine joined together and imposed taxes on the Jews. Everyone, even infants one day old, were obliged to pay as ransom a gold coin of the Rhine for each person. Even the poorest people had to pay for themselves and for their children this coin ransom.<sup>284</sup>

Husittanes vann gjennom sin venlege veremåte mot jødane, stor respekt også i jødiske samfunn. Jødane er eit døme på korleis offentlegheita gjennom krosstogsperioden, trass i at den i enkelte områder vart avgrensa, må kunne seiast å vera forholdsvis tolerant.

### Den offentlege sfæren under krosstoga

Publikum opplevde gjennom krosstogstida at den offentlege sfæren vart forsøkt kontrollert av både husittane og av den katolske kyrkja. I enkelte byar, fortrinnsvis dei som var kontrollerte av katolikkar eller táboritar, fekk ein ei innsnevring av kven det var som fekk delta i det offentlege. Katolske byar byrja forfølgning av husittar, medan ein i Tábor gjekk

---

1:8.

<sup>279</sup> *A Jewish perspective on the heretics*. I Fudge (2002) s 247.

<sup>280</sup> Březová. *Carnage and conquest at Chomútov*. I Fudge (2002) s. 104-105.

<sup>281</sup> Heymann (1955) s. 69.

<sup>282</sup> Jødane vart skulda for å ha misbrukt nattverdselementa. Nokre av dei overlevande jødane valde å la seg døypa. Mann. I Boehm og Fajt (2005) s. 84.

<sup>283</sup> Minty. I Scribner og Johnson (1996) s. 64.

<sup>284</sup> *A Jewish perspective on the heretics*. I Fudge (2002) s. 247.

gjennom ei forandring av byen, og for at samfunnet ikkje skulle falla frå kvarandre fjerna dei delar av publikum, som dei bøhmiske adamittane. Ein ser i dei táboritiske byane ei ålmente som er open, men samstundes avgrensa.

I Praha var derimot den offentlege sfæra nesten uendra, og ein hadde sterke grupper av både katolikkar og husittar som uttrykte seg i det offentlege. Ein såg også ei utviding av publikum i form av at kvinner fekk uttrykkje seg i større grad enn tidlegare.

### Kapittel 3. Former for offentlig debatt under krosstoga

Husittane si maktovertaking i Bøhmen hadde ført til ei utviding av offentlegheita slik at grupper som tidlegare vart haldne utanfor, no fekk delta. Under krosstoga vart derimot den offentlege sfæren enkelte stader meir lukka for nokre grupper. Dei ulike husittiske gruppene og katolikkane kjempa alle om å påverke publikum i Bøhmen.

Etter at det første krosstoget feila i sitt forsøk på ein militær siger over kjettarane, vart kampen for støtte i publikum sentral i forsøket på å vinna krigen. Thomas Fudge meinte propaganda hadde ei avgjerande rolle for å oppnå dette. «In the struggle for influence and persuasion the one with the best propaganda ultimately wields the most power and in the end prevails.»<sup>285</sup> Sjølv om det var andre faktorar som også spelte inn, var dette sanninga for mange byar i Bøhmen. Difor såg ein også ei intensivering i spreinga av propaganda under krosstoga. Denne skulle både byggje opp under eigne argument, skremme og vise kvifor fienden ikkje var til å stole på. Propagandakrigen var kampen om kven som forvalta sanninga, og i denne kampen vart det ofte brukt rykte og løgner for å få tilhengjarar.

For å få eit betre bilete av den offentlege sfæren, vil eg i dette kapitlet ta for meg propaganda som verkemiddel og korleis den kunne bidra til offentlig debatt. Thomas Fudge definerer i *The Magnificent Ride* propaganda som: “deliberate and systematic attempt to shape perceptions, manipulate cognitions, and direct behaviour to achive a response that furthers the desired intent of the propagandaist.”<sup>286</sup> Propaganda står i motsetnad til debatt på den måten at den er ein monolog, skapt for å påverke publikum utan at ein forventar diskusjon, og for at publikum skal respondere i form av bestemte handlingar eller passivitet. Eg ønskjer i det følgjande å undersøkje korleis katolikkar og husittar brukte propaganda i sitt forsøk på å påverke den offentlege sfæren, samt korleis propagandaen forandra seg frå tida før krosstoga starta, til etter dei var over. Etter å ha sett på propaganda, vil eg så studere offentlig debatt i Bøhmen under krosstoga, og kva høve publikum hadde til å delta i denne.

---

<sup>285</sup> Fudge (1998) s. 179

<sup>286</sup> Fudge (1998) s. 180.

## Propaganda

Fleire av skriftene som vart skrivne ved starten av krosstogsperioden var meinte for å spreie propaganda til så mange som mogleg. Bøhmen vart i denne perioden slagmark for ein kamp utkjempa med pamflettar og manifest, med lovnader og trugslar. Mange av dokumenta eg omtalar i denne delen, er manifest. Dei er som regel skrivne i brevform, men har som mål å fortelja publikum sanningar. Dei er difor, i likskap med propaganda, monologiske i si form. Det handla om å spreie informasjon, men like ofte mis-informasjon. Mykje av det som vart skrive, handla om å skapa skremmebilete av fienden og på den måten forsøke å få tilhengjarar for si sak.

### I. Propaganda før krosstoga

I tida før krosstoga hadde husittane spreidd si lære gjennom songar og talar, og gjennom at lekfolk forkynte. Den katolske kyrkja hadde fordømd dette i fleire brev, men deira dokument fram til 1419 var først og fremst retta mot dei ein såg som leiarane for rørsle.

I 1420 skulle publikum i Bøhmen i større grad verta mål for ein aggressiv propaganda frå begge sider. Frå keisaren og den katolske kyrkja kom dette i form av trugslar om undertrykking, avretting og åtskiljing frå kyrkja og sakramenta.<sup>287</sup> Dette vart som regel gjort kjent for publikum gjennom at brev, rapportar og bullar vart lesne høgt på marknadsplassar eller i katolske kyrkjer. 17. mars 1420, knappe fire månader før krosstogs slaget (slaget ved Vítkov, 14. juli 1420) vart mellom anna den pavelege bullen *Inter Cunctus*<sup>288</sup> lesen på marknadsplassar over heile Bøhmen. Her vart det teke i bruk ein retorikk som var typisk for krosstoga:

Regardless of the lack of merit there might be, we act on earth on behalf of the Lord our creator who did not hesitate to offer himself as a ransom for our salvation and to make us part of the Lord's heritage, we act as guard of the flock in order that we might be called into royal fold in the favour of our creator...On the basis of the purest motives and a yearning to use the power granted him [Sigismund] as king to the praise of God he has turned against these people of profanity, evil and iniquitous reprobation, the... Hussites... have become fascinated by the darkness...In order to inspire the faithful to be more fervent...those who set out on a journey

---

<sup>287</sup> Martin V. *The anti-Hussite bull 'Inter Cunctus' of Martin V.* s. 45-49. *Proclamation of the crusading bull.* S. 50-52. Sigismund. *Letter of Sigismund to the town of Budyšin.* S. 42. Vojtěch. S 20-21. Alle tekstar i Fudge (2002).

<sup>288</sup> Martin V. *The anti-Hussite bull 'Inter Cunctus' of Martin V.* I Fudge (2002) s. 45-49.

[to join the armies] should they die on the way shall receive the full remission of all their sins... We promise the fullness of eternal life as a reward to these.<sup>289</sup>

Bullen viser tre hovudtema som skulle gå igjen i propagandaen frå den katolske kyrkja. For det første stadfesta han kyrkjens posisjon som utvald av Gud til å leia den kristne flokken på jorda. For det andre framstilte han husittane som vonde, og til sist at lova han at dei som vende om (altså frå kjetteriet) skulle få tilgjeving frå syndene sine. Om ein i tillegg deltok i kampen mot husittane var ein garantert evig liv i himmelen. Ferdinand skriv dette som om kyrkja står over ålmenta. Kyrkja hadde ein lang tradisjon for å bruke si stilling til å diktere kva publikum skulle tru på,<sup>290</sup> og det er ikkje argumenta i det bullen seier som gir han tyngd, men det at han talar på vegner av Guds representantar på jorda.

Husittane hadde frå byrjinga av vore i opposisjon til den katolske kyrkja. I tida før krosstoget var talar og song deira hovudkanal for å spreie meldingane sine. Dei kom derimot med få manifest og brev før 1420. Eit av dei få, var eit manifest som vart laga ved den store samlinga av radikale husittar ved Bzí Hora den 17. september 1419. Her vart det mellom anna spelt på deira posisjon som sanne truande, og at det var Antikrist som stod bak motstanden mot dei.

We are aware that our souls have been imperilled by the hypocritical cunning of false prophets who have been incited by Antichrist against the law of God. We ask God to help us to avoid them with all the caution so that they may not dissuade us from the original authentic faith of the Lord Jesus Christ and the apostles.<sup>291</sup>

Dette var starten på ein propagandakampanje som i løpet av dei neste åra skulle eskalere og som dei neste 15 åra skulle vere ein viktig del av ålmenta i Bøhmen.

## II. Propaganda under krosstoga. Kyrkja og husittane

Den største forskjellen på propagandaen før og etter krosstoga byrja, er mangfaldet av han. Både katolikkane og husittane brukte mange ressursar på å overtyde publikum om at deira kamp var den sanne for dermed å vinna større støtte. I 1420 vart hundrevis av pamflettar spreidde rundt om i Bøhmen,<sup>292</sup> og i tida som kom, skulle det verta fleire. Hjø den katolske kyrkja skulle derimot ikkje argumenta endre seg frå dei som vart tekne i bruk i *Inter Cunctus* før krosstoga. Dei heldt seg til budskapet om at dei, og berre dei, var utvalde av Gud til å

<sup>289</sup> *Proclamation of the crusading bull*. I Fudge (2002) s. 50-52.

<sup>290</sup> Bird. I Bruschi og Biller (2003) s. 47-48.

<sup>291</sup> *Proclamation from the hills*. I Fudge (2002) s. 25.

<sup>292</sup> Fudge (2002) s. 68.

forkynne Guds sanning for flokken. Dei opphøgde seg sjølv til å stå over ålmenta, og dermed også ålmentas, og husittanes, oppfatning av både Guds ord og samfunnet. Dei sanningane som katolikkane fremma hadde vorte stadfesta av heilage menn gjennom lange tider, og var difor ikkje noko å debattere.<sup>293</sup> Dette ser ein eit tydeleg døme på i eit brev frå den pavelege legaten for det første krosstoget, Ferdinand av Lucena.<sup>294</sup> Argumentet som går igjen i brevet er at husittane ikkje må gjera som dei gjer, fordi kyrkja er imot det. Men han vedgjekk likevel at det var fordelar med ein del av husittanes lære:

Even if communion under both kinds is better and more meritorious as some doctors claim, it would still be more advantageous to witness to its merit by not receiving the communion of the chalice since it is in opposition to the practice of the Catholic Church as well as the decree of the Council of Constance. [Receiving it] is arrogant and presumptuous and thus adds to the crime and danger.<sup>295</sup>

Grunna dette synet på seg sjølv og på offentlegheita forsøkte ikkje kyrkja å kome med andre argument. Ferdinand prøver i staden å leggje skulda for krosstoga over på husittane ved å fortelje dei korleis dei i deira arroganse gjekk imot kyrkjas lære. Han peikar med det på to av dei tre elementa frå bullen over: at kyrkja si stilling alt var etablert og ikkje trong å inngå i eit ordskifte, og at husittane hadde vonde planar når dei prøvde å rokka ved kyrkjas stilling. Mangelen på gode argument frå kyrkja ser etter kvart ut til å verta så tydeleg for publikum at det vart nødvendig å ta det opp.

I eit brev til Sigismund frå 1422, forsvara pave Martin V den manglande dialogen med husittane ved at dei var for lite sofistiskerte til at ein kunne ha eit ordskifte med dei, hadde dei ikkje vore slik, kunne den katolske kyrkja ha vunne over dei med heilage instruksjonar og argument.<sup>296</sup> Pavekyrkja klora seg fast til sin posisjon som einaste formidlar av Guds sanning. For at det ikkje skulle bli avslørt at dei var i beit for tenlege og folkelege offentlege argument, var dei avhengige av å unngå eit offentleg ordskifte der husittane kunne vise med skriftstader at ein kunne stilla spørsmål ved pavekyrkjas makt. Lydnad mot kyrkja var ein dyd, og kyrkjas status var ikkje open for diskusjon i ålmenta.<sup>297</sup> Å delta i eit offentleg ordskifte kunne gi inntrykk av veikskap. Dei forsøkte difor i staden å finne andre måtar å

---

<sup>293</sup> Orsini. I Fudge (2002) s. 197.

<sup>294</sup> Fudge (2002) s. 68.

<sup>295</sup> Lucena. *Crusade legate admonishes the city of Prague*. I Fudge (2002) s. 69.

<sup>296</sup> Martin V. *Pope Martin V presses for military solution*. I Fudge (2002) s. 152.

<sup>297</sup> I 1439 skulle pave Eugenius IV, gjennom bullen 'Moyses vir dei', forsøka å oppløysa konsilet i Basel, og med det igjen verta den øvste autoriteten i kyrkja. Han stadfesta sin posisjon som formidlar av sanninga. «The vicar of Christ is so much greater in authority and rank than Moses.» Eugenius IV. *Eugenius IV's bull ('Moyses vir dei') against the council of Basle, 4 September 1439. (2<sup>nd</sup> session in Florence)*. I Crowder (1977) s.. 173.

påverke publikum. Gjennom sverting av husittane og bruk a trugslar vona dei å vinne støtte.<sup>298</sup>

Mykje av den husittiske propagandaen tok utgangspunkt i den pavelege bullen frå før krosstoga. Husittane ville syna at pavekyrkja ikkje var Guds utvalde, at det tvert om var husittane si lære som stod nærast Bibelen, og at paven ikkje kunne tilgi synder.

*(a) Guds utvalde*

Den katolske propagandaen kom med freistande lovnader. Den husittiske propagandaen tilbakeviste lovnadene og det biletet kyrkja skapte av seg sjølv og av husittane. Paven og konsilet var hovud i den kristne kyrkja og ønskte å framstilla seg sjølv som ein omsorgsfull forelder.<sup>299</sup> Husittane brukte dette mot dei, og heldt dei fram som ei vond stemor som ikkje lytta til borna sine,<sup>300</sup> men hadde reist den blodraude krossfararkrossen mot dei.

The church has acted, not as a mother, but as a stepmother. That most cruel snake has given birth to a malignant offspring, born of an evil report and the entire poison has been poured upon us when on Laetare Sunday [Fourth Sunday in Lent, 17 March] in Wrocław the church raised the cruel cross against all of the faithful in our kingdom with bloody hands and announced a crusade through corrupted mouth and venomous lips.<sup>301</sup>

Samanlikninga husittane brukar på kyrkja skulle stå i kontrast til det biletet kyrkja ville skapa av seg sjølv. Pavekyrkja fortalte publikum at ho var som den gode hyrden<sup>302</sup> som lengta etter at husittane, som vart samanlikna med den bortkomne sauene,<sup>303</sup> skulle venda tilbake.<sup>304</sup> Husittane freista gjennom sin propaganda å framstilla kyrkja som alt anna enn dette, og viste pavekyrkja fram som ein slange, noko som skulle assosiere til djevelen og syndefallet.<sup>305</sup> Ved å visa til at pavekyrkja slett ikkje var Guds, men heller djevelens representant, skapte dei eit tomrom som deira lære om Bibelen som øvste autoritet kunne fylle. På denne måten kunne dei skape legalitet for si eiga sak, som ei religiøs gruppe som stod i opposisjon til den katolske kyrkja.

<sup>298</sup> Dubá. I Fudge (2002) s. 57; Martin V. *The anti-Hussite bull 'Inter Cunctus' of Martin V.* s. 47-48; Sigismund. *Unrepentant heretics to be executed.* Alle tekstane i Fudge (2002).

<sup>299</sup> Beufort. *A papal nuncio appeals to the 'lost sheep' of Bohemia.* Fudge (2002) s. 226-227.

<sup>300</sup> *Bohemian diet issues demands to the Emperor.* S. 27-28; Březová. *Preachers excoriate the Emperor in sermons.* S. 56. *Song about Archbishop Zbyněk.* S. 43-44. *Želivský.* S. 21-25. *Proclamation from the hills.* S. 25-26. Alle tekstar i Fudge (2002).

<sup>301</sup> *Hussite manifesto from Prague.* I Fudge (2002) s. 59.

<sup>302</sup> Joh 10:1-16.

<sup>303</sup> Luk 15:11-32.

<sup>304</sup> Beufort. I Fudge (2002) s. 226-227.

<sup>305</sup> 1. Mos 3:1-14. Op 12:9-15. Op 20:2.



Paven vart ved fleire høve samanlikna med Antikrist, og det vart sagt at han sprang djvelens ærend.<sup>306</sup> For å byggje opp under påstanden om at pavekyrkja sto i samband med djvelen, brukte husittane dei representantane for kyrkja som var best kjende blant publikum, og peika på ulikskaper mellom dei og apostlane i Bibelen. Biskopane skulle vera apostlane sine arvtakarar, og hadde ansvaret for å utpeika prestar som skulle tene kyrkjelyden.<sup>307</sup> Dei husittiske talarane forsøkte å avsløre at verken biskopane eller prestane levde opp til sine førebilete. «For the apostles worked with their own hands and worked with the people.»<sup>308</sup> Når fokuset vart sett på prestane, og på munkar og nonner, vart det fort oppdaga at deira livsførsel var langt frå bibelsk. Dette var ikkje ein tanke som oppstod med husittane. Gjennom historier og teikningar har vi eksempel som er eldre enn husittkrigane, som fortel om munkar som var glade i prostituerte.<sup>309</sup> Prestane vart også utsette for klagar frå tsjekkiske reformatorar på 1300-talet,<sup>310</sup> og jamvel innanfor den katolske kyrkja måtte dei tåla å få krass kritikk.<sup>311</sup> Prestane var med andre ord under hardt skyts frå fleire hald, og vart ofte framstilte som griske,<sup>312</sup> late<sup>313</sup> og med meir omsorg for sitt eige namn og rykte enn si rolle som hyrdar for den kristne flokken.<sup>314</sup>

Dei husittiske prestane, med Jan Želivský i spissen, var blant dei som kom med den krassaste offentlege kritikken av sine katolske kollegaer. I ein tale om Jesus som i tre dagar tala til folket, men også hadde omsut for at dei trong mat,<sup>315</sup> stilte Želivský spørsmål ved om dei katolske prestane i Bøhmen ville hatt liknande omsut for folket.

Where are those priests, in this time, who will preach for three days in the wilderness? Where are the prelates who will care for the destitute in love by feeding them so that they do not

---

<sup>306</sup> *Czech diplomatic efforts to win allies*. S. 71-72; Pelhřimov. S. 379. *Proclamation from the hills*. S. 25. Alle tekstar i Fudge (2002).

<sup>307</sup> Imsen. (2012) s. 178

<sup>308</sup> Želivský. *Sermon on Jan Želivský on April 19th, 1419*. Frå Macek (1958) s. 117

<sup>309</sup> Fudge (1998) s. 227.

<sup>310</sup> Fudge (1998) s. 47.

<sup>311</sup> Nicolas de Clémanges hevda mellom anna før konsilet i Pisa (1409) at kyrkja inneheldt fleire tjuvar enn prestar. Clémanges. *The prosperity of the Roman Court*. I Crowder (1977) s. 45-46. Sjå også: d' Ailly. *The Letter of the Devil Leviathan to the pseudo prelates of the Church for the consolidation of schism*. S. 43; *Proposals for reform (from the first half of 1432)*. S. 153. Begge tekstar i Crowder (1977).

<sup>312</sup> Chelčický. *An heretical denunciation of war*. S. 86-87; *Manifesto of the captains of Tábor*. S. 289. Begge tekstar i Fudge (2002).

<sup>313</sup> *Manifesto of the captains of Tábor*. S. 290.

<sup>314</sup> *Defending the Hussite cause*. S. 294-295; Želivský. *Sermon of Priest Želivský*. S. 23. Begge tekstar i Fudge (2002).

<sup>315</sup> Mat 15:32. Mark 8:2.

faint from hunger while on the road? It seems they do not allow themselves to be bothered by such affairs.<sup>316</sup>

Husittane ønskte å ta eit oppgjær med det katolske presteskapet, og det galdt då å gjere ålmenta merksam på korleis prestane misbrukte og utnytta dei,<sup>317</sup> og korleis ein kunne forventa at ein prest levde. Ved å peika på prestane, og korleis dei levde, viser Želivský også eit viktig element ved samfunnet i mellomalderen. Det var vanleg at eliten, adel og geistlege, stod over publikum. Dei var avsondra frå kritikk og ordskifte, og trong difor ikkje å stå til rette for ålmenta. Ved at husittane angreip prestane og viste publikum at prestane ved å heve seg over ålmenta ikkje gjorde jobben sin, bidrog dei til å riva ned desse skilja. Punkt ein og fire i dei fire artiklane omhandla nettopp dette, at skilje mellom prestar og publikum skulle viskast ut så alle hadde rett til både å studere og formidle Guds ord, og at også eliten skulle stå til ansvar for sine handlingar.<sup>318</sup> Ved å gjere publikum merksam på desse forholda vann husittane mykje støtte hjå publikum, og ein ser fleire stader at geistlege fekk hard medfart som følgje av at desse skilja vart brotne ned.<sup>319</sup>

Táboritane brukte til tider eit språk som kunne minna om det den katolske kyrkja brukte. I sine artiklar hevda dei mellom anna å vera utvalde av Gud.

The Táborite brethren are God's angels sent to lead the righteous to the mountains out of the towns... as Lot was led out of Sodom... The Táborite brethren are in this time of vengeance the messengers of God sent to purge away all offences and evil from Christ's kingdom, all wickedness from good people and from the holy church.<sup>320</sup>

Táboritane sin propaganda likna også meir den katolske sidan dei begge flittig tok i bruk trugslar mot ålmenta. Etter å ha drepe hundrevis av menn som hadde forfølgd husittar i Prachatice, kom Žižka, med åtvaringar til byen Plzeň som var sentrum for den delen av Bøhmen der den katolske kyrkja stod sterkast. «We... warn all of you by the death of our Lord, specially you knights and squires, both people in the cities and peasants belonging to the Plzeň Landfríd to cease opposing the Lord God and God's holy law as well as the worthy

<sup>316</sup> Želivský. *Sermon of Priest Želivský*. I Fudge (2002) s. 23.

<sup>317</sup> Jan Hus meinte kyrkja, med sine skattar og sitt sal av avlat, misbrukte folket. «When I was a student they often sang vigils in the church. While we were singing, the priests collected money from the congregation and thus misused us». Macek (1957). s. 23.

<sup>318</sup> Březová. *Hussite resolve at the end of the first crusade*. I Fudge (2002) s. 83.

<sup>319</sup> *The beginning woes*. S. 33; *Hradec Králové falls to Sigismund*. S. 390. Martin V. pope Martin V presses for military solution. S. 152; Žagaň. *Massacre at Most*. S. 122; Žagaň. *Rewards offered for captured Catholic priests*. S. 127.

<sup>320</sup> *From the Táborite chiliast articles of 1420*. I Macek (1958) s. 131.

Four Articles.»<sup>321</sup> Til trass for at dei hevda å vera utvalde av Gud, sette táboritane seg ikkje over autoriteten til Guds ord, slik katolikkane gjorde, og dei hevda at dei ville forandre læra si om ein kunne prove at ho ikkje var bibelsk.<sup>322</sup>

*(b) Husittanes kjetteri*

Det at kyrkja ønska at publikum ikkje skulle vera opplyste om kva som i røynda var Guds ord, var eit poeng som gjennom husittisk propaganda kunne appellere til folket, og skape ei kjensle av at kyrkja hadde halde dei for narr. Det vart framheva at husittane hadde fått kjettarstempel utan at saka deira var prøvd på ein fullgod måte, og utan at det låg føre ei kyrkjeleg domfelling. I staden vart det hevda at djevelen hadde fått paven til å vera mot dei, og at fienden var ute etter å angripe det tsjekkiske språket.<sup>323</sup> Eit manifest som vart offentleggjort i byen Prahás namn, og adressert til kongedømmet Bøhmen,<sup>324</sup> ville overtyda publikum om at pavekyrkja ikkje hadde behandla dei rettvist, og dermed ikkje slik Gud ville gjort.

There has been neither admonishment, trial, nor an audience but merely a shameful denunciation on account of which the innocent Christ and his pure saints have been disgraced by these detractions of evil people. On this account that council together with the pope have called from everywhere an unjust war.<sup>325</sup>

Det var viktig for husittane å vise at krosstoga mot dei ikkje var rettferdige. For å gjere dette vart publikum halden fram som eit argument. Det hadde ikkje vore noko rettssak mot dei, og ikkje noko publikum som kunne vitna om på kva grunnlag dei hadde fått kjettarstemplet. Fram til pavekyrkja kunne vise til anten ei rettssak eller til vitne som kunne leggje fram prov på at krosstoga mot dei var rettferdige, var dette eit argument som husittane kunne bruke i sin propaganda retta mot publikum. Deira beste argument var mangelen på kyrkjas motargument og dei kunne difor halde fram med å hevde at biletet pavekyrkja skapte av husittane som vonde, var løgn.

We have been burdened with many cares and the evil of the ancient foe who opposes all good things and attempts to destroy all sacred intentions and cast it down into doubt, and cruelly induced the pope and the Council of Constance against us and the Kingdom of Bohemia. This

---

<sup>321</sup> Žižka; Machovice. I Fudge (2002) s. 101.

<sup>322</sup> *Manifesto of the entire Czech land*. I Fudge (2002) s. 340.

<sup>323</sup> *Hussite manifesto from Prague*. I Fudge (2002) s. 59-60.

<sup>324</sup> Fudge (2002). S. 58.

<sup>325</sup> *Hussite manifesto from Prague*. I Fudge (2002) s. 59.

council attempted many times to commit injustice against us and has committed many deceptions in order to stamp out the faithful from the kingdom and this was all on account of the truth of communion in the body and blood of Christ under both kinds by all faithful Christians.<sup>326</sup>

Husittane snudde på argumenta som kyrkja brukte. Dei hevda at det tvert om var paven og konsilet som hadde vendt seg mot mørket, og at dei difor la vonde planar mot dei trufaste kristne i Bøhmen. Skulle husittane ha brei støtte, måtte dei syne at dei ikkje var kjettarar, og for å gjere det heldt dei fram prov på at det var katolikkane som hadde fare kjetterisk fram då dei la vonde planar mot dei.

### Tilgjeving for syndene

Mot slutten av krosstoga tok husittane også opp pavens rett til å tilgje synder i propagandaen sin. Dette var eit punkt som også Jan Hus hadde vore oppteken av, og han hevda at paven tok ei rolle som berre Gud kunne ha.<sup>327</sup> I eit manifest frå 1431, som også vart sendt rundt i fleire av nabolanda, vart dette problematisert:

The pope reveals himself as an evident heretic, the prince of hypocrisy and the highest Antichrist to all pious and rational people through his false indulgences... Whoever could free his brother from death without his own destruction and does not do it is a murderer of his brother. If the pope could give remission of the penalty and guilt to all people, then no one would go to hell. If he can do this but does not he is the murderer of as many people who fall into judgement without indulgences.<sup>328</sup>

Dette manifestet inneheldt ein sterk kritikk mot paven som både vert kalla Antikrist og ein mordar. Med denne språkbruken vende husittane på budskapen iden katolske propagandaen, og la samstundes inn argument for kvifor paven var ein kjettar. Dét var også eit argument i diskusjonen kring sal av avlat, ein diskusjon som vart starta i 1411 av Jan Hus, og som skulle vera viktig i Europa lenge etter krosstoga.<sup>329</sup>

### (c)Ulike syn på ålmenta

Katolikkane sitt syn på ålmenta var vidt forskjellig frå husittane sitt. Husittane ønskte å bruka ålmenta til sin fordel ved å informere publikum om kvifor dei skulle støtte husittane i

---

<sup>326</sup> *Hussite manifesto from Prague*. I Fudge (2002) s. 59.

<sup>327</sup> Hus. *To Wenceslas of Dubá and John of Chlum. Constance, Franciscan prison, circa 18-21 June 1415*. I Crowder (1977) s. 100-101.

<sup>328</sup> *Manifesto of the entire Czech land*. I Fudge (2002) s. 339.

<sup>329</sup> Fudge (1998) s. 78.

kampen mot katolikkane. Det var viktig for dei å overtyde publikum om at lydnad mot sanninga i Guds ord var viktigare enn å vera lydige mot den katolske kyrkja. Medan katolikkane hevda å stå over ålmenta og forvalta sanninga åleine, brukte husittane i større grad argument frå Bibelen for å vinna støtte. Medan den katolske kyrkja i sin propaganda aldri gjekk djupt inn på teologiske problem, ser ein at husittane fleire gonger gjer det. Eit døme på dette, er eit manifest frå 1430 der det flittig vert vist til Bibelen og jamvel til autoritetar i kyrkjarahistoria, i forsvaret av dei fire artiklane.<sup>330</sup> Det vert her også uttrykt overrasking over at mykje av folket ikkje hadde valt å venda om frå si katolske tru, til trass for argumenta som vart presenterte for dei. «Considerable sin, both serious and minor, have originated on account of the sin of the better situated people especially the priests.»<sup>331</sup>

Til trass for at mykje av propagandaen viste til pavekyrkjas feil, fekk det at mange likevel ikkje slutta å vera katolikkar, husittane til å endre innhaldet i han. Etter dei første åra med krosstog var ikkje kyrkja lenger hovudtema i propagandaen, men heller husittanes naboar i vest.

On this account that council [of Constance] together with the pope have called from everywhere an unjust war, summoning our natural enemies, the Germans, and have invited them, with false indulgences from pain and sin to fight us. Even though they have no reason, they are always antagonistic to our language especially on the Rhine, in Meißen and in Prussia, from where we have been expelled. They wish for us to settle in exile.<sup>332</sup>

For å stilla sterkare i kampen mot krosstoga, valde husittane å spele på nasjonalkjensla og at kyrkja stod i samband med tsjekkaranes fiendar: tyskarane.

### III. Tyskarar og husittar. Nasjonalkjensle som propaganda.

Alexander PatFor å samle tsjekkarane til å stå imot krosstoga vart det gjennom husittisk propaganda halde fram at striden under krosstoga ikkje berre var ein kamp mot pavekyrkja, men at det også var mot ein tysk invasjon, leia av keisar Sigismund. Mange tyskarar hadde immigrert til Bøhmen under landets stordomstid midt på 1300-talet. Tyskarane var i mange tilfelle betre utdanna enn tsjekkarane, og fekk difor viktige stillingar og verv som dei heldt på inn i 1400-talet.<sup>333</sup> Dette hadde gjort dei særst populære blant tsjekkarane, som hevda at

<sup>330</sup> *Defending the Hussite cause*. I Fudge (2002) s. 295.

<sup>331</sup> *Defending the Hussite cause*. I Fudge (2002) s. 294. Sjå også *Hussite manifesto to all Christendom*. S. 308-311; *Manifesto of the entire Czech land*. S. 339-340. Begge tekstar i Fudge (2002).

<sup>332</sup> *Hussite manifesto from Prague*. I Fudge (2002) s. 59.

<sup>333</sup> Dette kjem tydeleg fram i Kutna Hóra-dekretet som kong Václav utsteda i 1409, som gav tsjekkarane meir å seia ved universitetet i Praha. Fudge (1998) s. 70. Også i krava som vart sende til Sigismund før

dei stal av deira rikdomar.<sup>334</sup> Å rette propagandaen mot tyskarane, og tale for det tsjekkiske folket og språket, vart difor eit grep for å få større støtte mellom publikum.

Som leiar for Det tysk-romerske riket, vart Sigismund halden fram som frontfigur for den trugande invasjonen. Vavřinec av Březová fortel om korleis dei husittiske prestane bygde opp rundt fiendskapen til Sigismund medan det første krosstoget var på veg.

Priest Jan... was stirring up the people to resist the king whom he referred to as the red dragon... Inspired by his sermons and the preaching of other priests, many faithful people did not hesitate to risk the loss of their lives and properties for the truth of the communion of the chalice.<sup>335</sup>

Březová drar her parallellar mellom keisar Sigismund og den reformatoriske striden med kyrkja. Dette syner to av dei viktigaste elementa i danninga av fiendebiletet i Bøhmen. På den eine sida var det kyrkja som ville nekta husittane å praktisera den sanne trua, på den andre var det keisaren, ein av kyrkjias allierte, men samstundes også leiar for tyskarane, som vart sett på som fiendar av tsjekkarane.

He is the great and cruel enemy of the language and kingdom of Bohemia... We hope that as true Czechs in this hour of crisis that you will gladly stand in defence of the crown and the kingdom just as you have done previously and as your forbears did. However, if after this warning you should ever follow or obey him as the king of Bohemia then you will forfeit honour, life and property.<sup>336</sup>

Husittane sin kamp vart med dette ein kamp både for det dei såg som den sanne forma for kristendom, men også for det tsjekkiske folket. Desse to kampane var tett knytte til kvarandre, sidan det var tsjekkarane som stod bak, og som kjempa for si tru, mot dei katolske tyskarane som dei hevda var ute etter å utslette både husittane og tsjekkarane. Det var også ein måte å sameine fleire krefter i kampen mot krosstoga.

Propagandaen som spela på fiendskap med tyskarane og som forsøkte å byggja opp under det nasjonalistiske i det tsjekkiske folket, var så godt som fråverande i tida før krosstoga. Det var derimot mange tsjekkarar som ikkje vende om til den husittiske trua, og det vart difor viktig å finna andre punkt som kunne sameina dei. Det dei hadde felles, var språket og

---

krosstogsperioden kjem med krav til kven som skal ha viktige stillingar i Bøhmen. «Foreigners are not permitted to occupy any position, office, or dignity, whether ecclesiastical or secular, and particularly in towns where Germans held office when Czechs could and would be able to govern.» *Bohemian diet issues demands to the Emperor*. I Fudge (2002) s. 27.

<sup>334</sup> Fudge (1998) s. 217.

<sup>335</sup> Březová. *Preachers excoriate the Emperor in sermons*. I Fudge (2002) s. 56.

<sup>336</sup> Vartenberk; Rožmberk. I Fudge (2002) s. 61-62.

historia, og gjennom propaganda som spelte på dette, vona ein at katolske tsjekkarar kunne stå saman med husittar i kampen mot Sigismund og hans tyske hær.

I eit manifest datert til den 5. november 1420, altså like etter at husittane hadde gått sigrande ut av slaget ved Vyšehrad under det første krosstoget,<sup>337</sup> ser vi eit døme på korleis Sigismund og den tyske hæren hans, vart framstilt som fiende av det tsjekkiske folk og språk.<sup>338</sup> Biletet som husittane skapte av «den raude draken»<sup>339</sup> skulle både demonisera motstandaren og syne at dette var ein kamp for alt det som var tsjekkisk.

He is perpetrating them in this Crown of the Czech kingdom by atrocious raping of girls and wives, by murdering adults and children and by various iniquities, and with the help of the blood-stained cross... which the pope unlawfully permitted him to use against us... He is cunningly attempting to eradicate the Czech language, which he has defamed all over the world in the most outrageous way, calling us heretics, giving advantages to foreigners in this country and providing them with the positions of expelled Czechs.<sup>340</sup>

Sigismund, kyrkjias viktigaste allierte, hadde lenge ønskt å vere konge i Bøhmen. Hans rolle som leiar for det første krosstoget, og dei grufulle hendingane det førte med seg, gjorde at hans rolle som fiende av det tsjekkiske folket vart eit element i den husittiske propagandaen. Det vart i manifestet fortalt om korleis han sette sine tsjekkiske soldatar i utsette posisjonar, medan ungarske og tyske troppar vart sparte.<sup>341</sup> Slik underbygde ein at han kjempa ikkje berre mot husittane, men mot alle tsjekkarar og alt som var tsjekkisk. Difor burde heile det tsjekkiske folket stå saman i kampen mot krosstoga og mot Sigismund.

Sigismund sin propaganda forsøkte å truge folket til å støtte hans krav som konge. «We command you all together under the same penalty to avoid Wyclifism<sup>342</sup> and to provide them neither with advice nor any assistance... But if there is anyone among you who does wish to do this, then such a person should be punished as he deserves.»<sup>343</sup> Til trass for dette opplevde han å sjå at husittanes forsøk på å eine tsjekkarane i kampen mot tyskarane, skulle

<sup>337</sup> Březová. *Siege of Vyšehrad castle and fortress*. I Fudge (2002) s. 88-93.

<sup>338</sup> *Manifesto after the victory at Vyšehrad*. I Fudge (2002) s. 93-94.

<sup>339</sup> «Priest Jan [Želivský] was stirring up the people to resist the king whom he referred to as the red dragon since the king allowed his favourites to wear a golden dragon on their chests which was the sign of his order.» Březová. *Preachers excoriate the Emperor in sermons*. I Fudge (2002) s. 56.

<sup>340</sup> *Manifesto after the victory at Vyšehrad*. I Fudge (2002) s. 93.

<sup>341</sup> *Manifesto after the victory at Vyšehrad*. I Fudge (2002) s. 93.

<sup>342</sup> Sigismund og andre katolikkar, kalla ofte husittane for wyclifittar, og dei vart ofte sett på som å ha den same kjetterske læra.

<sup>343</sup> Sigismund. *Sigismund promotes the crusade*. I Fudge (2002) s. 53. Sjå også *An imperial plot revealed*. S. 55-56. Sigismund. *Crusade commander orders death to all heretics*. S. 114-115. Begge tekstar i Fudge (2002).

lukkast. I 1421 vart det halde eit møte i Čáslav, like sør for Kutná Hora. Her vart det mellom anna framheva at Sigismund var uskikka til å styra landet. «We have never accepted him as our king and not as hereditary lord of the Czech Crown. By his own worthlessness he has demonstrated that he is unfit to bear this.»<sup>344</sup>

Å omtala krosstoga som eit åtak på det tsjekkiske språket var noko husittane tydde til fleire gonger.<sup>345</sup> I eit splitta Tsjekia var språket det som samla tsjekkarane, og som skilde dei frå tyskarane som lenge hadde budd i Bøhmen. Difor var det om å gjera å framheva at språket var i fare. Tyskarane vart framstilte som naturlege fiendar av tsjekkarane; dei ønskte å senda alle tsjekkarar i eksil og utsletta det som var tsjekkisk.<sup>346</sup> Sigismund var, som representant for tyskarane, fiende ikkje berre av husittane eller Bøhmen, men også av språket, og dermed også heile det tsjekkiske folket.<sup>347</sup> Alt dette skulle vera med på å overtyda det tsjekkiske folket om kven fienden var, og fjerna all tvil om kven det var som kjempa den rettferdige kampen for det tsjekkiske folket og for Guds sak.

### Offentleg debatt under krosstoga

Vi har sett korleis både katolikkar og husittar spreidde propaganda i Bøhmen for å skaffe støtte til si sak. Men i kva grad skapte dette respons hjå publikum? I denne delen av avhandlinga ønskjer eg å sjå nærare på om kva reaksjonar propagandaen skapte blant publikum og korleis den offentlege debatten gjekk føre seg.

#### I. Frå propaganda til offentlig debatt

Frå 1419 såg ein ei oppblomstring av propagandaen som vart spreidd i Bøhmen, noko krønika *Chronicon universitatis Pragensis*, som vart skriven ved universitetet i Praha, omtalar.

In the year of the Lord 1419 much secret wickedness increased in every part of the land of Bohemia to such a degree that no one was able to escape the confusion and the awful

---

<sup>344</sup> *Proceedings from the diet of Čáslav*. I Fudge (2002) s. 119. Sjå også Fudge (1998) s. 99-100; Válka. I Hruza og Kaar (2012) s. 36.

<sup>345</sup> *Czech diplomatic efforts to win allies*. S. 72; *Hussite manifesto from Prague*. S. 59-60; Vartenberk og Rožmberk. S. 61. Alle tekstar i Fudge (2002)

<sup>346</sup> *Hussite manifesto from Prague*. I Fudge (2002) s. 71.

<sup>347</sup> *Hussite manifesto from Prague*. I Fudge (2002) s. 59-60.



consequences... Even the clerics who ought to know better along with ordinary people, both men and women, who once were standing in holiness and justice have become perverted and are now workers of iniquity.<sup>348</sup>

Krøniken heldt fram korleis propagandaen påverka alle i landet, noko også Thomas Fudge skildrar. Han held fram korleis den husittiske propagandaen fekk deler av publikum til å aksjonera mot katolikkar i Bøhmen. «Prisoners in 1420 confessed that they had been incited by letters from the Táborite bishop, Mikuláš Biskupec, to act violently against the lord Rožmberk and his property.»<sup>349</sup> Dette er døme på at propaganda førte til handling hjå publikum.

Brevføringa under krosstogsperioden kastar lys over den katolske kyrkja sitt syn på debatt. Liksom dei såg seg sjølv som overlegne ålmenta, såg dei også på offentleg debatt med husittane som uønskt. Gjennom krosstoga forsøkte husittane å føre eit ordskifte med katolikkar, utan at det førte fram. I eit brev Jan Roháč av Dubá, ein av Žižkas løytnantar, skreiv til baronen Oldřich Rožmberk, klaga han over at baronen ikkje svara. «I have written to you in an earlier letter, in a reasonable manner, but I have received no answer.»<sup>350</sup> Det var eit gjennomgåande problem for husittane at representantar frå den katolske kyrkja ikkje svara på husittane sine brev. Katolikkane brevveksla helst seg imellom; berre når dei var militært truga av husittane, svara dei på brev frå den kanten. Også i brevvekslingar mellom katolikkar vart det nemnt at brevføringa var vanskeleg. Rožmberk hevda i eit brev til Sigismund, at uroa i området hadde gjort kommunikasjon via brev vanskeleg. «I have sent several letters but the messengers were captured. Other letters have reached your Grace but you have not responded so I remain expectant of hearing from you.»<sup>351</sup>

Sidan brevveksling var vanskeleg, fann debatten andre kanalar. Vi har alt sett at propaganda ofte kom som eit svar på propaganda frå den andre sida. Då katolikkane i *Inter Cunctus* stempla husittane som vonde kjettarar, kom husittane med motpropaganda. På same måten var Ferdinand av Lucenas brev til husittane, der han haldt fram at det var best for dei å følgja pavekyrkjas lære, også skrive som ein respons på husittanes propagandaspreiing ved byrjinga

---

<sup>348</sup> *The beginning woes*. I Fudge (2002) s. 33. Sjå også Březová. *A Moravian Tábor*. I Fudge (2002) s. 102-103.

<sup>349</sup> I Fudge (1998) s. 258.

<sup>350</sup> Roháč. *Letter of Jan Roháč of Dubá to Oldřich Rožmberk*. I Fudge (2002) s. 102.

<sup>351</sup> Rožmberk. *Oldřich Rožmberk affirms loyalty to Sigismund*. I Fudge (2002) s. 194.

av krosstogstida.<sup>352</sup> På den måten vart også propaganda ein del av eit ordskifte der mykje var tilgjengeleg for publikum.

I første kapitlet såg vi på korleis falsk informasjon og rykte var ein del av ålmenta før krosstoga. Dette galdt i enda større grad under krosstoga. I eit brev frå november 1420, adressert til heile det tsjekkiske folket, ønska Jan Žižka å svara på rykte om at han, og hans menn, var fiendar av folket.<sup>353</sup> I brevet forsikra han dei også om at dei kjempa for dei fire artiklane, og han sette med det likskapsteikn mellom det å vera på folkets side og å kjempa for husittane si sak.<sup>354</sup> Eit anna forhold som gjer dette brevet interessant, er at han ber om tilbakemelding. «Please reply to this letter in writing. Should you fail to do so we will take the view that you are willingly enemies of God as well as of the Táborite brethren.»<sup>355</sup> Denne oppmodinga var nok først og fremst meint for dei skrivekunnige, først og fremst adel og geistlege. Dette er altså eit brev som vert skrive grunna eit rykte som gjekk blant publikum, og som forfattaren ønska svar på, og det er noko av det næraste ein kjem ein debatt i brevform frå byrjinga av krosstoga.

Det er derimot vanskeleg ut frå dette å seie noko om i kor stor grad publikum kunne skilje rykte og løgn frå sann informasjon, og det er lite i dette som tyder på at publikum skulle kunne danne seg eit godt bilete av situasjonen i Bøhmen på denne tida. Carol Symes heldt fram at britiske bønder på slutten av 1300-talet greidde å halde mange typar dokument frå kvarandre og på den måten skilje rykte frå sanning<sup>356</sup> (referert til i kap.1). Ein har også eksempel frå det husittiske Bøhmen på at iallfall enkelte hadde evne til å gjere det same.

## II. Petr Chelčický

Om ein skal studera offentleg debatt i mellomalderen, er Petr Chelčický ein interessant karakter. Petr var ikkje prest eller ein del av overklassen. Han var heile livet bonde, og hadde inga formell utdanning.<sup>357</sup> Sidan alt han skreiv var på tsjekkisk, er han til tider blitt oversett av

---

<sup>352</sup> *Hussite manifesto from Prague*. I Fudge (2002) s. 70-73.

<sup>353</sup> Žižka. *Žižka and Táborite leaders address Czech people*. I Fudge (2002) s. 99.

<sup>354</sup> Žižka. *Žižka and Táborite leaders address Czech people*. I Fudge (2002) s. 99.

<sup>355</sup> Žižka. *Žižka and Táborite leaders address Czech people*. I Fudge (2002) s. 99-100.

<sup>356</sup> Symes. I Goodson, Lester og Symes (2010) s. 299.

<sup>357</sup> Molnár (2006) s. 3; Novak og Selver. I *The Slavonic Review*. (1922)

vestlege historikarar.<sup>358</sup> Men han var ei sær s viktig stemme i si samtid. Som táboritane ønskte han at kyrkja skulle verta meir lik urkyrkja, men i motsetnad til táboritane, meinte han at husittane skulle ta eksempel av Jesu disiplar som ikkje løfta våpen i møte med dei som forfølgde dei, men som var villige til å døyg og på den måten verta martyrar for det dei trudde på. Han er vanskeleg å plassera i ei bestemt husittisk gruppe. I Thomas Fudge sin gjennomgang av dei ulike husittiske gruppene, held han fram at Chelčický kritiserte dei alle.<sup>359</sup> Dette er med på å gjera han til eit av dei tydelegaste eksempla på at enkeltindivid hadde høve til å delta i den bøhmiske ålmenta under krosstogstida.

*(a) Chelčický og utdanning*

Omtrent samstundes som husittkrigane byrja, sto også Petr fram på den offentlege scena. Han var ikkje redd for å kritisere korkje husittiske grupper eller pavekyrkja, og han var ein forkjempar for utdanning av folket. Han såg på det at mange var uopplyste som ein trugsel mot ålmenta:

There are a few people today who have a real understanding of the truth and who abide in it. It is entirely inadequate for a single person involved in this difficult battle to simply know that certain educated persons, such as the parish priest or the prelate, have knowledge and understanding of the Scriptures. The individual on the street must have knowledge and understanding of the Scriptures. It is clear that in a physical engagement it is not sufficient to know that our friend has a sword, we urgently need one also! Without a weapon we are unable to resist and will therefore be defeated. It is therefore essential that all people personally have knowledge and understanding of the Scriptures.<sup>360</sup>

Det var nødvendig at alle vart utdanna, så dei kunne skilja godt frå vondt, og så dei sjølve kunne stå rusta til å vurdera kven som levde etter Bibelen og kven som ikkje gjorde det. Prestane levde ikkje slik dei første apostlane; dei ville gjera kva dei kunne for å tryggja seg sjølve og var viljuge til å føra krig medan folket leid.<sup>361</sup> Medan den katolske kyrkja ønskte å avgrensa og kontrollera kor djupt lekmenn kunne gå inn på teologiske spørsmål,<sup>362</sup> la husittane større vekt på utdanning. Pavekyrkja ville at den styrande eliten skulle vera utdanna, medan det for Chelčický var om å gjere at individet vart opplyst. Ein av grunnane til at Chelčický såg det som viktig at kvar enkelt var fortruleg med Bibelen og dei teologiske spørsmåla, var at prestane var uskikka som hyrdar. Dei var ubrukelege for Gud. «The majority

---

<sup>358</sup> Molnár (2006) s. 3.

<sup>359</sup> Fudge (1998) s. 124.

<sup>360</sup> Chelčický. *An heretical denunciation of war*. I Fudge (2002) s. 87.

<sup>361</sup> Chelčický. I Molnár (2006) s. 115.

<sup>362</sup> Schildgen. I Donno; Gilson (2014) s.16-20.

of these preachers talk a great deal about patience and are able to burden simple people with heavy penance. However, they themselves, most regrettably, do not do penance even with their finger. These prelates are exceptionally greedy!»<sup>363</sup> konkluderer han med i ein traktat han skreiv i 1420 eller 1421. Chelčický vurderte prestane som meir opptekne av verdslege goder enn av å tena folket, og det var difor viktig at individet hadde kunnskap om Guds ord så dei kunne avsløra når prestane ikkje utførte tenesta si som dei skulle.

I boka *Net of Faith*, som vart skriven etter husittkrigane, oppmoda han publikum til å sjå etter sanninga utanfor den katolske kyrkja.

It is all the more necessary for the conscientious people to study and examine the faith in God and His law, to rededicate their hearts to it, and to analyse the other faiths in order to see where these are leading their followers. For the Pope requires that his person, his letters, and his laws be given credence as the law of God.<sup>364</sup>

Dette viser eit særtrekk ved Chelčický. Han ønskjer at publikum sjølv skal finne fram til Guds sanning ved å stille spørsmål ved autoritetane og deira lære. Han vil overtyde dei han er usamd med ved hjelp av argument og Bibelen heller enn med press, og oppmodar alle til å vere venlege i møte med motstandarar. Dette stod i sterk kontrast til både husittane og katolikkane som gjennom krosstoga viste det motsette. I eit brev til Rocykana, som handla om rettferdig krigføring, heldt han fram at både kyrkja og husittane i framferda mot fiendane sine synta at dei ikkje levde etter Guds lov.

Faith has not been abolished, nor the New Testament. Men are bound to conform to it and to obey Christ in loving their enemies and in doing good to them. They are bound to feed them and give them drink when they are hungry and thirsty; to pray to God for them and to render to no one evil for evil.<sup>365</sup>

Ved å argumentera mot tanken om at det fanst rettferdig krigføring, skulle Chelčický også byrja å kritisera autoritetar i kyrkja som få før han hadde våga å setja spørjeteikn ved.

#### *(b) Chelčický og kyrkjefedrene*

Både husittar og den katolske kyrkja heldt kyrkjefedrar som Augustin, Ambrosius og Tertullian nærast som heilage i deira tolking av Bibelen og i synet på samfunnet. Ved konsilet i Konstanz vart det lagt ned forbod mot å tolka Bibelen og kyrkjefedrane på annan måte enn

---

<sup>363</sup> Chelčický. *An heretical denunciation of war*. I Fudge (2002) s. 87.

<sup>364</sup> Chelčický. I Molnár (2006) s. 56.

<sup>365</sup> Chelčický. *Hussites denounce Hussites*. I Fudge (2002) s. 383.

den etablerte tolkinga som kyrkja hadde.<sup>366</sup> Dette vart også kritisert hjå Chelčický.

Saint Augustine, speaking about the city of God, was standing on a bloody ground when he said, 'If someone is killed justly, he is killed by the law and not by the lawyer.' And Saint Jerome says, 'It is not cruelty but kindness to punish the sins of God.' And by punishment he means death... The old saints have certainly gathered enough food for the sword so that it would not starve!... With their interpretations they are making God as having two mouths, with one saying 'you shall not kill,' and with the other, 'you shall kill.' Who, then, can tell what God wants, when there are two ways, contrary to each other? [In doing this] men turn away from God.<sup>367</sup>

Jürgen Habermas brukte som eit argument mot debatt i mellomalderen at ålmenta vart styrt av autoritetar.<sup>368</sup> Mot dette innvender historikar Leidulf Melve at det under Investiturstriden på 1000-talet ikkje lenger var nok å berre helde fram autoritetar for å vinne ein debatt.<sup>369</sup> Det er likevel ein lang veg frå dette til den krasse kritikken kyrkjefedrane vart møtte med av lekmannen Chelčický på 1400-talet, og det er med på å illustrere kor unik hans stemme var i samtida. Ved å gå laus på kyrkjefedrane og deira autoritet, angreip han også noko som vart sett på som grunnleggjande i kyrkja. Både husittar og katolikkar brukte kyrkjefedrane for å argumentera for si sak,<sup>370</sup> og hjå den katolske kyrkja vart deira skrifter haldne som å vera nesten på linje med Bibelen.<sup>371</sup> Ved å kritisera desse var Chelčický med på å flytta grensene for kven det var legetimt å stille spørsmål ved.

Chelčickýs kritikk av kyrkjefedrane vart sett på nærast som ei kritikk av det heilage. Så kontroversielt var det, at det fekk den husittiske presten Jakoubek av Stříbro til å kalla Chelčický for ein kjettar.<sup>372</sup> Like fullt starta Chelčický ein kultur der også kyrkjefedrane kunne kritisera, og hundre år seinare oppmodar Martin Luther til å gjere det same.<sup>373</sup>

### (c) *Chelčický og husittane*

Lærde husittar brukte likevel kyrkjefedrane for å stadfeste poenga sine. Dette ville derimot Chelčický ikkje vita av. I ein debatt med den táboritiske presten Jan Rokycana viste han at han var kritisk til måten kyrkjefedrane vart brukte som autoritetar i debattar. "You oppose me, using our masters to prove through their writings that purgatory is in hell. As far as I am

---

<sup>366</sup> Evans (1992) s. 72.

<sup>367</sup> Chelčický. I Molnár (2006) s. 124-125

<sup>368</sup> Habermas (1986) s. 21.

<sup>369</sup> Melve (2006) s. 138.

<sup>370</sup> *Czech diplomatic efforts to win allies*. I Fudge (2002) s. 71.

<sup>371</sup> Evans (1992) s. 72.

<sup>372</sup> Chelčický. *Hussites denounce Hussites*. I Fudge (2002) s. 282.

<sup>373</sup> Evans (1992) s. 63.

concerned, I only accept their knowledge to the extent that it strengthens my faith in the law of God. They thought me themselves to think in this manner.»<sup>374</sup> Chelčickýs einaste udiskutable autoritet var Bibelen. Det viktigste han hadde lært av kyrkjefedrane, var at han skulle tenkje sjølvstendig.

Det å tenkje sjølvstendig hadde han også lært av Jan Hus, som av husittane vart sett på som ein autoritet på linje med dei andre store kyrkjefedrane.<sup>375</sup> Men også Hus, og Wyclif, vart kritiserte av Chelčický. Han meinte dei andre husittiske gruppene var for opptekne av Jan Hus, og at dei var for lite kritiske til hans ord. Jamvel om Gud hadde sendt ein engel til dei, ville dei berre brydd seg om Hus.<sup>376</sup> Han heldt også mot husittane at dei var dobbeltmoraliske når dei hevda å drive krigføring i Guds namn.

When a lord puts on foot a large army of peasants, making them into knights, and these have full power to kill, are these not assassins, or men who must repent of their crimes? Indeed on the contrary, they boast of conducting themselves bravely and having massacred heretics. This poison was poured into Christianity by the doctors, who were certainly not present at the council of Jesus the poor, but indeed at the council of the great whore, who has filled the earth with blood and abomination.<sup>377</sup>

Tanken om rettferdig krigføring var eit tema som ofte vart diskutert av Chelčický.<sup>378</sup> Denne teorien heldt fram at det i nokre tilfelle kunne forsvarast å ta liv og å gå til krig. I kyrkjehistoria var kyrkjefedrane Augustin og Ambrosius sentrale i å gjere dette til ein akseptert doktrine blant dei kristne.<sup>379</sup> Teorien vart forsvart av mange av dei mest framstående husittiske leiarane. Men Chelčický meinte det aldri var rett å ta liv, heller ikkje i naudverje. Han meinte at om ein ville leva som apostlane, så burde ein også lida som dei.

Completely opposite to this the apostle proclaims the Gospel as well, though in chains and not having feather bed or fine food of meat and foul. Even though chained he served far better than the prelates who wear long gowns. Despite being in chains he served the people through the Gospel, performing an important service and has therefore introduced a great number of people to an understanding of the Gospel.<sup>380</sup>

Dette var ikkje den einaste gongen han skulle leggja seg ut med somme av dei best skolerte husittane. På midten av 1430-talet skreiv han eit brev med tittelen *Reply against Master*

---

<sup>374</sup> Chelčický. *Hussites denounce Hussites*. I Fudge (2002) s. 380.

<sup>375</sup> Fudge (1998) s. 125.

<sup>376</sup> Chelčický. *Hussites denounce Hussites*. I Fudge (2002) s. 380.

<sup>377</sup> Chelčický. *Hussites denounce Hussites*. I Fudge (2002) s. 383.

<sup>378</sup> Chelčický. I Molnár (2006) s. 102-108.

<sup>379</sup> Cox (2014) s.23.

<sup>380</sup> Chelčický. *An heretical denunciation of war*. I Fudge (2002) s. 86-87.

*Rokycana*. Rokycana var ein prest som støtta dei radikale husittanes kamp mot Sigismund. I brevet viser Chelčický til ein debatt han hadde med ein av Rokycanas læremeistrar, Jakoubek av Stříbro.

‘In your opinion, if force agrees with the faith, can you find in the gospel proof to justify sins, wars and other cruelties?’ He replied to me: ‘No, but this is the conviction of saints in the past.’ When the king left Prague, and when many people were massacred on both sides he excused again the murderers saying: ‘I cannot burden their conscience with these killings because this would bring shame on the entire estate of the knights.’<sup>381</sup>

Denne haldninga kallar han ei gift som er komen inn i kristendommen, og som no også påverkar Rokycana og dei radikale husittane. Chelčický meinte at skrifta skulle forståast ut frå Jesu ord og liv, og hevda at det var umogleg at tanken om rettferdig krigføring hadde sitt opphav i skrifta:

It is impossible that the Holy Spirit has revoked, through the intermediary of these doctors, the commandments which was announced to all people through the voice of the apostles... The sword which serves to spill blood, it is the church which won over; Christ has never stopped wanting the opposite.<sup>382</sup>

Motstandarar hans brukte også bibelstader i sitt forsvar av rettferdig krigføring. Til dette svara Chelčický at ikkje alt i skrifta var heilagt, og at noko var historiske forteljingar som aldri var meint å skulle etterfølgjast.<sup>383</sup>

#### (d) *Chelčický og den katolske kyrkja*

Når han var så kritisk til husittisk krigføring, er det ikkje overraskande at han også refsa pavekyrkja. Kyrkja har, ifølge Chelčický, gått bort frå sanninga for lenge sidan.<sup>384</sup> Han meiner samanslåinga av kyrkje og stat var det som gjorde at gifta kunne trengja inn i kristendommen. *Net of Faith* omhandlar garnet som apostlane skulle fiske menneske med, og korleis det vart øydelagd då Konstantin gjorde kristendommen til statsreligion i det romerske riket.

It was then and there that the net became greatly torn, when the two great whales had entered it, that is, the Supreme Priest [paven] wielding royal power with honour superior to the Emperor, and the second whale being the Emperor who, with his rule and offices, smuggled pagan power and violence beneath the skin of faith.<sup>385</sup>

Ut av dei store kvalane skulle det koma hordar av munkar, studentar og prestar som alle

<sup>381</sup> Chelčický. *Hussites denounce Hussites*. I Fudge (2002) s. 282.

<sup>382</sup> Chelčický. *Hussites denounce Hussites*. I Fudge (2002) s. 283.

<sup>383</sup> Chelčický. I Molnár (2006) s. 107.

<sup>384</sup> Chelčický. *An heretical denunciation of war*. I Fudge (2002) s. 86.

<sup>385</sup> Chelčický. I Molnár (2006) s. 73

vrengte kyrkjens lære til å handla om grådigskap. Det var denne læra, hevda han, som førte til at kyrkja nekta å godta Guds lov som husittane ønskte å fremja:

Now all these words with which I praised the early Church of Christ stink (to the nostrils) of the Church of Rome as ugly heresies. This is the why and the wherefore of the vituperations of the Master Auditor of Basel when the Czechs had proved the use of the chalice of God by the original Holy Church, showing that this Church truly maintained the practice of the divine chalice.<sup>386</sup>

Chelčický meinte det hadde vore betre for kristne å vera i opposisjon til dei styrande autoritetane. Kyrkjens makt hadde korrumpert kyrkja, og den var no meir oppteken av verdsleg makt enn av å føre menneske til frelse.

*(e) Chelčický og munnleg debatt*

Til trass for usemja mellom Jakoubek og Chelčický, lytta dei to til kvarandre. Jakoubek var mellom anna på besøk hjå Chelčický for å diskutera teologiske spørsmål. Ein har også andre eksempel på at leiande personar oppsøkte han i heimen hans for å diskutera teologi.<sup>387</sup> Dette syner at kvaliteten i argumentasjonen hadde vel så mykje å seia som statusen til debattanten. Gjennom sine skarpe svar på teoriane til dei ulike husittiske leiarane, greidde han å opparbeide seg ei stilling som ein respektert debattant i viktige spørsmål.

Chelčický debatterte med fleire prominente teologar, og han viste også gjennom boka si *Net of faith* at debatt var noko som var vanleg. I gjennomgangen av problemet om kyrkja trong å vera knytt til ein sterk stat for å blomstra, gjekk han bort frå den vanlege monologe skrivestilen resten av boka er skriven i. «What will be discussed here is not easy but difficult, complicated, and painful. Therefore, (I propose) to conduct the arguments in the manner of a disputation between persons of opposing ideas.»<sup>388</sup> Når det kom til vanskelege tema tydde Chelčický til diskusjonsforma. Det var denne forma han var vand med å bruka når han tala om krevjande teologiske tema med andre teologar, og han brukar også dette for at det skal vera lettare for lesaren å forstå det kompliserte emnet. Han er ikkje aleine om å bruke denne modellen. Vi har fleire dokument som tek for seg munnlege debattar, eller som er skrivne i form av debattar. I eit av eksempla møter vi Václav frå Roma, ein táboritisk husitt, og Havel som ikkje har bestemt seg for kva side han støttar. Det kjem derimot fram at forfattaren er

---

<sup>386</sup> Chelčický. I Molnár (2006) s. 69

<sup>387</sup> Molnár. (2006) s. 14.

<sup>388</sup> Chelčický. I Molnár (2006) s. 90.



imot husittane, og klagar både Wyclif og Hus for å stå i samband med Muhammed.<sup>389</sup> *Budyšínskýmanuskriptet* legg også fram temaet sitt i diskusjonsform. Her vart det mellom anna argumentert sterkt for at ei krone ikkje gjorde nokon til konge, med tilvising til at Sigismund ikkje var konge over Bøhmen sjølv om han hadde léte seg sjølv krona like før det første krosstoget.<sup>390</sup> Hadde det vore så lett kunne ein setje krone på eit esel, så hadde eselet vore konge.<sup>391</sup> Alle desse dokumenta vitnar om at diskusjonar var eit velkjend element i samfunnet. Alle tre brukar offentleg debatt som bakteppe for å opplyse sakene sine, noko som viser ei offentlegheit der debatt var eit velkjend fenomen.

Den krasse kritikken Peter Chelčický fremma mot kyrkja og dei ulike gruppene av husittar, gir eit unikt innblikk i dei offentlege moglegskapane i mellomalderen. Mange av husittane i dei ulike gruppene, kan seiast å vera etterfølgjarar av sterke leiarar. Dei var difor ikkje nøydde til å gjera seg opp sine eigne meiningar, eller å vera del i ein større offentleg debatt. Dei kan ha tatt del i det offentlege ut frå enkle ønske som eit betre liv med større rikdom eller meir land. Chelčický derimot, er i det heile ein uventa karakter. Utgangspunktet hans tilseier ikkje at han skulle skilje seg ut i det offentlege, i alle fall ikkje om ein skal tru Habermas og dei føresetnadane han set for mellomalderen.<sup>392</sup> Men gjennom sjølvstudium av Bibelen og ved å høyra Jan Hus og lesa andre teologar, gjorde han seg opp sine eigne meiningar. Sjølv om han har fellestrekk med fleire av dei husittiske gruppene, passar han ikkje inn i nokon av dei. Han er med det eit eksempel på den frie tanken som også gjer seg gjeldande i mellomalderen. Han er også eit døme på at husittrørsla tålte kritikk. Ein har til og med døme på viktige personar i Bøhmen som oppsøkte Chelčický for å søkje råd og for å diskutere. Dette viser ei ålmente som er open både for diskusjon og vurdering.

### Husittrørsla og Europa

Husittane hadde i Bøhmen skapt ei ålmente som var open for deltaking frå alle samfunnslag og som også var mottakeleg for kritikk. Dette synet på ordskifte møtte dei derimot ikkje hjå den katolske kyrkja som heva seg over ålmenta og dermed også ordskifte med kjettarane i Bøhmen. Husittane meinte dei ikkje hadde fått ei rettferdig behandling, og ønskte å gjere dei

---

<sup>389</sup> Fudge (1998) s. 267-268.

<sup>390</sup> Fudge (2002) s. 82

<sup>391</sup> Fudge (1998) s. 268.

<sup>392</sup> Habermas (1991). S. 33-34.

fire artiklane kjende utanfor Bøhmens grenser, for på den måten å syna publikum der at dei ikkje var kjettarar. Samstundes som husittane intensiverte si spreining av propaganda i Bøhmen, byrja dei også å senda pamflettar ut av landet.<sup>393</sup> Propagandaen var skriven på det lokale språket i landet han vart send til, og hadde som mål å påverke publikum. Alt tidleg på 1420-talet vart dette sett på som eit problem i store delar av Europa, og ved riksdagen i 1421 hadde dei som var til stades vorte samde om å utrydda alle teikn på kjetteri uansett kvar det dukka opp.<sup>394</sup> I same året åtvara tyske biskopar, i eit ope brev, om at kjetteriet kom til å spreia seg til andre land. «With regard to the matter of heresy and infidelity, which unfortunately have arisen in the Kingdom of Bohemia, and with regard to which has to be feared that if we do not counteract them in good tone, that they will also occur in other lands.»<sup>395</sup> Medan husittane ved fleire høve tok initiativ til å ha møte der dei kunne få prøvd saka si, vart denne interessa ikkje delt av paven og hans menn. Sidan den katolske kyrkja ikkje ønskte å gi rom for budskapen frå husittane, vart det viktig for husittane å spreie tankane sine på anna vis. Propagandaen dei sende til andre land vart den måten dei målbar synspunkta sine på utanfor Bøhmen.

Vi kan sjå effekten av den husittiske propagandaen fleire stader i Europa. I Belgia vart det spreidd husittiske manifest så tidleg som i 1420,<sup>396</sup> og ein har eksempel på at husittanes pamflettar nådde så langt som til Barcelona.<sup>397</sup> Sør i Tyskland vart det etablert husittiske grupper som vart oppfatta som eit problem hjå kyrkja der. Først då den tyske leiaren Matthias Hage vart drepen i 1458 greidde inkvisisjonen å verte kvitt husittane.<sup>398</sup> Dette viser at dei husittiske pamflettane var mange og nådde langt, og budskapen om dei fire artiklane fekk tilhengjarar i mange av dei landa propagandaen vart spreidd til. Pavekyrkja visste at om husittane fekk fotfeste i andre land, så kunne det føra til eit større skisma, liknande det ein

---

<sup>393</sup> Fudge (2002) s. 68.

<sup>394</sup> Mainz; Trier; Cologne; Wittelsbach. *Bishops outline anti-heresy strategy*. I Fudge (2002) s. 107. Sigismund var ikkje til stades ved denne riksdagen, noko som førte til at ein union av biskopar og adelege frå Rhinen-regionen vart dei som hadde mest å seie om det andre krosstøtet. Dette hende med velsigninga til den pavelege legaten Branda. Fudge (2002) s. 106. Denne unionen oppnådde stor støtte, spesielt frå tyske byar. Rabann. S. 109. Mainz; Trier; Cologne; Wittelsbach; *Johannes, bishop of Würzburg joins the union*. S. 110; Mainz; Trier; Cologne; Wittelsbach; *Crusader alliance with Albrecht, bishop of Bamberg*. S. 111; *Ulm, Memmingen and other cities join the bishops*. S. 112. Alle tekstar i Fudge (2002).

<sup>395</sup> Mainz; Trier; Cologne; Wittelsbach. *Union of German bishops*. I Fudge (2002) s. 105-106.

<sup>396</sup> Macek (1958) s. 77.

<sup>397</sup> Fudge (1998) s. 265.

<sup>398</sup> Macek (1958) s. 79.

såg i Europa under protestantismens framvekst 100 år seinare. Difor tvinga propagandaen den katolske kyrkja til å handla. I eit brev til biskopen av Tartu, sendt etter det andre krosstoget, held Sigismund dette fram som ein av grunnane til at ein måtte sende nye krosstog.<sup>399</sup>

The hypocritical and fictive elements meaning the communion under both kinds...they seek to convert everyone they can in order to spread their sect by false bretheren. Not satisfied to have infected Bohemia entirely they have sent their followers to foreign countries in order to deceive souls.<sup>400</sup>

Propagandaen nådde mange, til trass for at det var få som kunne lesa han. I Tournai i dagens Belgia, innbaud Gilles Mersault, ein lokal mann som rekna seg som husitt, ei stor folkemengd til marknadsplassen så han kunne fortelja dei om husittismen.<sup>401</sup> På liknande vis vart også publikum gjort merksam på dei fire artiklane i andre europeiske byar. Mersault vart i juli 1423, avretta for å ha forkynna kjettarbodskap.<sup>402</sup> Mersault står likevel som eit døme på korleis husittane skulle klare å påverke ålmenta i andre land, og korleis riksdagen, og andre styrande organ, kunne innskrenke den same ålmenta gjennom forfølging. Til trass for denne forfølginga skulle rørsla gjere seg gjeldande i fleire Europeiske land.<sup>403</sup>

Frå og med 1426 byrja dei husittiske hærane ei meir aggressiv krigføring i Bøhmens naboland. Leia av Prokop Holý kringsette dei byar i Tyskland, Austerrike og Polen.<sup>404</sup> I eit táborsk manifest frå 1430, hovudsakleg skrive av general Prokop Holý, ser ein døme på korleis ønsket om eit offentlege ordskifte omkring dei fire artiklane kunne brukast i formidlinga inn i det offentlege. Manifestet vart spreidd mellom byane som Holý hærtok utanfor Bøhmen. Det vert i dette manifestet satirisk skildra korleis Jesus høyrde på Djevelen, mens pavekyrkja ikkje vil høyra på husittane. Holý drog med det slutninga om at den katolske kyrkja måtte vere betre enn Jesus, og dei vondare enn djevelen.<sup>405</sup> I dette manifestet avskreiv

---

<sup>399</sup> Sjølv om slaget om Kutná Hora enda med fiasko for keisaren, var ikkje Sigismund aleine om å ønske ei militær løysing på kjettarproblemet. Dette var den viktigaste saka ved riksdagen i Frankfurt i 1422, og det var også ei av kampsakene for pave Martin V. Paven og keisaren skulle med det halde liv i krosstoga som løysing på kjettarproblemet. Sigismund. *Imperial admonition for the city of Frankfurt am Main*. I Fudge (2002) s. 151. Martin V. *Pope Martin V presses for military solution*. I Fudge (2002) s. 151-153.

<sup>400</sup> Sigismund. *Sigismund lobbies support from the bishop of Tartu*. I Fudge (2002) s. 149-150.

<sup>401</sup> Macek (1958) s. 77.

<sup>402</sup> Macek (1958) s. 77.

<sup>403</sup> Burgund. I Fudge (2002) s. 283. Sigismund. *The Emperor admonishes the Polish king*. I Fudge (2002) s. 305,

<sup>404</sup> For husittisk påverknad i Austerrike, sjå: Bernard (1958)

<sup>405</sup> Holý. *Manifesto of Captains of Tábor*. I Fudge (2002) s. 287.

dei også pavekyrkja som sann kyrkje, og slo samstundes fast at dei heller ville diskutere enn å krige.

If they are righteous men who have the truth in themselves as they indeed affirm, and we are unrighteous, why then are they afraid of us since the truth does not have to fear falsehoods as it is written... Therefore, if the pope and the entire clergy have truth, there is no doubt they will be superior to us and will defeat us with the word of God... For this reason, beloved and sincere people and lords, rich and poor, we exhort you and all Imperial cities together with the king, dukes and the lords... At this time you may bring your bishops and scholars and we shall bring our scholars. We will permit them to do battle using the word of God before all of us and no one shall triumph using violence or evil cunning, but shall use only the word of God. If your bishops and doctors demonstrate superiority of the faith... we will desire to correct ourselves... On the other hand, if your doctors and bishops are the ones defeated with reasoning from the Holy Scripture, then in that case you will repent and unite with us and remain with us.<sup>406</sup>

Manifestet står som eit prov på korleis táboritane no også forsøkte med militære midlar å skape ei opnare ålmente i byar utanfor Bøhmen, og på den måten både vinne støtte til si eiga sak og leggje press på pavekyrkja til å gå med på husittanes krav om å verte høyrde. Etter det fjerde krosstoget vart det også gjort eit forsøk på å finna ei diplomatisk løysing; husittane reiste då til Bratislava for å leggja fram saka si for Sigismund.<sup>407</sup> Då dette feila, vart det femte og største krosstoget send. Også dette skulle enda med eit knusande nederlag for pavekyrkja.<sup>408</sup>

Til trass for nok ein overlegen siger til husittane, var det framleis krefter i den katolske kyrkja som heldt på den militære løysinga som den beste.<sup>409</sup> Dette leia husittane til nok ein gong å føra sine troppar på tokt både inn i Tyskland<sup>410</sup> og i keisarens heimland Ungarn.<sup>411</sup> Desse tokta førte mellom anna til at det vart skriva mange fredsavtalar,<sup>412</sup> mellom anna med ein av

<sup>406</sup> Holý. *Manifesto of Captains of Tábor*. I Fudge (2002) s. 287.

<sup>407</sup> *Heretics propose a basis for negotiations*. S. 307; Sigismund. *Counter-proposal by the Emperor*. s. 308; Sigismund. *The Emperor admonishes the Polish king*. S. 305-306. Alle tekstar i Fudge (2002).

<sup>408</sup> *Account of the fifth crusade fought at Domažlice*. S. 314-317; *Admission of crusader defeat and disaster*. S. 319-320; *An uninformed report of the battle*. S. 319; *Hussite perspective on the campaign*. S. 318; Nicholas. S. 317-318; Alle tekstar i Fudge (2002).

<sup>409</sup> Cesarini. *Persistent anxiety over undefeated heretics*. S. 346-347; *Plans for a sixth crusade*. S. 356-358; Sigismund. *The Emperor expresses regret to Oldřich Rožmberk*. s. 333; Sigismund. *Letter of Sigismund to Friedrich of Brandenburg*. s. 332; Alle tekstar i Fudge (2002). Det var ikkje berre mot husittane det vart vanskelegare å samla troppar mot midten av 1400-talet. Margaret Meserve beskriv situasjonen i Europa som at det ikkje var ein sterk leiar som kunne samla nasjonane. Dette illustrerer ho med å visa til vanskanane med å stable på beina eit krosstog mot tyrkarane. Meserve. I Housley (2004) s. 13-14.

<sup>410</sup> Drahonice. *Orphan and Táborite expeditions abroad*. I Fudge (2002) s. 333-335.

<sup>411</sup> Forfattaren av denne teksten gir den táboritiske leiaren namnet Žižka. Den husittiske generalen hadde på dette tidspunktet vore død i fleire år. *Orphan invasion of Hungary*. I Fudge (2002) s. 336-338.

<sup>412</sup> *An Orphan expedition in Great Poland and Prussia*. I Fudge (2002) s. 359-360; Bitschin. I Fudge (2002) s. 362-363; Fudge (2002) s. 347..

husittanes bitraste fiendar, biskopen Konrad av Wrocław.<sup>413</sup> Táboritane skreiv også eit manifest som slo fast at katolikkane ikkje hadde nok kunnskap om husittane si tru, og at det var paven som var ein kjettar, ikkje dei. I brevet ba dei også nok ein gong om å få verta høyrde og lova å forandra på alt det dei lærte og gjorde dersom det kunne underbyggjast med Guds ord.<sup>414</sup> Denne gongen skulle dei få det svaret dei ønskte.

I invitasjonen til konsilet i Basel, nemnde Jan Stojković av Dubrovnik, som var kardinal Cesarinis utsending til konsilet,<sup>415</sup> korleis husittane hadde klaga over å ikkje verta høyrde, og korleis dei no skulle få leggja fram si sak i Basel,<sup>416</sup> utan at nokon skulle hindra dei i å tala.<sup>417</sup> «There is already a place provided and the possibility of a full audience. You are already invited and you shall be heard, not before a few, but as many as you wish. May you also listen to us.»<sup>418</sup> Etter fem krosstog fekk husittane endeleg leggja fram si sak for pavekyrkja og ikkje minst for ålmenta.

---

<sup>413</sup> Wrocław. I Fudge (2002) s. 347-350.

<sup>414</sup> *Manifesto to the entire Czech land*. I Fudge (2002) s. 339-340.

<sup>415</sup> Cesarini. *Cesarini's plan for a new crusade*. I Fudge (2002) s. 297.

<sup>416</sup> Stojković. *Invitation to Hussites to attend the Council of Basel*. I Fudge (2002) s. 343.

<sup>417</sup> *Cheb Judge*. I Fudge (2002) 345.

<sup>418</sup> Stojković. *Invitation to Hussites to attend the Council of Basel*. I Fudge (2002) s. 343.

## Avslutning. Frå Basel til Tábor

*The swords will turn to ploughshares  
The spears to sickles as God has promised  
Weapons shall be made into bells  
To welcome us.*

*No longer shall nations raise swords  
In war against their neighbours  
But all shall live together  
As brothers in peace.<sup>419</sup>*

### Konsilet i Basel og slaget ved Lipany

Ved forsøket på å finne ei diplomatisk løysing etter det fjerde krosstoget, klaga husittane over at publikum ikkje fekk vere til stades. Det verkar som om husittane hadde lite håp om å omvenda prestar, kardinalar eller paven; dei vart vurderte som for griske og late til å til å skifte meining.<sup>420</sup> Husittane var redde for at dei ikkje ville få ein rettferdig saksgang, og at kyrkja etterpå ville fortelje sin eigen versjon av rettsforhandlingane. Vona deira var difor å leggje fram si sak medan folket hørde på, for på den måten å vinne støtte hjå dei.<sup>421</sup> Publikum skulle her vere ei forsikring for at husittane vart hørde. Under rettsaka mot Hus kommenterte han kor vanskeleg det var å kome til orde, og han hadde i røynda få sjansar til å forsvare seg.<sup>422</sup> Dette ville ikkje husittane oppleve, og det vart difor viktig for dei at publikum skulle vera vitne til diskusjonane. Det å ikkje ta med folket, meinte husittane var eit teikn på reddhug og eit signal om at den katolske kyrkja visste at husittane si lære var rett.<sup>423</sup> Folket skulle vera til stades slik at dei sjølve fekk høyra husittanes bodskap, og døma om han var sann eller ikkje.<sup>424</sup>

Husittane, leia av engelskmannen Peter Paine som også hadde vore talsmann for husittane i

<sup>419</sup> Březová. *Hussite song of victory at Domažlice*. I Fudge (2002) s. 320-321. Songen er basert på spådomar i Det gamle testamente, t.d. Joel 3, Jes 2 og Mi 4.

<sup>420</sup> Chelčický. *An heretical denunciation of war*. S. 86-87; *Defending the Hussite cause*. S. 294-295; *Manifesto of the captains of Tábor*. S. 289-290; Želivský. *Sermon of Priest Želivský*. S. 23. Alle tekstar i Fudge (2002).

<sup>421</sup> Mladoňovice, som sjølv var til stades ved konsilet i Konstanz, hevda at det også under rettsaka mot Hus vart fremma ønske om ei offentleg høyring. Dette ønsket kom både frå Hus sjølv og frå delar av den tsjekkiske og polske adelen. Mladoňovice. I Spinka (1965) s. 112 og 124. Sjå også Hus. *Hus Announces to Sigismund that He is Ready to Go to Constance*. I Spinka (1965) s. 248.

<sup>422</sup> Hus. *John Hus to All the Faithfull Czechs (June 26, 1415)*. S. 287; Hus. *To His Friends in Constance (In the Franciscan prison, June 5, 1415)*. S. 254-255; Hus. *To His Friends in Constance (In the Franciscan prison, June 7, 1415)* s. 287. Alle tekstar i Spinka (1965).

<sup>423</sup> Holý. *Manifesto of Captains of Tábor*. I Fudge (2002) s. 288.

<sup>424</sup> Også for Martin Luther spilte publikum ei viktig rolle, og inga lære kunne gjelde utan at den hadde vorten høyrd av publikum. Han held fram Paulus som døme på korleis han «allows no doctrine or teaching to be accepted, unless it has been heard, examined, and approved by the congregation.» Blickle (1998) s. 13.

forhandlingane i Bratislava nokre år tidlegare, stilte eit ultimatum til kyrkja ved konsilet i Basel: «it is our opinion that before all these storms can cease, these blessed truths must be accepted and faithfully adhered to by all members of the Church.»<sup>425</sup> Den katolske kyrkja kunne ikkje gå med på å gje gjennomslag for alle krava til husittane, noko fleire brev frå ulike fransiskanarmunkar meinte dei burde.<sup>426</sup> Det heile enda med at dei to partane avtala å møtast på nytt i Praha for nye forhandlingar der. I Praha vona representantane frå pavekyrkja å finna krigstrøytte husittar dei kunne samarbeide med.

Thomas Fudge siterer eit anonymt brev. Under det første krosstoget vart husittane åtvare om at den katolske kyrkja vil finna ein måte å få viljen sin på:

King Sigismund has ordered all Wyclifites, of whatever state, are to be killed. If the servants of the king are unable to overcome [the heretics] by force and power, then they are to do so by deceit. If it cannot be done by deceit then the same can be done through the use of flattering sermons and false promises.<sup>427</sup>

Kyrkja hadde ikkje hatt suksess med maktbruk for å utrydda kjetteriet i Bøhmen. No var tida inne for å freista vinna fram gjennom falske lovnader og smigrande tale. Etter at kyrkja hadde gått bak ryggen på dei radikale husittane og forhandla seg fram til avtalar med dei mest moderate husittane, vart dei samde om at ein i Bøhmen fekk halda fram med å dela ut nattverdelement av begge slag, medan ein tok avstand frå dei andre krava. Bøhmens publikum skulle ikkje lenger reknast som kjettarar. Men for at ekskommuniseringa og den økonomiske blokaden skulle hevast, måtte dei mellom anna seie frå seg retten til fri forkynning.

For fear that one does not draw from the word 'freely' the opportunity of a rash and harmful liberty that you yourself have often declared you do not have in mind, it is necessary to be circumspect... the Word of God should be preached by priests and Levites who are capable, approved and sent out by their superiors.<sup>428</sup>

*Basel Compactata* innebar ei vesentleg innskrenking i rettane som husittane hadde kjempa for. I praksis førte det til at ein, med unntak av at alle kunne få del i vinen under nattverden, gjekk tilbake til slik det var før krosstoga starta. Til trass for dette gjekk dei krigstrøytte moderate husittane med på avtalen. Dei andre husittiske gruppene hadde tidlegare lova å følgje Praha, og av frykt for at nye kampar skulle blusse opp, signerte både Praha, Tábor og

<sup>425</sup> Holý. I Macek (1958) s. 125-126.

<sup>426</sup> Fudge (1998) s. 113.

<sup>427</sup> *An imperial plot revealed*. I Fudge (2002) s. 55.

<sup>428</sup> *Compromise and settlement*. I Fudge (2002) s. 370.

Oreb seint i 1433 fredsavtalen med katolikkane.<sup>429</sup>

Dette var ein avtale som dei moderate husittane og den katolske kyrkja kunne leva med. Men med Sigismund, som husittane hadde sverja å halda borte frå trona i Bøhmen,<sup>430</sup> klar til å ta tittelen som konge i Bøhmen, var det eit nederlag for dei meir radikale grupperingane. Det heile kulminerte i slaget ved Lipany våren 1434, der dei radikale husittane vart nedkjempa, ikkje av krossfararar, men av andre tsjekkarar, mange av dei moderate husittar.<sup>431</sup> «Bohemian outwitted Bohemian in the interests of Rome.»<sup>432</sup> I dette slaget som kravde tusenvis av husittiske liv,<sup>433</sup> fall også Prokop Holý som vart råka av ein pil.<sup>434</sup> Den 16. august 1436 vart avtalen mellom dei to sidene lesen opp i Jihlava, ein by mellom Tábor og Brno. Ålmenta fekk dermed høyra avtalevilkåra, og at det no var fred mellom Bøhmen og den katolske kyrkja.<sup>435</sup> Dette innebar også at Sigismund endeleg kunne stiga på trona i Bøhmen.<sup>436</sup> Etter meir enn to tiår var Bøhmen igjen ein del av den offisielle kyrkja, og innbyggjarane vart ikkje lenger sett som på kjettarar.

### Piccolominis Bøhmen

Ein av dei som best har framstilt Bøhmen og korleis dei reformatoriske tankane levde vidare hjå publikum etter krosstoga, var italienaren Aeneas Sylvius Piccolomini. Sommaren 1451 fekk byen Tábor to gongar besøk av han. Vel halvanna tiår etter at Bøhmen vende tilbake til den katolske «familien», synte Piccolominis skildring av byen at samfunnet framleis var gjennomsyra av kjetteriet ein så lenge hadde forsøkt å kvitta seg med.

Til trass for at han vart helsa velkommen med fisk, øl og vin, var Piccolomini ikkje nådig i sitt syn på byen som han omtala som fullstendig kjettersk. «In this place are all the monsters of impiety and blasphemy among Christians... In order to find out how many heretics are in this place, it is sufficient to count heads.»<sup>437</sup> Tábor var, sjølv om dei hadde inngått ein avtale med

---

<sup>429</sup> Fudge (2002) s. 368.

<sup>430</sup> *Proceedings of the diet of Čáslav*. I Fudge (2002) s. 119.

<sup>431</sup> *Annihilation of the Hussite field armies*. S. 374-375; *Report on the battle of Lipany*. s. 373-374. Begge tekstar i Fudge (2002).

<sup>432</sup> Herben (1926). s. 124.

<sup>433</sup> «There was no time for taking captives, only a time of killing. Some who were taken prisoners? by us were snatched from our hands by force and killed.» *Report on the battle of Lipany*. I Fudge (2002) s. 374.

<sup>434</sup> Sylvius. *The end of Prokop Holý*. I Fudge (2002) s. 376. Både Jan Roháč og Peter Paine vart teken til fanga, men seinare lauslatt. Fudge (1998) s. 115.

<sup>435</sup> Fudge (2002) s. 368.

<sup>436</sup> Fudge (1998) s. 98-99.

<sup>437</sup> Piccolomini. *Survivors of the crusades*. I Fudge (2002) s. 399.



Sigismund der dei lova å vera trufaste mot kongen,<sup>438</sup> i praksis ikkje underordna den katolske kyrkja, og Piccolomini noterte med avsky korleis dei framleis delte ut nattverd sjølv til små born og galne,<sup>439</sup> og korleis gudstenestene vart haldne på same måten som under krosstoga.

Here they preach to the people and daily explain the Law. They have an unconsecrated altar, which they say need not be consecrated, from which they show the sacrament to the people. Their priests do not have a tonsure nor do they shave... They do not offer anything on the altar, they condemn tithing and first fruits.<sup>440</sup>

Táboritane heldt fram å praktisere skikkane dei radikale husittane hadde innført, og det var for Piccolomini tydeleg at husittismen levde vidare her.

Det mest interessante med Piccolominis skildring er likevel den store fridomen han fortel at publikum har. Sjølv om dei kan verta straffa for å ikkje høyre på forkynninga om Guds lov,<sup>441</sup> meiner han det var opp til den enkelte å gjere seg opp meiningar omkring lova. «At any rate not all of them agree on the same faith, some follow one, while others another. Everyone then follows their own will since there is no common will.»<sup>442</sup> Piccolomini framstiller ei offentlegheit der alle har høve til å delta og til å danne seg sine egne meiningar. På den måten var det i Tábor etter krosstoga publikum som styrte ålmenta.

Dette problemet, som Piccolomini ser det som, var derimot ikkje berre knytt til Tábor, men han meinte det øydela og gjennomsyrt heile Bøhmen. Han omtalte eit Tábor, og Bøhmen, som ikkje hadde kvitta seg med den husittiske læra. Det at italienaren omtala Tábor som sentrum for kjetteriet, og at dei også herifrå greidde å påverke heile Bøhmen, tyder på at også straumen av kommunikasjon mellom dei ulike områda vart halden ved like. Så alvorleg var tsjekkaranes praktisering av kjetteriet at Piccolomini meinte dei måtte straffast for det; «they deserve to be exterminated or confined in quarries away from the human race and made to dig and break stone».<sup>443</sup>

Det kan haldast mot Piccolominis framstilling at han var særst negativt innstilt til husittane, noko han gjorde klart i tidlegare tekstar om kjettarane i Bøhmen. Han vart seinare innsett

---

<sup>438</sup> *Pact made by the emperor with Tábor*. I Fudge (2002) s. 389.

<sup>439</sup> Piccolomini. *Survivors of the crusades*. I Fudge (2002) s. 401.

<sup>440</sup> Piccolomini. *Survivors of the crusades*. I Fudge (2002) s. 400-401.

<sup>441</sup> «If someone is negligent and remains at home or is otherwise preoccupied with business or pleasure, that individual is beaten and forced to og and listen to the 'word of God'.» Piccolomini. *Survivors of the crusades*. I Fudge (2002) s. 400.

<sup>442</sup> Piccolomini. *Survivors of the crusades*. I Fudge (2002) s. 401.

<sup>443</sup> Piccolomini. *Survivors of the crusades*. I Fudge (2002) s. 401.

som pave og tok namnet Pius II (pave 1458-1464). Noko av det første han gjorde som pave, var å oppheva fredsavtalen frå Basel. Keisarane var derimot kloke av skade frå dei tidlegare kampane mot husittane, og alle keisarar frå Sigismund til Maximilian II (død 1576) valde å stadfesta fredsavtalen med husittane.<sup>444</sup>

---

<sup>444</sup> Fudge (2002) s. 368.

## Konklusjon

Jürgen Habermas skildra i boka *Borgerlig offentlighet*, ålmenta i mellomalderen som fri for offentlege ordskifte. Hans framstilling av ei ålmente som publikum ikkje kunne tre inn i,<sup>445</sup> står i sterk kontrast til den ålmenta som husittane skapte på 1400-talet i Bøhmen. Husittane dannaei ålmente som i ettertid står som meir open for publikums deltaking og for kritiske ordskifte enn det kaffihusa på 1700-talet var. Medan det i kaffihusa gjekk føre seg eit ordskifte som var lukka for store delar av publikum, vart mange av ordskifta i 1400-talets Bøhmen, gjennom opplesing av brev på marknader, gjennom songar og talar, gjort tilgjengeleg for eit stort publikum. Publikum fekk jamvel kanalar der dei sjølve kunne delta i offentlege ordskifte.

Husittanes kamp for si overtyding var ein lang og blodig strid mot pavekyrkja som ikkje ville risikera at kjettarane frå Bøhmen splitta den katolske kyrkja. Pavekyrkja hadde akkurat avslutta eit skisma der det var to, og i nokre år tre, pavar, og dei ønskte å unngå ei ny splitting. Sjølv om husittkrigane vart utkjempa på slagmarka, var det i like stor grad ein kappestrid om å påverke den offentlege sfæren. Det var ein kamp om kva som skulle meinast i det offentlege, både i Bøhmen, og i resten av Europa.

Historikaren G. R. Evans hevda at det var få mellomalderforfattarar som greidde å skilja Guds ord frå kyrkja.<sup>446</sup> For at husittane skulle kunne stå imot den katolske kyrkja var det heilt nødvendig å utruste publikum med kunnskap om kvifor Bibelen ikkje var så tett knytta til kyrkja. Husittane forsøkte difor å påverke ålmenta ved å gje publikum større fridom til å uttrykkje seg, og ved å likestille prestane og publikum. Dei frigjorde folket frå kyrkjas skattar, og forsøkte samstundes å overtyda dei om at kyrkja utnytta dei. Deira kritikk av pavekyrkja og utviding av ålmenta gav dei stor popularitet i Bøhmen. Gjennom talar, brev som vart lesne på marknadsplassar og gjennom ulike typar propaganda skulle publikum få ta del i hendingar og få kjennskap til leiarane sine meiningar. Ved å la lekfolk få forkynne offentleg, og ved å la dei syngje songar, gav husittane ålmenta kanalar ho kunne bruke for å verte høyrd.

---

<sup>445</sup> Habermas (1991) s. 4.

<sup>446</sup> Evans (1992) s. 37.

Mykje av husittanes lære bygde på den britiske reformatoren John Wyclif, noko som fekk mange katolske forfattarar til å blanda dei to reformatoriske gruppene saman. Sjølv om ikkje all læra til husittane hadde oppstått i Bøhmen, fekk dei stå for eit paradigmeskifte i europeisk historie. Gjennom å gje publikum utdanning og ved å gje dei ei stemme i ålmenta, gjorde dei ålmenta sterkare. Dette førte også til at ålmenta kunne stå imot den katolske kyrkja sine forsøk på å overvinne husittane med makt. Både husittane og publikum tente på å halde ålmenta open, og denne symbiosen var nødvendig for at husittane skulle kunne stå imot krosstoga som vart sende mot dei. Bøhmen vart dermed ikkje berre eit land med ei sterk reformatorisk gruppe, men eit rike der den reformatoriske gruppa styrte landet. Resultatet av dette var auka fridom for publikum til å delta i det offentlege.

Dette var særleg tilfellet i Praha, der ålmenta haldt seg forholdsvis stabil gjennom krosstogsperioden. Byen Tábor i sør vart starta som eit samfunn som søkte å venda tilbake til slik dei første kristne hadde levd. Under krosstoga vart ålmenta i denne byen lukka for grupper som kunne sjåast som truande mot læra, og ein såg til tider forfølgjing av grupper som vart sett på som ein trugsel mot samfunnet i Tábor. Samtidig skulle dei som ikkje vart sett på som ein trugsel, framleis fritt få delta i ålmenta. Ein har med det ei ålmente som kan minna om den herredømfrie diskursen Habermas tillegg kaffihusa i England på 1700 talet; ei ålmente som var open for diskusjon, men som lukka seg for deler av publikum.

Mange byar i Bøhmen vart pressa av både táboritiske og katolske leiarar. Både keisar Sigismund og den radikale husittiske generalen Žižka brukte til tider trugslar og vald for å påverke sympatiane i desse byane. I desse byane ser vi at ålmenta vert meir lukka, i og med at det ikkje er publikum som fritt bestemmer kva dei skal meine, men militære leiarar som pressar dei til å offentleg velje ei side i usemja.

I det store og heile var derimot ålmenta under husittane særst open for si tid. Det tydelegaste dømet på dette var Petr Chelčický. Han voks opp som son av ein bonde, og han skulle heile livet assosiere seg med bøndene. Trass sin bakgrunn var han gjennom heile krosstogsperioden ein skarp kritikar mot dei ulike husittiske gruppene og mot den katolske kyrkja, og viste med det korleis lekmenn både kunne halde seg godt oppdaterte og delta i offentlege ordskifte. Det at kritikken hans ikkje vart stansa, viser at husittane ikkje ønskte å

unngå motargument. Tvert om lytta mange av dei han kritiserte, til han, og diskuterte sentrale spørsmål med han. Dette viser korleis det i store deler av Bøhmen var ei ålmente der det var stor takhøgde for kva problemstillingar som kunne takast opp, og der ordskifta vart førte relativt fritt.

Ålmenta vart også utvida ved at kvinner deltok aktivt. Medan den katolske idealkvinna tagde når det kom til teologiske spørsmål, skulle den husittiske både forkynne og ta del i utdelinga av nattverden. Dei fekk også god opplæring i Skrifta og vart jamvel haldne fram som meir kunnige i skriftene enn kardinalane i Roma. Dette er nok eit døme på korleis den husittiske ålmenta var radikalt utvida i forhold til ålmenta elles i Europa.

Ulikskapane mellom den katolske kyrkja og husittane kom godt fram gjennom propagandaen mellom dei. Den katolske kyrkjas argument kan delast i tre: for det første skulle propagandaen stadfeste kyrkjas plass som Guds representant på jorda. For det andre slo han fast at husittane var kjettarar og stod i samband med djevelen. Som eit tredje punkt vart det lova at dei som vende seg mot husittane, skulle få syndene sine tilgjevne. Ut over dette var det få argument i propagandaen. Sidan kyrkja representerte Gud kjende ho sanninga og kunne formidla den til ålmenta. Kyrkja var difor ikkje interessert i å gå inn i noko ordskifte, verken med publikum eller med husittane. Husittane kunne bruke dette mot kyrkja, og la difor større vekt på argumentasjonen i sin propaganda. Dei argumenterte mot dei tre påstandane til pavekyrkja, og brukte i større grad bibelske argument i si grunngjeving. Når så propaganda frå den eine sida vart møtt med propaganda frå den andre, vart dette ei form for offentlig ordskifte som publikum kunne vera vitne til, og ta stilling til. Det var eit ordskifte som førte til at husittane vann større støtte for si sak. Dette ser ein også utanfor Bøhmen, der propagandaen som husittane sende, skaffa rørsle tilhengjarar.

Husittane forandra ikkje Europa på same måten som protestantane gjorde 100 år seinare. Men dei forandra Bøhmen. Etter å ha kome til semje med kyrkja etter forhandlingar i Basel og i Praha, skulle dei igjen vera under den katolske kyrkjas vengjer. Bøhmen vart derimot ikkje som før Jan Hus byrja sitt kjetteri. Den mest openberre forskjellen var at publikum framleis fekk ta del i nattverdsvinen. Dette hadde husittane starta med i 1414, og var eit av elementa ved husittismen som skilde dei frå tidlegare reformrørsler.

Når ein ser på Piccolominis skildring av Tábor på 1450-talet, slår det ein kor likt mykje var slik det var under krosstogsperioden, og korleis ålmenta vert skildra som særst open. Det kan sjølvstøtt haldast mot den seinare paven at han hadde sine baktankar ved å framstilla det slik. Han kjempa for at pavekyrkja ein gong for alle skulle utsletta kjetteriet i Bøhmen, og gjennom måten han skildra desse områda, vona han å få støtte for det. Det som talar for at skildringa hans stemmer, er andre hendingar frå denne tida. Det vart mellom anna vald ein konge, Jiří av Poděbrady, med sterke husittiske tendensar, og paven såg seg på 1460-talet igjen nøydd til å både leggje ned forbod mot songar som var kritiske til pavekyrkja,<sup>447</sup> og å sende representantar frå pavekyrkja til å slå ned kjetteriet i Bøhmen.<sup>448</sup> Dette viser at ålmenta vart verande open gjennom 1400-talet, og at den ikkje var vend mot pavekyrkja.<sup>449</sup> Så seint som i 1618 skulle katolikken Vilém Slatava<sup>450</sup> i 1618 omtala medlemmene av ei kyrkje i Praha som delte ut begge elementa i nattverden, på same måten som Piccolomini hadde gjort nesten 200 år tidlegare: «Each man thought and believed whatever suited him best.»<sup>451</sup> Denne skildringa viser korleis husittane greidde å skapa varige endringar i Bøhmen.

Når ein studerer reformatoriske rørsler frå tida før Martin Luther, er det naturleg å sjå etter korleis den eine rørsla la grunnlaget for den andre. Det er vanskeleg å finna prov på at protestantismen hadde bakgrunn i husittismen. Historikaren Joachim Whaley hevda i boka *Germany and the Holy Roman Empire*, at husittismen i det store og det heile var eit tsjekkisk fenomen. «In general, there was less heresy in the German lands on the eve of the Reformation than at virtually any other time previously.»<sup>452</sup> Husittane hadde vore aktive i fleire av dei delane av Tyskland der reformasjonen oppstod, men inkvisisjonen hadde fått bukt med dei på midten av 1450-talet. Til trass for dette ser ein store likskapar mellom lære og praksis hjå Hus og Luther og deira etterfølgjarar. Dei la begge vekt på å tala på eit språk som publikum forstod, og dei kjempa for ei ålmente som var meir open for borgarar og

---

<sup>447</sup> Fudge (1998) s. 213.

<sup>448</sup> Neralić. I Jaritz; Jørgensen; Salonen (2004) s. 78.

<sup>449</sup> Dette viser også tal presentert av Piroška Nagy og Kirsi Salonen, som viser at Bøhmen i åra 1458-1484, hadde langt færre henvendingar til den pavelege kurien enn deira naboland. Nagy og Salonen. I Jaritz; Jørgensen; Salonen (2004) s. 111.

<sup>450</sup> Slatava var ein av dei to som vart kasta ut av vindauget under Prahas andre defenestrering forut for 30-års krigen. Louthan (2009) s. 6.

<sup>451</sup> Louthan (2009) s. 6.

<sup>452</sup> Whaley (2013) s. 98.

bønder enn ålmenta i katolske land var. Også i synet på nattverden skulle dei to gruppene sameinast, noko som fekk kunstnarar til å lage bilete med dei to reformatorane som saman delte ut nattverden.<sup>453</sup> Historikaren Andrew Pettegree heldt fram korleis husittanes bruk av song var eit førebilete for protestantane. Luther sjølv såg desse likskapane og heldt Hus fram nærast som ein helgen.<sup>454</sup> Dette viser korleis den protestantiske rørsla på 1500-talet fann inspirasjon hjå husittane. Deira sigrar over den katolske kyrkja hadde også vist at ei reformatorisk gruppe kunne vinne fram mot pavekyrkja ved hjelp av ålmenta.

I Bøhmen rydda husittane veg for at både lutheranismen og kalvinismen på 1500-talet raskt fekk fotfeste, og ved byrjinga av 1600-talet var Bøhmen eit samansett samfunn som romma både dei ovanfor nemnde reformatoriske gruppene, samt katolikkar og ei gruppe som baserte seg på husittisk lære.<sup>455</sup> Også dei Bøhmiske brørne, som vart starta etter inspirasjon frå Petr Chelčickýs passifistiske lære, førte i fleire hundre år ein del av dei husittiske tankane vidare. Fridomane som husittane hadde etablert på 1400-talet gjorde at det bøhmiske samfunnet var særst variert 200 år seinare. Slaget ved Bílé hořa (på norsk kjend som slaget ved Kvitefjell) i 1620, skulle derimot føre til siger for katolikkane. I 1621 vart nattverd med begge elementa, og andre trusretningar enn den katolske forbode.<sup>456</sup>

Husittanes kamp for ei ålmente som var open for publikum var eineståande i si tid. Deira offentlege praksis står i skarp kontrast til mange seinare hendingar. Den husittiske artikkelen som hevda at alle skulle kunne forkynne, var eit prinsipp det vart kjempa for i mange andre europeiske land, hundrevis av år seinare. Mellom anna slo konventikkelplakaten fast at det i Danmark-Noreg berre skulle vera prestar som hadde lov å forkynne Guds ord. Denne lova sytte for at lekmannspredikantar som Hans Nielsen Hauge vart arrestert,<sup>457</sup> og vart først oppheva i 1842.<sup>458</sup>

600 år etter at Jan Hus vart brend på bål i Konstanz, står husittanes lære som eit skilje i europeisk historie. Ikkje berre utfordra dei den katolske kyrkja og vann, men deira kamp for

---

<sup>453</sup> Macek (1958) s. 141.

<sup>454</sup> Fudge (1998) s. 131.

<sup>455</sup> Louthan (2009) s. 6.

<sup>456</sup> Louthan (2009) s. 6-7; Whaley (2013) s. 574-575.

<sup>457</sup> Veland (2006) s. 47.

<sup>458</sup> Veland (2006) s. 50-51.

ei meir open ålmente er framleis aktuell. Personar som mellom anna Edward Snowden og Julian Assange, har gjort at problemstillinga kring kva rolle pulikum skal spela i ålmenta, er like aktuell i dag som hjå husittane. Også husittanes syn på utdanning, deira oppmoding til å vera kritisk til autoritetar og deira kvinnesyn står i kontrast til mange straumdrag i verda i dag, der radikale religiøse grupper som IS og Boko Haram kjempar for å lukke ålmenta og stengja store grupper ute frå utdanning og meiningsfridom. Dette gjer at delar av budskapet frå husittane framleis er aktuell den dag i dag.



## ***Abstract***

The Hussite movement occurred in a volatile period. After ending the papal schism in the Catholic Church, the Conciliar Movement searched for ways to again unify all of Christendom under the Church Council. They started by burning the heretic priest Jan Hus in 1415. In the years prior to this Hus had preached against a Church characterized by greed and worldly power. From the chapel Bethlehem in Prague he encouraged his followers to discern between what the authorities told them and what they could read for themselves in the Bible.

After Hus' death, his followers would revolt against the Church. Within a few years they had founded several Hussite centres. The two most important were to be found in Prague and Tábor. Prague was a divided city with both moderate and radical Hussites, and a group of Catholics. The Hussites in Prague tried to find diplomatic solutions with the Catholic Church. Tábor on the other hand were radical, and wanted to create a society based on the model of the first Christians. It would be a place where everyone owned everything together.

At the heart of the conflict where the opposing views on what should go on in public. The Church saw itself as representing God. Its duty was to tell the public what to mean and do. The duty of the public was to receive and obey. The Hussite movement said that Christ, not the pope was the head of the Church, and that everybody who read could find truth for themselves in the Bible. This view would change the public into a realm for debate and validating of arguments. These views were irreconcilable, and the Catholic crusades against the Hussite were inevitable

In 1420, the Catholic Church sent the first of five crusades against the heretics in Bohemia. In order to stand united against this mighty foe, the different Hussite groups tried to find common ground. The answer to this was the four articles:

1. Everyone should have the right to preach the word of God
2. All Christians should be entitled to receive both the bread and the wine of the communion
3. Priests should not be allowed to hold secular office
4. Everyone should be punished equally for their sins

The four articles broadened the public sphere in Bohemia, and the Hussites would strengthen the people's right to participate in public throughout the crusade period (1420-1433). They would allow women to preach and allowed criticism to surface. The best example is Petr Chelčický. Despite his simple upbringing and vocation as a farmer, he would ,with no formal education, establish himself as a respected and wise critic. He criticised both Catholics and Hussites, as well as established Church doctrines. This made him the clearest example of how the Hussite public sphere could function.

Even though the Hussites won the military battles against the Papal church, they ended up with only keeping the chalice of the communion after reuniting with the papal Church in 1433. Still, Hussite thought would survive, and be present in Bohemia until the Catholic church drove out everyone that was not Catholic in the 1620's.

## Kjelder

- 'The very fine chronicle of Jan Žižka'. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 183-191). Aldershot : Ashgate Publishing Company.
- A call for renewed crusade. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 266-267). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- A Jexish perspective on the heretics. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against the Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 246-248). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- A plan to review the fourth crusade. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 243-244). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- A ruling on the use of force to defend the faith. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 33-36). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Account of the fifth crusade fought at Domažlice. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 314-317). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Act of union 'Laetentur caeli' with the Greek church, 6 July 1439 (1st session in Florence). (1977). I C. M. Crowder, *Unity, Heresy and Reform, 1378-1460* (ss. 167-172). London: Edward Arnold.
- Admission of crusader defeat and disaster. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 319-320). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- An emperor pledges allegiance to the Pope. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against the Heretics in Bohemia, 1418-1437* (s. 17). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- An imperial plot revealed. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 55-56). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- An Orphan expedition in Great Poland and Prussia. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 359-360). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- An uninformed report of the battle. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (s. 319). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Annihilation of the Hussite field armies. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 374-375). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Apocalyptic climate in Bohemia. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 32-33). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Atrocities of the crusaders. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia* (s. 128). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Battle at Sudoměř. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 37-39). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Battle at Ústí-nad-Labem. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 198-200). Aldershot: Ashgate Publishing Company.

- Battle of Hořice. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 165-167). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Battle of Malešov. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 179-180). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Beaufort, H. (2002). A papal legate writes to the city of Lübeck. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 141-142). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Beaufort, H. (2002). A papal nuncio appeals to the 'lost sheep' of Bohemia. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 225-227). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Beaufort, H. (2002). Beaufort petitions England for crusade aid. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 251-253). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Bitschin, C. (2002). Commentary on the Hussite march to the Baltic Sea. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 361-368). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Bohemian diet issues demands to the Emperor. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437*. (ss. 26-29). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Bohemian nobility side with the heretics. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 60-63). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Brandenburg, F. a. (2002). Friedrich of Brandenburg's report to Sigismund. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 238-241). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Brandmüller, W. (2002). Bohemia under economic blockade. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 171-173). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). A Hussite comment on the crusades. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (s. 14). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). A Moravian Tábor. I T. A. Fudge, *The Crusade against the Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 102-103). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Battle of Kutná Hora. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 137-141). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Carnage and conquest at Chomútov. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 104-105). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Conquest of towns by the crusaders. I T. A. Fudge, *The Crusade against the Heretics in Bohemia, 1418-1437* (s. 63). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Crusade armies thwarted again at Žatec. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 129-132). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Crusade forces march through Moravia. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 134-137). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Crusaders and Heretics in the Battle of Vitkov. I T. A. Fudge, *The Crusades against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 74-80). Aldershot: Ashgate Publishing Company.

- Březová, V. a. (2002). Crusaders stopped at Poříčí. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 39-40). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Hussite capture of Hradec Králové. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 64-65). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Hussite resolve at the end of the first crusade. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 83-84). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Hussite song of victory at Domažlice. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 320-321). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Hussites strike again. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 96-98). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Persecution at Prachatice. I T. A. Fudge, *The crusade against Heretics in Bohemia, 1418.1437* (ss. 94-96). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Preachers excoriate the Emperor in sermons. I T. A. Fudge, *The Crusades against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (s. 56). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Pre-crusade suppression of Hussite heretics. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 40-41). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Siege of Vyšehrad castle and fortress. I T. A. Fudge, *The Crusades against the Heretics in Bohemia, 1417-1438* (ss. 88-93). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). Vanguard of another crusade threat. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 121-122). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Březová, V. a. (2002). War on Vladař mountain. I T. A. Fudge, *The Crusade against the Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 133-134). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Burgund, P. a. (2002). Burgundian crusade preparations. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 282-284). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Calvin. (2014). Om billedforbudet i den reformerete kirke (Anden Mosebog 20,4-6; Femte Mosebog 5,8-10). I M. Nielsen, *Til Guds ære. Calvins liv og virke* (ss. 118-119). København: Forlaget Anis.
- Čapek, J. (2002). Battle song of the Hussites. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 66-68). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Čapek, J. (2002). Song of triumph after the first crusade. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 80-81). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Čapek, J. (2002). The children's song of victory. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 81-82). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Castiglione, B. d. (2002). Cardinal Branda orders enforcement of heresy law. I T. A. Fudge, *The Crusade against the Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 175-177). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Cesarini, G. (2002). Cesarini's plan for a new crusade. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 296-300). Aldershot: Ashgate Publishing Company.

- Cesarini, G. (2002). Crusader frustration and foreboding. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 303-304). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Cesarini, G. (2002). Persistent anxiety over undefeated heretics. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 346-347). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Charlier, G. (2002). Gilles Charlier's undelivered reply to Prokop. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 352-356). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Cheb Judge. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 344-346). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Chelčický, P. (2002). An heretical denunciation of war. I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 85-87). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Chelčický, P. (2002). Hussites denounce Hussites. I T. A. Fudge, *The Crusades against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 379-384). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Chelčický, P. (2006). Net of Faith. Part 1. I E. C. Molnár, *A study of Peter Chelčický's life and a translation from Czech of Part one of his Net of Faith* (ss. 45-146). Oberlin: www.nonresistance.org.
- Clémanges, N. d. (1977). The multitude of the Cardinals' benefices, and their incompatibility. I C. M. Crowder, *Unity, Heresy and Reform, 1378-1460. The Conciliar Response to the Great Schism*. (ss. 46-47). London: Edward Arnold.
- Clémanges, N. d. (1977). The prosperity of the Roman Court. I C. M. Crowder, *Unity, Heresy and Reform, 1378-1460. The Conciliar Response to the Great Schism*. (ss. 45-46). London: Edward Arnold.
- Code for crusaders. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (s. 128). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
- Compromise and settlement. (2002). I T. A. Fudge, *The Crusade against Heretics in Bohemia, 1418-1437* (ss. 368-372). Aldershot: Ashgate Publishing Company.
